

**BOKN OG TYSVÆR -  
SINGLE ELLER  
SAMAN?**

**Konsekvensutgreiing av ei  
eventuell kommunesamanslåing**

*Av*

*Torjus Bolkesjø og Kjetil Lie  
med bidrag frå Knut Arne Askeland*

*Rapport nr 230*

*2006*

***TELEMARKSFORSKING-BØ***

© Telemarksforsking-Bø 2006  
Rapport nr. 230  
ISBN 82-7401-252-6  
ISSN 1501-9918  
Pris: kr. 280

Telemarksforsking-Bø  
Postboks 4  
3833 Bø i Telemark  
Tlf: 35 06 15 00  
Fax: 35 06 15 01  
[www.telemarksforsking.no](http://www.telemarksforsking.no)

## FØREORD

I slutten av november 2005 blei Telemarksforsking-Bø engasjert for å gjennomføre ei konsekvensutgreiing av ei eventuell kommunesamanslåing mellom Bokn og Tysvær. Rapport frå utgreiinga ligg med dette føre. I tillegg til denne hovudrapporten ligg føre ein kortrapport og ei oppsummering på foilar.

Styringsgruppa har vore slik samansett av fire personar frå kvar av kommunane:

Svein Ove Alvestad, ordførar i Bokn kommune (leiar)  
Reidar Pedersen, ordførar i Tysvær kommune (nestleiar)  
Kyrre Lindanger, kommunestyremedlem Bokn kommune  
Randi Rettedal, kommunestyremedlem Tysvær kommune  
Lindy Haram, hovudtillitsvalt Bokn kommune  
Frode Løland, hovudtillitsvalt Tysvær kommune  
Jan Erik Nygaard, rådmann Bokn kommune (sekretær)  
Arne Jensen, rådmann Tysvær kommune

Vi hadde eit innleiande møte med representantar frå styringsgruppa, i same møte som det blei klårt at Telemarksforsking-Bø hadde blitt valt som utgreiar. I siste halvdel av januar blei styringsgruppa presentert for og gav tilbakemeldingar på førebelse avsnitt og samandrag frå det innhaldet som no er samla i den endelege utgreiinga. På eit møte 22. februar blei eit sluttutkast til rapport presentert og drøfta i styringsgruppa.

I rapporten har vi lagt vekt på å gje skjematisk oversyn over fordelar og ulemper ved ei eventuell kommunesamanslåing. I tråd med kva som fylgde av konkurransegrunnlaget for innhenting av tilbod på utgreiinga, er det ikkje gjeve nokon tilråding eller bestemt konklusjon om status quo, auka samarbeid eller samanslåing. Bidrag til delar av utgreiinga har kommunane sjølve stått bak. Birger Lindanger og Svein Ivar Langhelle har skrive om identitet og identitetsutvikling i Bokn og Tysvær.

Vi ynskjer å takke styringsgruppa for eit konstruktivt samarbeid med gode innspel og kommentarar. Takk også til Knut Arne Askeland i Tysvær kommune for hans koordinering og arbeid med leveransar til utgreiinga.

Bø i Telemark, ultimo februar 2006

Kjetil Lie  
prosjektleiar



# INNHALD

<b>1</b>	<b>INNLEIING</b>	<b>17</b>
1.1	Bakgrunn	17
1.2	Mål og problemstillingar	17
1.3	Analyseopplegg og datagrunnlag	20
1.4	Organisering av arbeidet og arbeidsprosessen	20
1.5	Innhaldet i rapporten	21
<b>2</b>	<b>OM KOMMUNANE</b>	<b>22</b>
2.1	Om dei to kommunane	22
2.2	Senter og tettstadsstrukturen. Avstandar og tenestetilbod	24
2.3	Kommunikasjonar og annan infrastruktur	27
2.4	Samarbeid mellom Bokn og Tysvær og anna interkommunalt samarbeid	28
2.5	Levekår	30
<b>3</b>	<b>BEFOLKNINGSUTVIKLING, -STRUKTUR OG FLYTTING</b>	<b>33</b>
3.1	Samanfattande vurderingar og moment for og i mot samanslåing	33
3.2	Utviklinga i innbyggartalet frå 1974 til 2005	35
3.3	Flytteaktivitet og flyttemønster	39
3.4	Folkemengda fordelt på alder	41
3.5	Framskriving av folkemengda fordelt på alder	43
<b>4</b>	<b>NÆRINGSLEVING, NÆRINGSUTVIKLING OG PENDLING</b>	<b>46</b>
4.1	Samanfattande vurderingar og moment for og i mot samanslåing	46

4.2	Arbeidsplassar fordelt på næring	49
4.3	Pendlingsomfang og pendlingsstraumar	52
4.4	Handelsnæringa og handlemønsteret i regionen	54
4.5	Arbeidsplassar i offentleg sektor	55
4.6	Om konkurranseutsett næringsliv i kommunane	56
4.7	Næringsutviklinga i kommunane og i regionen samanlikna med andre kommunar	59
4.8	Arbeidsløyse	61
4.9	Respondentane si vurdering av næringsutvikling og næringsutviklingsarbeid	62
<b>5</b>	<b>KONSEKVEN SAR FOR KOMMUNAL ØKONOMI</b>	<b>64</b>
5.1	Samanfattande vurderingar og moment for og i mot samanslåing	64
5.2	Konsekvensar for dei frie inntektene	66
5.3	Administrasjonsutgifter og potensialet for reduksjon i desse	70
5.4	Kommunesamanslåing og statleg finansiering – nye retningslinjer	73
<b>6</b>	<b>TENESTETILBODET</b>	<b>76</b>
6.1	Samanfattande vurderingar og moment for og i mot samanslåing	76
6.2	Kommunale tenester i Bokn og Tysvær	78
6.2.1	Grunnskule	78
6.2.2	Barnehage	79
6.2.3	Omsorg	80
6.2.4	Rehabilitering	81
6.2.5	Tekniske tenester	82
6.2.6	Kultur	83
6.2.7	Barnevern	84
6.2.8	Administrasjon, styring og fellesutgifter	84

6.2.9 Lokal statsforvaltning	85
6.2.10 Skjematisk oversyn over talet på årsverk og samarbeid/kjøp av tenester	86
<b>6.3 Konsekvensar av samanslåing</b>	<b>87</b>
6.3.1 Økonomi	87
6.3.2 Tenestekvalitet	88
6.3.3 Tilgjenge	89
6.3.4 Kompetanse/rekruttering	89
6.3.5 Habilitet/rettstryggleik	90
<b>7 KOMMUNANE SI ROLLE SOM SAMFUNNSUTVIKLAR</b>	<b>91</b>
7.1 Samanfattande vurderingar og moment for og i mot samanslåing	91
7.2 Kommunal planlegging og planleggingskompetanse	92
7.2.1 Kommuneplanen for Bokn med hovudvekt på arealdelen	93
7.2.2 Kommuneplanen til Tysvær – arealreservar, m.m	96
7.3 Arbeid med næringsutvikling	98
7.4 Lokalsamfunnsutvikling på Bokn under ulike føresetnader	100
7.5 Avtala mellom Bokn og Tysvær	102
<b>8 LOKALDEMOKRATI, DELTAKING OG IDENTITET</b>	<b>104</b>
8.1 Samanfattande vurderingar og moment for og i mot samanslåing	104
8.2 Lokal identitet og tilhøyre	104
8.3 Demokrati og deltaking	106
8.4 Frå bygd til by – om identitet og identitetsutvikling i Bokn og Tysvær	108
<b>9 BRUK AV UTGREIINGA VIDARE</b>	<b>113</b>
9.1 Samanfattande vurderingar og utfordringar	113
9.2 Om inndelingslova §10	113
9.3 Aktuelle høyringsmåtar	114

<b>9.4</b>	<b>Kva blir tatt omsyn til ved ulike måtar å høyre på?</b>	<b>116</b>
<b>9.5</b>	<b>Aktuelle framgangsmåtar for innbyggjarhøyring og dialog</b>	<b>118</b>
<b>9.6</b>	<b>Synspunkt på prosessen i Bokn og Tysvær framover</b>	<b>120</b>
<b>10</b>	<b>DRØFTING AV FORDELAR OG ULEMPER VED SAMANSLÅING</b>	<b>123</b>
<b>10.1</b>	<b>Styringsgruppa si vurdering på ulike område</b>	<b>123</b>
<b>10.2</b>	<b>Noko å tenkje på??</b>	<b>125</b>
	<b>LITTERATUR</b>	<b>127</b>



## SAMANDRAG

Kommunestyra i Bokn og Tysvær vedtok våren 2005 å utgreie fordelar og ulemper ved ei eventuell kommunesamanslåing mellom dei to. Det viktigaste målet med konsekvensutgreiinga har vore å samanstillle data frå dei ulike kommunane og vurdere dette i forhold til kva perspektiv ei eventuell samanslåing av kommunane opnar for. Utgreiinga fokuserer på to alternative "framtidsbilete";

- 1) Bokn og Tysvær som framleis to sjølvstendige kommunar
- 2) Bokn og Tysvær som ein samanslått kommune.

Konsekvensutgreiinga har elles lagt til grunn ei inngått intensjonsavtale mellom Bokn og Tysvær om korleis tenestetilbodet skal vere på Bokn etter ei samanslåing. Ei konsekvensanalyse av ei kommunesamanslåing vil dels måtte byggje på fakta og dels på vurderingar. Det er ikkje alle spørsmål det kan gjevast absolutte svar på. Vurderingane må i tillegg til statistikk om kommunane måtte byggje på erfaringar frå forskingsprosjekt om kommunestrukturspørsmål og gjennomførte analyser av samanslåingar.

Ein eventuelt samanslått kommune vil få godt og vel 10 000 innbyggjarar, medan folketalet på Bokn vil utgjere under 8 % av folketalet i "Nye Tysvær" ut frå innbyggartala i dag. Held befolkningsutviklinga fram slik ho har gjort den siste tida, vil befolkninga på Bokn utgjere ein stadig mindre del av det totale folketalet i ein eventuell ny kommune. Veksten er i fyrste rekke konsentrert til dei nordvestre delane av Tysvær rundt tettstadene Førdesfjorden og Aksdal. SSB si nye framskriving av folketalet for kommunane (frå desember 2005) viser at folketalet i Tysvær vil auke med ca 2000 dei næraste 20 åra, medan folketalet i Bokn vil bli redusert med ca 100. Den største utfordringa for Bokn i åra framover vil vere å oppretthalde folketalet slik at det blir tilstrekkeleg med folk til å oppretthalde ulike typar tenestetilbod i kommunen. Mellom anna gjeld dette elevar i skulen.

I og med at det er så stor forskjell i storleiken på dei to kommunane, vil ein ny samanslått kommune bli sterkt prega av folketalutviklinga i Tysvær kommune. For lokalsamfunnet på Bokn er det likevel uansett viktig å oppretthalde folketalet for å fungere som eit levande lokalsamfunn. Dette både for at kommunen skal kunne yte naudsynnte tenester til folk og for at ein skal kunne oppretthalde eit levande lokalsamfunn med frivillige organisasjonar av ulike slag. Spørsmålet som melder seg er om investeringane som ifølgje intensjonsavtala skal gjennomførast på Bokn, kan gjere lokalsamfunnet på Bokn meir attraktivt enn det er i dag.

Bokn har ein sårbar næringsstruktur, og det kan verke som næringslivet i Bokn på ulike måtar slit for å oppretthalde aktiviteten. I Tysvær er situasjonen

motsett med vekst i talet på arbeidsplassar og god lønsemd samanlikna med andre kommunar. Sett i høve til spørsmålet om kommunesamanslåing, gjev utviklinga i næringslivet den siste tida grunn til bekymring i ein liten kommune som Bokn.

Søndre del av Tysvær med Kårstøanlegget og det store interkommunale næringsområdet for gassbasert og annan industri i Gismarvik, er truleg eit område med stort potensial for vidare utvikling. Dette saman med dei nye vegsambanda til Karmøy (T-sambandet) og lengre fram i tid Rogfast til Stavanger, vil truleg gjere dette området meir attraktivt både for næringsutvikling og busetting enn det er i dag. Dette sett i forhold til spørsmålet om kommunesamanslåing, gjer at det er argument både for og mot.

Vi har gjort berekningar, basert på nojeldande inntektssystem, som viser at ein eventuell samanslått kommune vil få 16 mill. kroner meir i rammetilskot over den fyrste 10-års perioden etter samanslåinga. Over dei påfølgjande fem åra, dvs. for perioden 2018-2022 dersom samanslåinga skjer 1.1.2008, vil rammetilskotet bli redusert med 2,4 mill. kr per år. Frå og med år 15 etter samanslåinga vil rammetilskotet liggje 10,4 mill. kr under nivået på rammetilskota til Bokn og Tysvær i dag.

Bokn kjem spesielt dårleg ut i framlegget til nytt inntektssystem i NOU 2005:18 (Borge-utvalet). Ifølgje dei berekningane som utvalet har presentert, er det langsiktige tapet for Bokn på ca. 3.200 kr per innb. Det tilsvarar i så fall eit inntektstap på rundt 2,5 mill. kr på årsbasis. Viss det skulle bli tilfelle, vil Bokn truleg få svært store økonomiske utfordringar med å vere eigen kommune.

Legg vi til grunn befolkningsframskrivingar for Bokn og Tysvær under eitt (= Nye Tysvær), viser berekningar at det vil vere ein underliggande vekst eller endring i folketal og alderssamansetting frå 2015 til 2025 som tilsvarar ein effekt på +2,8 mill. kr på årsbasis. Saman med potensialet for reduksjon i administrasjonsutgiftene, er dette i alle fall delvis med på å motvirke inntektsbortfallet på 12 mill. kr etter perioden med inndelingstilskot.

Potensialet for reduksjon i administrasjonsutgifter er berekna til 2-3 mill. kr på årsbasis. Berekningane har basert seg på KOSTRA-statistikk, men anslaget harmoner godt med det som er utleia på ein annan måte i kapittel 6 om tenestetilbodet.

Det er naturleg nok eit sentralt spørsmål om ei kommunesamanslåing vil føre til eit dårlegare tenestetilbod for dei som bur på Bokn. Ut frå intensjonsavtala mellom Bokn og Tysvær heiter det at *”Det skal oppretthaldast eit godt og liketilgjengeleg tilbod av kommunale tenester for innbyggjarane i Bokn som det har vore før samanslåinga.”* I avtala lister ein opp dei tenester Bokn skal ha. Ut frå dette er det grunn til å tru at Bokn vil få eit godt tilbod i åra framover. På lengre sikt vil truleg tilbodet vere avhengig av korleis folketalet på Bokn utvik-

lar seg. Til dømes vil skuletilbodet vere avhengig av elevgrunnlaget på dei ulike årstrinna.

For dei fleste tenesteområda er det ikkje grunn til å forvente vesentlege økonomiske konsekvensar av ei samanslåing. Tenestene skal framleis utøvast, og eventuelle innsparingar vil ligge i rasjonalisering og sentralisering av drifta. Den vedtekne avtalen som ligg som føresetnad for prosessen, inneber at dette i liten grad er aktuelt. Vi kan grovt anslå ei innsparing på ca 1,15 mill. kr til å drive det politiske apparatet. Anslaget tilsvarar utgiftene til det politiske apparatet i Bokn i dag. Innanfor sentraladministrative funksjonar vil ein ny kommune kunne spare inn kostnader tilsvarande ei rådmannsstilling, ei økonomisjefstilling samt ei stilling til, i alt ca 1,7 mill. kr. Den reelle innsparinga vil truleg bli noko lågare sidan ei kommunesamanslåing vil føre til auka driftskostnader på IKT-sida.

Det er ikkje vesentlege rekrutteringsvanskar innan noko tenesteområde korkje i Tysvær eller Bokn kommune i dag. Generelt kan ein likevel forvente at det er lettare å rekruttere kompetent personell jo større fagmiljø personellet skal vere ein del av. Slik sett kan ein forvente ein viss positiv konsekvens for Bokn med omsyn til rekruttering. Når det gjeld kompetanse er mykje av den potensielle gevinsten allereie henta ut gjennom interkommunalt samarbeid rundt kompetansespørsmål.

Kommunane si rolle som samfunnsutviklarar er knytt til kva rolle dei kan spele i forhold til folketalsutvikling og næringsutvikling. Verkemidla på dette området er arealplanlegging, næringsarbeid og politisk innverknad overfor politiske organ på overordna nivå. Det vi kan slå fast, er at utfordringane blir stadig meir krevjande enten dette dreier seg om planlegging eller proaktivt næringsarbeid. Dette krev igjen god kapasitet og kompetanse.

Inndelingslova tilseier at det er kommunestyret som skal ta den endelege avgjersla om kommunesamanslåing eller ikkje. Det er likevel slik at i dei aller fleste sakene om samanslåing av kommunar bind politikarane seg til å følgje folkemeininga. Ulempene ved dette er at politikarane på den måten kan fråskrive seg ansvar både for informasjon, dialog og det å få innsikt i folkemeininga. Uavhengig av folkerøysting eller ikkje er det i alle fall viktig at politikarane gjev til kjenne sitt syn på kommunesamanslåinga. Dette er ein viktig føresetnad for å få ein god og open dialog.

Informasjon overfor og dialog med folket er viktig i så vanskelege spørsmål. Dette skal gje politikarane innsikt i kva folk meiner, og kvifor dei meiner det dei gjer. Informasjonen må vere balansert, open og ærleg slik at folk får best mogleg kunnskap til å ta eigne avgjersler. Det er og viktig at det ikkje blir reist tvil om den argumentasjonen som blir ført, og at verknadene blir mest mogleg klårgjort.

Kommunesamanslåing er eit spørsmål om framtida til dei kommunane som vurderer det. Viss det blir samanslåing, har dette konsekvensar for folk og lokalsamfunn. På den andre sida har det og konsekvensar viss kommunane ikkje slår seg saman. Uavhengig av kva som blir resultatet av ei folkerøysting på Bokn og i Tysvær vil dette legge band på kommunestrukturen i mange år framover. Følgjeleg er det viktig å sjå framover, og det er fleire spørsmål som melder seg i samband med dette:

- Er Tysvær og Bokn eit godt partnerskap?
- Korleis vil inntektssystemet for kommunane bli i framtida. Kan ein risikere at små kommunar vil kome under auka økonomisk press? (jfr Borge-utvalet)
- Kva med oppgåvefordelinga, dei nye regionane og kommunanes rolle?
- Vil det vere greitt å vere liten kommune i framtida, og er det rett tidspunkt å slå kommunane saman på?

For Bokn kommune bør Tysvær vere ein god kommune å slå seg saman med. Tysvær har god økonomi, ein har fått i stand ei intensjonsavtale som sikrar tenestetilbodet på Bokn og kommunen har eit desentralisert tenestetilbod. Alternativet med ein storkommune på Haugalandet vil truleg føre til at Bokn lettare ville bli gløymt enn det lokalsamfunnet Bokn blir i ein ny Tysvær kommune.

For kvart tema som er tatt opp i konsekvensutgreiinga, har vi innleiingsvis i kapitla gjeve ei samanfattande vurdering og lista opp argument for og i mot ei eventuell samanslåing av Bokn og Tysvær. I dette samandraget har vi freista å oppsummere det vi oppfattar som argument for og i mot kommunesamanslåing. Argumentlista er naturleg nok ikkje uttømmende, men gjev ei god oppsummering av det som i utgreiinga blir trekt fram som fordelar og ulemper ved ei eventuell kommunesamanslåing. Vi har gruppert verknadene i fire hovudområde:

- Økonomi
- Tenesteproduksjon
- Demokrati og deltaking
- Nærings- og lokalsamfunnsutvikling

<b>ARGUMENT FOR Å SLÅ SAMAN BOKN OG TYSVÆR</b>
<b>Økonomi</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rundt 16 mill. kr i auka rammetilskot over ein 10-års periode etter saman-slåinga</li> <li>• Potensiale for 2,5-3 mill. kr i reduserte administrasjonsutgifter på årsbasis, der ei slik effektivisering frigjer ressursar/økonomi til tenesteproduksjon</li> <li>• Gitt at befolkningsframskrivingane for Bokn og Tysvær under eitt (= Nye Tysvær) slår til, vil det kunne gje ein isolert auke i rammetilskotet på opptil 3 mill. kroner på årsbasis. Det vil truleg inntre alt godt før inndelingstilskotet vert trappa ned og etterkvart fell bort.</li> <li>• Bokn vil framstå vesentleg mindre økonomisk sårbare innanfor ei større ”kommune-eining” ved m.a. i større grad vere sikra mot eventuelle ”eks-terne sjokk” t.d. viss framlegget til nytt inntektssystem blir vedteke</li> <li>• Gitt at befolkningsframskrivingane frå SSB slår til, er det grunn til å tru at skatteinntektene til Bokn vil bli redusert ein del</li> </ul>
<b>Tenesteproduksjon</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Einskilde deler av tenestetilbodet vil få betre kompetanse. Dette gjeld truleg i fyrste rekkje smale og vanskelege saksområde</li> <li>• Ca. 2,5-3 mill. kr (grovt anslag) i reduserte utgifter til administrasjon.</li> <li>• Det blir større avstand mellom innbyggjarane og dei som handsamar saken. Dette vil redusere habilitetsproblemet.</li> <li>• Ein liten kommune som Bokn der alle kjenner alle, fører lett til inhabilitet på grunn av kjennskap og venskap i sakshandsaminga. Dette kan og føre til at ikkje alle blir handsama likt.</li> <li>• Sikring av rettigheitar for innbyggjarane innanfor barnevern, opplæring, helsetenester osv stiller mellom anna krav til kapasitet, kompetanse og avstand mellom klagar og sakshandsamar. Desse krava er lettare å ivareta i ei større kommune enn i ein liten kommune.</li> <li>• Ein vil redusere det demokratiske underskotet som stadig auka interkommunalt samarbeid fører til</li> </ul>
<b>Demokrati og deltaking</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunikasjonsmønsteret og infrastrukturen i regionen fører Tysvær og Bokn nærare kvarandre og aukar kjensla av felles identitet.</li> <li>• Ein større kommune vil få større reell makt i lokalpolitiske spørsmål</li> </ul>
<b>Nærings- og lokalsamfunnsutvikling</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Større kapasitet og kompetanse innanfor arealplanlegging</li> <li>• Større økonomiske ressursar til rådvelde</li> <li>• Større evne til å møte nye utfordringar, mellom anna å bli ein meir aktiv aktør overfor dei nye regionane som kjem i staden for fylkeskommunane.</li> </ul>

- Samordning av arealplanlegginga i søndre del av Tysvær og Bokn
- Bokn kan bli tilført nye kreative idear
- Jantelova vil i mindre grad legge hindringar i vegen for næringsutvikling på Bokn
- Avtala mellom Bokn og Tysvær sikrar boknarane ein god start i ein ny kommune
- Nye Tysvær vil få ein mykje meir robust næringsstruktur enn det Bokn har med høg arbeidsløyse og stor sårbarheit
- Kommunane inngår i ein felles bustad- og arbeidsmarknad. Dette tilseier sterk grad av felles interesser når det gjeld utviklingsstrategi
- Ein ny Tysvær kommune vil ha mykje større økonomiske ressursar til å møte utfordringar når gjeld tilrettelegging av areal og annan infrastruktur
- Kommunane har komplementære ressursar<sup>1</sup> for næringsutvikling som det er viktig å sjå i samanheng. Dette fører òg til behov for felles arealplanlegging med god kompetanse
- Større evne til å delta i partnerskap av ulike slag. Dette gjeld t.d avtaler med overordna myndigheitar, med næringsorganisasjonar og store bedrifter.

---

<sup>1</sup> Med det meiner vi at Bokn har ressursar som ikkje Tysvær har. Dette gjeld mellom anna god tilgang til sjønære område, fritidsområde og potensial for turismeutvikling.

<b>ARGUMENT MOT Å SLÅ SAMAN BOKN OG TYSVÆR</b>
<b>Økonomi</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bortfallet av inndelingstilskotet i samband med ei evt. samanslåing, vil gje eit inntekstap på rundt 10 mill. kr på årsbasis</li> <li>• Garantien eller føringa om at ingen skal seiast opp som fylgje av ei eventuell kommunesamanslåing, svekkar potensialet for reduserte utgifter og dermed moglegheitane for auka økonomisk handlefridom</li> <li>• Dagens politiske regime synes å vere innstilt på at kommunane skal ha gode økonomiske vilkår sjølv om dei er små (jf m.a. den kraftige auken i regionaltilskotet etter regjeringsskiftet).</li> </ul>
<b>Tenesteproduksjon</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilgjenge til einskilde tenester vil dårlegare for folk på Bokn</li> <li>• Det blir større avstand mellom kommuneleiinga og innbygarane</li> <li>• Sakshandsamarane vil kunne ha mindre lokalkunnskap</li> </ul>
<b>Demokrati og deltaking</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tysvær og Bokn har historisk sett nokså ulik identitet</li> <li>• Større avstand mellom innbygarane og politikarane</li> <li>• Svekkja tillit til politikarane og redusert demokratisk deltaking</li> </ul>
<b>Nærings- og lokalsamfunnsutvikling</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lokalsamfunnsmobiliseringa kan bli mindre</li> <li>• Bokn som lokalsamfunn vil bli mindre synleg</li> <li>• Bokn har ressursar for næringsutvikling som gjer dei "konkurransedyktige" framover (dette vil òg vere eit FOR-argument)</li> <li>• Bokn som stad kan bli mindre synleg</li> <li>• Nye vegsamband vil gjere Bokn meir attraktiv som lokaliseringsstad i framtida</li> </ul>





# 1 INNLEIING

## 1.1 Bakgrunn

Kommunestyra i Bokn og Tysvær vedtok våren 2005 å utgreie fordelar og ulemper ved ei eventuell kommunesamanslåing mellom dei to. Saka var oppe til handsaming i kommunestyret i Bokn 10. mai 2005 og i Tysvær 8. juni 2005. Begge kommunane gjorde likelydande vedtak som hadde følgjande ordlyd:

- 1. Kommunestyret er kjend med rapporten Kommunestrukturen i Rogaland – i går, i dag, i morgon? og tar rapporten til orientering.*
- 2. I samsvar med konklusjonen i rapporten er kommunestyret positiv til at det blir gjennomført samtalar mellom Tysvær og Bokn kommune, og at det blir utarbeidd ei konsekvensutgreiing for kommunesamanslutning mellom desse kommunane. Utgreiinga skal vurdere fordelar og ulemper ved ei eventuell samanslutning mellom Tysvær og Bokn. Fokus skal vere på Tysvær og Bokn kommunar, andre kommunar i regionen skal ikkje vektleggast i utgreiinga*
- 3. Kommunestyret vedtek at det etter utarbeiding av konsekvensutgreiing, skal avholdast ein rådgjevande folkeavrøysting. Tidspunkt for folkeavrøysting vedtas etter at konsekvensutgreiinga er ferdig utarbeidd*
- 4. Parallelt med konsekvensutgreiinga skal det forhandlast fram ein avtale kommunane imellom for organisering av tenestene i ein eventuell ny kommune, som begge kommunane kan bli tente med.*

I tillegg et det to punkt i vedtaket som gjeld styringsgruppa si organisering.

## 1.2 Mål og problemstillingar

I notatet som låg til grunn for innhenting av pristilbod heiter det (notat av 27.10.2005):

*”Det viktigaste målet med analysen er å samanstille data frå dei ulike kommunane og vurdere dette i forhold til kva perspektiv ei eventuell samanslåing av kommunane opnar for”.*

I same dokumentet heiter det at ein skal fokusere på to alternative konsekvensar:

- 1. Kommunane videreførast som to sjølvstendige einingar**
- 2. Ei full kommunesamanslåing**

I dokumentet heiter det vidare under mål for arbeidet:

*”Utgreiinga må vise kva moglegheiter ein har for å styrke generalistkommunen etter ei samanslåing. Her ligg ei vurdering av tenestetilbodet for befolkninga, effektivitet i administrasjonen, utnytting og oppbygging av kompetanse, over-*

*ordna planlegging og moglegheitene for å opptre som regionalpolitisk aktør og kommunane si rolle i å ivareta innbyggerane sin rettssikkerheit. Innbyggeranes rolle som lokalpolitiske aktørar må også belysast i eit samanslåingsperspektiv”.*

Konsekvensanalysen skal leggje til grunn ei intensjonsavtale mellom Bokn og Tysvær om korleis tenestetilbodet skal vere i Bokn etter ei samanslåing. I denne avtala heiter det mellom anna at kommunesenteret skal ligge i Aksdal, og at ingen skal seiast opp som følge av samanslåinga. Det kan likevel bli endring i arbeidsoppgåver for dei tilsette. Det heiter òg at det skal oppretthaldast eit godt og like tilgjengeleg tilbod for innbyggerane i Bokn som før samanslåinga – utan at det går fram korleis ein meir konkret skal organisere verksemda i ein eventuell ”nykommune” for å oppfylle dette.

Per 1.1.05 utgjorde innbyggartalet i Bokn bare vel 8 % av Tysværs. Bokn vil rett nok få behalde kommunevåpenet sitt i ein eventuell samanslått kommune. Men med namnet Tysvær kommune vil Bokn vere ute av Noregs kommunekart, Aksdal bli kommunesenteret og Bokn bli eit klårt ”minoritetsområde” i alle fall med tanke på innbyggartal i ”nykommunen”. Dette tilseier at ei kommunesamanslåing mellom Bokn og Tysvær fyrst og fremst vil ha verknad for dei som bur på Bokn. Det er fyrst og fremst på Bokn folk spør seg om kva som blir konsekvensane av ei samanslåing. I Tysvær, som vil få over 90 % av folkemengda i ein ny kommune, er ein naturleg nok ikkje like opptatt av spørsmålet om konsekvensane av ei samanslåing. Dette fører til at konsekvensanalysen naturleg nok fyrst og fremst har fokus på kva for verknader ei kommunesamanslåing vil ha for Bokn og dei som bur der. Sentrale spørsmål for boknarane er mellom anna:

- Kva for verknader vil ei samanslåing kunne ha for det kommunale tenestetilbodet på Bokn? Spørsmålet gjeld både kva slags tenester som blir vidareført på same måte som i dag, kvaliteten på tenestene og korleis desse skal organiserast.
- Kva vil verknadene bli for lokalsamfunnsutviklinga på Bokn? Vil ein samanslått kommune ha større ressursar å spele på for å utvikle lokalsamfunnet på Bokn enn det Bokn kommune har aleine, eller vil Bokn bli ein ”gløymt” utkant i ein samanslått kommune?
- Vil Bokn miste sin identitet ved ei samanslåing med Tysvær, og vil det bli vanskelegare for Bokn som lokalsamfunn å markere seg utanfor Bokn etter ei samanslåing?
- Er Tysvær ein god kommune å slå seg saman med? Dvs. om dette er ein unik sjanse for boknarane til å slå seg saman med ein kommune, mellom anna pga. at Tysvær er ein kommune med god økonomi og på grunn av intensjonsavtala som ligg i botn for samanslåinga.

Ei kommunesamanslåing er eit langsiktig tiltak, og eit sentralt spørsmål som melder seg for "lille Bokn" er om det er mogleg å fungere som eigen kommune i framtida med dei krav til tenester og administrativ kapasitet som trengs for å fungere som ein generalistkommune. Sentrale spørsmål som melder seg er òg korleis dei statlege rammene for kommunøkonomien vil bli i framtida, og kva for oppgåver kommunane får når fylkeskommunen blir lagt ned. Det politiske regimet vi har nå synes generelt å sikre betre økonomi for kommunane, jf m.a. ei påplussing av regionaltilskotet for Bokn kommune med over 1,5 mill. kr frå 2005 til 2006. Det er likevel ganske sterke krefter som meiner at dei kommunane som sjølve vel å vere små, må betale kostnadene ved dette. Til dømes i forslaget til nytt inntektssystem frå Borge-utvalet kjem Bokn svært dårleg ut, med eit berekna anslag for redusert rammetilskot på sikt på rundt 3.200 kr per innbyggjar. Når det gjeld oppgåvedelinga mellom forvaltningsnivåa i samband med regionreforma (nedlegging av fylkeskommunen) er denne førebels uavklart, men truleg vil det fyrst og fremst vere tale om å flytte oppgåver frå statleg styring til regionnivået.

Eit anna spørsmål som melder seg er kva dei nye vegsambanda, T-sambandet til Karmøy og lenger fram Rogfast, vil bety for utviklinga på Bokn. Vil dette kunne føre til ei oppblomstring på Bokn eller ikkje, og i så fall har dette noko å seie for spørsmålet om eigen kommune eller ikkje?

Kommunane sitt krav til innhaldet i konsekvensanalysen går fram av førespurnaden om pristilbod frå styringsgruppa i brev av 27.10.2005. Problemstillingane er knytt til følgjande område:

- Demografiske utviklingstrekk
- Geografiske forhold og regional integrasjon
- Kommunikasjonsutvikling og områdeorganisering
- Næringsstruktur, næringsutvikling og utvikling av lokalsamfunnet. Bokn og Tysvær som utviklingsaktør
- Utbyggingsmønster og arealbruk
- Kompetanse, personalressursar og spesialisering
- Økonomiske konsekvensar
- Det kommunale tenestetilbodet
- Organisering av lokal statsforvaltning
- Lokaldemokrati og identitet

Dei meir konkrete problemstillingane blir tatt opp under dei einskilde kapitla i rapporten.

### ***1.3 Analyseopplegg og datagrunnlag***

Ei konsekvensanalyse av ei kommunesamanslåing vil dels måtte byggje på fakta og dels på vurderingar. Det er ikkje alle spørsmål det kan gjevast absolutte svar på. Vurderingane må i tillegg til statistikk om kommunane måtte byggje på erfaringar frå forskingsprosjekt om kommunestrukturspørsmål og gjennomførte analyser av samanslåingar. For kvart tema som blir tatt opp vurderer vi fordelar og ulemper ved å slå saman Bokn og Tysvær.

Dei viktigaste datakjeldene vi har nytta i analysen, er:

- Statistisk sentralbyrå sine data for befolkning, næringsutvikling, økonomi, mv.
- Diverse informasjon om Bokn og Tysvær som kan hentast frå internett. Dette gjeld både info om kommunane, bedrifter og organisasjonar på Haugalandet, mv.
- Lokale aviser har òg vori ei informasjonskjelde. Dette gjeld særleg Bokn Bygdeblad.
- Samtaleintervju med alle dei åtte i styringsgruppa i tillegg til Haugaland Vekst ved seniorrådgiver Alf Olav Grinde og adm.dir. K. Tormod Karlsen.

### ***1.4 Organisering av arbeidet og arbeidsprosessen***

Arbeidsprosessen for utgreiinga kan kronologisk framstillast på følgjande måte:

- 25. november 2005: Møte mellom Telemarksforsking og ordførarane og rådmennene for presentasjon og drøfting av opplegg.
- 10.-12. januar 2006: Gjennomføring av intervju med styringsgruppa og Haugaland Vekst.
- 24. januar 2006: Møte med styringsgruppa. Presentasjon av førebels arbeid og tilbakemelding på dette.
- 22. februar 2006: Møte med styringsgruppa for å legge fram utkast til slutt-rapport, kortversjon og foil-presentation.

Kommunane har sjølve hatt ansvar for å gjennomføre ein del av utgreiinga. Kva for deler dette er, går fram av tabell 1. Om dette heiter det i notatet som låg til grunn for innhentinga av pristilbod:

*”Tysvær og Bokn ynskjer å gjennomføra delar av konsekvensutgreiinga i eigen regi og deler av utgreiinga ynskjes gjennomført av konsulentselskapet.” og ”I tillegg ynskjer ein at konsulentfirmaet skal sy saman alle deler av utgreiinga til ein samla rapport.”*

*Tabell 1 Område som blir tatt opp i utgreiinga og ansvar for dei ulike områda*

Område	Ansvar
Demografiske utviklingstrekk	Tf-Bø
Geografiske forhold og regional integrasjon	Tf-Bø
Kommunikasjonsutvikling og områdeorganisering	Kommunane
Næringsstruktur, næringsutvikling og utvikling av lokalsamfunnet. Bokn og Tysvær som utviklingsaktør	Tf-Bø
Utbyggingsmønster og arealbruk	Kommunane
Kompetanse, personalressursar og spesialisering	Kommunane
Økonomiske konsekvensar	Tf-Bø
Det kommunale tenestetilbodet	Kommunane
Organisering av lokal statsforvaltning	Kommunane
Lokaldemokrati og identitet	Kommunane

Kommunane sin del av utgreiinga har i hovudsak blitt gjennomført av Knut Arne Askeland i Tysvær kommune.

### **1.5 Innhaldet i rapporten**

I kapittel 2 gjev vi eit innleiande oversyn over kommunane; nøkkeltal, senterstruktur, infrastruktur og kommunikasjonar samt interkommunalt samarbeid. Utvikling av folketalet, flytting, aldersstruktur og framskriving av folketalet er vist i kapittel 3. I kapittel 4 viser vi korleis næringslivet i kommunane har utvikla seg. I same kapittel viser vi òg pendlingsomfang og pendlingsmønster. Konsekvensar for kommunal økonomi og tenestetilbod er sentrale område når ein drøftar kommunesamanslåing. Dette er tatt opp i kapittel 5 og 6. I kapitlet om kommunane si rolle som samfunnsutviklarar (kap. 7) ser vi på kommunal planlegging og kommunane si rolle i arbeidet med næringsutvikling og lokalsamfunnsutvikling. Konsekvensar for lokaldemokrati og deltaking blir drøfta i kapittel 8. Med bakgrunn i Inndelingslova drøftar vi i kapittel 9 ulike høyringsmetodar og aktuelle framgangsmåtar for den høyringsprosessen som skal gå føre seg etter at konsekvensanalysen er ferdig. Kap 10 er eit avsluttande drøftingskapittel.

Innleiingsvis i dei kapitla der det har vore naturleg, har vi tatt inn noko som er kalla ”Samanfattande vurderingar”. Her har vi oppsummert utviklingstrekk og/eller vurdert fordelar og ulemper ved ei samanslåing i høve til det som blir omhandla i kapitlet.

## 2 OM KOMMUNANE

I dette kapitlet gjev vi eit innleiande oversyn over dei to kommunane. Fyrst presenterer vi nøkkeldata for dei to kommunane. Derneft ser vi på senter- og tettstadsstrukturen, og gjev eit oversyn over kva for private og offentlege tenestetilbod vi finn i dei ulike sentra. Kommunikasjonar, vegsamband og annan infrastruktur er vist i kap. 2.3. I kap. 2.4 gjev vi eit kortfatta oversyn over kva for område Bokn og Tysvær samarbeider på og kva for andre interkommunale samarbeidsorgan dei er med i. Avslutningsvis i kapitlet viser vi korleis levekårssindeksen slår ut for Bokn og Tysvær.

### 2.1 Om dei to kommunane

I tabell 2 har vi vist nøkkeledata for dei to kommunane.

Tabell 2 Nøkkeldata for Bokn og Tysvær. Kjelde: SSB og KOSTRA-statistikk

	Bokn	Tysvær
Folketal pr. 01.10.2005	770	9 337
Areal i km <sup>2</sup>	47,0	419,0
Arbeidsplassar 4. kvartal 2004	284	2 973
Arbeidsløyse (Prosent registrert heilt arbeidsløyse ved utgangen av desember 2005)		
Menn	4,8	1,6
Kvinner	7,5	1,8
Uførepensjonistar i høve til folketalet i 2004 (%)	5,5	4,9
Barn 1-5 år med barnehageplass i 2004 (%)	71,7	78,0
Elevar pr. årsverk i grunnskulen i 2004	6,3	9,8
Prosent av befolkninga 16 år og eldre med høgare utdanning i 2002		
Menn	7,4	12,7
Kvinner	10,4	16,4
Valdeltaking kommunestyre 2003 (%)	65,9	58,1
Frie inntekter i kr pr. innbyggjar i 2004	35 231	23 800
Netto driftsresultat i kr. pr. innbyggjar i 2004	-2 997	923
Netto rente- og avdragsutgifter i % av brutto driftsinntekter i 2004	7,7	2,0
Ordinær skatt på inntekt og formue per innb. i 2005, målt i % av landsgjennomsnittet	75,8	82,5

Grensene for Tysvær kommune vart fastlagt ved den store kommunereforma i 1965 (Schei-komiteen). Per 1.1.1965 ble 1139 Nedstrand, 1146 Tysvær, del av 1147 Avaldsnes (994 personar), del av 1154 Skjold (1 133 personar), del av 1155 Vats (16 personar) og del av 1157 Vikedal (2 personar) slått saman til ein kommune; 1146 Tysvær. Pr 1.10.2005 hadde kommunen 9337 innbyggjarar.

Statistisk sentralbyrå deler inn kommunen i tre hovudområde; Førdesfjorden som er området langs E 134 mot Haugesund (nordvestre del av kommunen), Tysvær som er sørvestre del av kommunen og gamle Nedstrand kommune som er austre del av kommunen. Kommunen har tre tettstader<sup>2</sup>der Førdesfjorden er det største med 2.962 innbyggjarar pr 1. jan 2005. Kommunesenteret Aksdal hadde på same tidspunkt 1.077 innbyggjarar og tettstaden Nedstrand 240 innbyggjarar. Tettstadene Førdesfjorden og Aksdal ligg berre 4 km frå kvarandre, og det er her langs E 134 at vi finn hovudtyngda av befolkninga i kommunen. Førdesfjorden er det området som har klart sterkast vekst i kommunen. Tar vi for oss de tri delområda ved folketeljninga i 2001, hadde Førdesfjorden, der dei to større tettstadene (Aksdal og Førdesfjorden) ligg, godt og vel halvparten av innbyggjarane i kommunen, Tysvær 30 % og Nedstrand 17 %.

Bokn som har vori eigen kommune med uendra grenser heilt tilbake til 1850-åra, hadde 769 innbyggjarar pr 1.10.2005. Dette svarar til 8,2 % av folkemengda i Tysvær. Kommunen består av tre hovudøyar; Vestre Bokn som er den største øya, Austre Bokn og Ognøy. På Austre Bokn og Ognøy budde det 143 innbyggjarar pr. nov. 2001. Hovudtyngda av befolkninga i Bokn kommune bur ganske samla i eit belte langs kysten på nordaustre del av Vestre Bokn. Godt og vel 70 % av befolkninga bur i dette området. Her ligg òg kommunesenteret Førresvik. Bokn har ikkje nokon tettstad slik dette blir definert i statistikken.

Både Bokn og Tysvær er knytt tett opp til stamvegnettet. E 134 som går over Haukelifjell, langs Åkrafjorden og vidare til Haugesund, går gjennom

---

<sup>2</sup> Definisjonen på tettstad er (kjelde SSB): *En hussamling skal registreres som et tettsted dersom det bor minst 200 personer der. Avstanden mellom husene skal normalt ikke overstige 50 meter. Det er tillatt med et skjønnsmessig avvik utover 50 meter mellom husene i områder som ikke skal eller kan bebygges. Dette kan f.eks. vere parker, idrettsanlegg, industriområder eller naturlige hindringer som elver eller dyrkbare områder. Husklynger som naturlig hører med til tettstedet tas med inntil en avstand på 400 meter fra tettstedskjernen. De inngår i tettstedet som en satellitt til selve tettstedskjernen.*

*Tettsteder er geografiske områder som har en dynamisk avgrensning, og antall tettsteder og deres yttergrenser vil endre seg over tid avhengig av byggeaktivitet og befolkningsutvikling.*

*Tettstedene avgrenses uavhengig av de administrative grensene.*

Aksdal, der òg E 39 – stamvegen mellom Bergen og Stavanger, går. Denne vegen går over Ognøy, Austre Bokn og Vestre Bokn til ferjeleiet Arsvågen med samband til Stavanger. Bokn ligg såleis ganske sentralt både i forhold til Stavanger og Haugesund. Med dei planlagte vegsambanda (T-sambandet over til Karmøy som skal vere ferdig i 2010, og Rogfast som gjennom ein planlagt tunnel under Boknafjorden sikrar ferjefritt samband til Stavanger) vil avstanden mellom Bokn og dei to Vestlandsbyane bli enda kortare enn i dag. T-sambandet vil redusere køyretida frå Bokn til Haugesund med 10 minuttar frå ca 45 min i dag til 35 min, og med Rogfast er det regna med ei køyretid til Stavanger på ca 30 minuttar. I dag tar det ca 1 time å reise frå Bokn til Stavanger.

## 2.2 Senter og tettstadsstrukturen. Avstandar og tenestetilbod

Avstanden mellom kommunesentra i Bokn og Tysvær (Føresvik og Aksdal) er 33 km eller ca ein halvtimes kjøring. Føreset vi at det blir ei kommunesamanslåing og at innbygarane på Bokn i enkelte høve må reise til Aksdal for å ordne ærend, vil dette føre til redusert tilgjenge i forhold til i dag. Avstanden frå Bokn til Aksdal blir likevel kortare enn for dei som bur på Nedstrand i Tysvær.

Tabell 3 Avstand i km mellom stader i dei to kommunane. Kjelde: Visveg.

	Arsvågen	Aksdal	Førre	Tysværåvåg	Nedstrand
Føresvik	7	33	37	20	70
Arsvågen	-	35	39	22	72
Aksdal		-	4	18	40
Førre			-	22	44
Tysværåvåg				-	55
Nedstrand					-

Handelsmønsteret i dei to kommunane er prega av stor lokal lekkasje av kjøpekraft. Mykje av handelen til innbygarane i Tysvær går føre seg i Haugesund. Det store handelsområdet "Raglamyr" ligg rett over kommunegrensa til Haugesund, og trekker truleg mykje folk frå Tysvær. Medan kommunesenteret Aksdal vil få styrkt sin posisjon som handelssenter ved ei eventuell kommunesamanslåing, vil Bokn truleg få auka handelslekkasje. Når det kjem nye vegsamband vil det bli kortare køyreavstand til Haugesund og Stavanger. Dette kan verke i fleire retningar. Folk på Bokn vil lettare kunne reise til Haugesund og Stavanger, medan det på den andre sida vil kunne bli fleire som besøker Bokn.

I Tabell 4 har vi vist lokalisering av ulike offentlege og private tenestetilbod i dei ulike sentra i kommunane. Vi ser at Aksdal/Grinde og Førdesfjorden



har det klart beste tilbodet totalt sett. Samstundes viser tabellen at Bokn har eit godt offentleg tenestetilbod både til barn/unge og eldre. Her er barnehagar, barne- og ungdomsskule, sjukeheim, eldrecenter og eldrebustader. I samband med dette er det interessant å registrere at Nedstrand, som fram til 1965 var eigen kommune, har tilsvarende tilbod til både barn, unge og eldre.

Fritidstilbodet i kommunane består av ei rekkje tilbod. I kulturhuset i Aksdal, Tysværtunet, er det kino, badeanlegg, klatrevegg, treningssenter, kafe/catering, solarium og utstillingslokale for kunst og kultur. Dette tilbodet blir nytta både av folk på Bokn og i Tysvær. Bokn har tilbod til hesteinteresserte, fotballbane, bibliotek og grendehus. Sjølv om tilbod i ein kommune blir nytta av busette i den andre kommunen, blir det ikkje gjeve uttrykk for at det er noko gratispassasjerproblem.

Tabell 4 Ulike typer tenestetilbud i dei to kommunane

Tenestetilbud	Bokn	Tysvær				
	Bokn	Aks- dal/Grinde	Førdes- fjorden	Tysvær- Våg	Ned- trand	Andre
<b>Offentleg tenestetilbud</b>						
Barnehage	Ja	Ja (4)	Ja (5)	Ja	Ja	To
Barneskule	Ja (1-10)	Ja (Grinde)	Ja (2)	Ja (1-10)	Ja	To
Ungdomsskule	Ja (1-10)	Nei	Ja	Ja (1-10)	Ja (5-10)	Nei
Vidaregåande skule	Nei	Nei	Nei	Nei	Ja*	Nei
Sjukeheim	Ja	Ja (2)	Nei	Nei	Ja	
Eldresenter	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Straumen
Omsorgsbustader	Ja	Ja	Nei	Nei	Ja	
Dagsenter	Ja	Ja	Nei	Nei	Ja	
Trygdebustader		Ja	Ja	Ja	Ja	Straumen
Rådhus	Ja	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei
Landbrukskontor	1 dag/uke	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei
Trygdekontor	Ja	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei
Likningskontor	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei
Lensmann	Nei	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei
A etat	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei
Post	I butikk	Ja	I butikk	Nei	I butikk	Nei
Kyrkje	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Nei
<b>Forretninger (type)</b>						
Daglegvarer	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
Apotek	Nei	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei
Spesialforretning	Nei	Ja	Delvis	Nei	Delvis	Nei
Bensinstasjon	Ja	Ja	Ja	Nei	Ja	Ja
Bilforretning	Nei	Nei	Bobil	Nei	Nei	Nei
<b>Private tenester</b>						
Bank	Ja	Ja	Nei	Nei	I butikk	Nei
Advokat	Nei	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei
Arkitekt	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei
<b>Fritidstilbud</b>						
Ridesenter	Ridebane	Nei	Nei	Nei	Bane	Ridebane
Badestrand	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
Fotballbaner	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Nei
Lysløype	Nei	Nei	Ja	Nei	Nei	Nei
Golf	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei
Kino	Bygd kino	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei
Bibliotek	Ja	Ja	Nei	Nei	Ja	Nei
Symjehall	Nei	Ja	Nei	Nei	Ja	Nei
Idrettshall	Nei	Ja	Nei	Nei	Liten	Nei
Grendehus	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
Kulturhus	Nei	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei
Misjonshus/bedehus	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja

### ***2.3 Kommunikasjonar og annan infrastruktur***

I 1991 blei brusystemet mellom Bokn og Tysvær opna. Fram til dette tidspunktet var Bokn eit meir eller mindre isolert øysamfunn med ferjesamband til Korpervik på Karmøy. Med Rennfast-sambandet blei Bokn landfast og samtidig vertskap for all gjennomgangstrafikk på hovudferdselsåra mellom Bergen og Stavanger. Dermed har boknarar fått vesentleg kortare veg både til Stavanger og Haugesund, samstundes som Bokn har fått ei strategisk kommunikasjonsmessig plassering i regionen. Dette har naturlegvis potensielle konsekvensar både for pendling, næringsutvikling, busetting o.l.

Eit tidlegare ledd i utbygginga av Rennfast-sambandet var å legge kyststamvegen mellom Stavanger og Bergen utanom Haugesund. Dette var med på å gjere Aksdal til eit regionalt trafikknutepunkt kor vegane mellom sør og nord (E 39) og mellom vest og aust (E 134) møtast. Tysvær kommune sitt kommunesenter blei med dette ein svært sentral stad, både pga plasseringa i forhold til infrastrukturen, men og fordi den geografiske plasseringa er sentral i Haugalandregionen.

Av framtidige større infrastrukturprosjekt som er vesentlege for Bokn og Tysvær er det naturleg å nemne T-sambandet og Rogfast-sambandet. T-sambandet, som går frå Gismarvik i søre Tysvær til Raglamyr og Karmøy vil ha mykje å seie for Bokn og søre Tysvær ved at avstanden til Karmøy og Haugesund vil bli vesentleg redusert. T-sambandet er planlagt ferdig i 2010.

Rogfast-sambandet er enno ikkje vedteke og ligg noko lenger fram i tid. Sambandet omfattar tunnel mellom Arsvågen på Bokn og Mekjarvik i Randa-berg. Dette vil gjere strekninga mellom Haugalandet og Stavanger ferjefri og reisetida vil bli sterkt redusert. For Bokn sin del vil avstanden til Stavanger bli kortare enn avstanden til Haugesund med Rogfast.

Naturlegvis har brusambandet mellom Bokn og Tysvær hatt konsekvensar for kommunikasjonen mellom dei to kommunane. Sjølv om det i lange tider har vore tette band mellom Bokn og søre Tysvær, har avstanden mellom kommunane blitt vesentleg kortare med bruene. Dette har ført til tettare kontakt på stadig fleire område. Tenestesamarbeidet mellom kommunane har stadig blitt utvikla, samtidig som ein har sett ei tilsvarande utvikling og innan frivillig sektor. Eit døme på dette er at fleire av idrettslaga lokalisert i området søre Tysvær-Bokn har medlemmer frå begge kommunane.

Det er også grunn til å tru at endringane i kommunikasjonsmønster har gjort noko med Bokn si tilknytning til andre nabokommunar. Med sjøen som viktigaste ferdelsveg og med ferjesamband til Karmøy har Bokn tidlegare hatt tette band til både ryfylkekommunane, Kvitsøy og Karmøy. Det er naturleg at relasjonane endrar seg i tråd med kommunikasjonsmønsteret.

## ***2.4 Samarbeid mellom Bokn og Tysvær og anna interkommunalt samarbeid***

Både Bokn og Tysvær er med i fleire interkommunale og regionale samarbeidsorgan. *Tabell 5* viser det tosidige samarbeidet mellom kommunane, og det går fram av denne at det i stor grad er Bokn som kjøper tenester frå Tysvær. Omfanget har auka over tid. Sett frå Bokn si side er kjøp av tenester ein rasjonell måte å løyse sitt tenestetilbod på innanfor område der det er vanskeleg for kommunen å gjennomføre oppgåvene på eiga hand. Dette kan skuldast at ein manglar kompetente fagfolk på feltet, eller at ein på grunn av storleik ikkje klarer å dekke opp heile stillingar. Det er verdt å merke seg at tilsette i skulesektoren i Bokn kommune søker samarbeid/fellesskap med tilsvarande faggrupper i Tysvær for kompetanseheving. Sett frå Tysvær si side blir det sett på som ei viss ulempe blant einskilde av dei tilsette at dei får denne type oppgåver. Tenestene til Bokn har i mange tilfelle, men ikkje alltid blitt følgd opp med auka kapasitet. Samarbeidet mellom dei to kommunane har stort sett fungert godt, men ikkje heilt knirkefritt på alle område. Sett i forhold til spørsmålet om kommunesamanslåing, er det grunn til å hevde at dei tenestene som Bokn i dag kjøper frå Tysvær ville vere lettare å administrere innanfor ein samanslått kommune.

Tabell 5 Interkommunalt samarbeid mellom Bokn og Tysvær. Kjelde. KAA

Sektor	Område	Innhald
Kultur	Ungdommens kulturmønstring, samt andre store ungdomsarrangement	Bokn deltek på Tysvær sine arrangement
	Idrett, friluftsliv	Diverse kollegiale treffpunkt
Næring	Landbruk	Tysvær utfører all sakshandsaming for Bokn innan landbruk
Helse/sosial	Legevaktsamarbeid I	Legevaktsamarbeid utanom kontortid (gjeld Bokn, Tysvær og Sveio)
	Legevaktsamarbeid II	Tysvær har dagleg vakt for Bokn. Tysvær har arbeidsgjevaransvar.
	Legesamarbeid	Deling av ei legestilling som fungerer 60 % i Bokn og 40 % i Tysvær
	Barnevern/sosial	Nært samarbeid knytt til enkeltsaker (kompetanse, habilitet, sårbarhet)
Skule/barnehage	Nord II – skulesamarbeid	Kompetanseheving for lærarar
	Haugalandet – skule – arbeidsliv	Koordinering/yrkesrettleiing – kontakt med arbeidslivet (80% stilling, felles for fire kommunar) (Haugaland Vekst)
	Leiarmøter, kurs, div arrangement	Seksjonssjef Bokn deltar på møter i Tysvær
	PP-tenester	Blir utført av Tysvær kommune
Teknisk	Oppmålingstenester	Blir utført av Tysvær kommune
	Feiartenester	Blir utført av Tysvær kommune

Samstundes som Bokn og Tysvær samarbeider tosidig på ein skilde område, er begge kommunane med i ulike interkommunale samarbeidsorgan saman med fleire andre kommunar på Haugalandet. Dette gjeld følgjande selskap eller organisasjonar:

- Haugaland Vekst IKS – interkommunalt samarbeidsselskap for næringsarbeid for Bokn, Tysvær og Haugesund.
- Haugalandsrådet som består av 10 kommunar og skal vere ein pådrivar overfor regionale og statlege styresmakter. Rådet skal òg bidra til å styrke samarbeidet mellom kommunane på Haugalandet.

- Renovasjonsselskapet Haugaland Interkommunale Miljøverk (5 kommunar). Arbeider med å få på plass ei avtale innan 1. juli 2006.
- Haugaland Kraft AS er eit regionalt energiverk som består av 7 kommunar (Haugesund, Karmøy, Tysvær, Bokn, Utsira, Sveio og Vindafjord)
- Barnevernssamarbeid (BAS) består av 6 kommunar (ikkje Karmøy og Haugesund).
- Destinasjon Haugalandet marknadsfører Haugalandet som reisemål. Omfattar 9 kommunar og 160 bedrifter.
- Haugaland industri og næringsforening er ei forening for næringslivet på Haugalandet.
- Haugaland Næringspark AS er etablert av Tysvær, Bokn, Haugesund og Karmøy. Arbeider for å utvikle eit større industriområde på Gismarvik som ligg i søndre del av Tysvær. Haugaland Kraft AS overtok selskapet i 2005.

Dette viser at Tysvær og Bokn er med i omfattande interkommunalt samarbeid der òg andre kommunar er med. Vi kjem tilbake til ein skilde av desse i kap. 7.

Ifølgje rapporten om kommunestrukturen i Rogaland (Strand og Moen 2005:48) orienterer Bokn og Utsira seg mot Haugalandet. Kartlegginga viser at Utsira har 9 ulike samarbeidstiltak med Bokn, medan Bokn har hyppigast samarbeid med Tysvær. I alt er det registrert 13 tiltak mellom desse kommunane.

## 2.5 *Levekår*

SSB utarbeider med nokre års mellomrom ein indeks for levekåra i kommunane. Indeksen består av følgjande variable:

- Sosialhjelp pr 100 innbyggjar 16 år og over.
- Døde pr 100 000 innbyggjar
- Uførepensjonistar 16-49 år pr 1000 innbyggjar i aldersgruppa
- Attføring pr 1000 innbyggjar i aldersgruppa 16-66 år
- Voldskriminalitet. Siktingar pr 10 000 innbyggjar
- Arbeidsledige og personar på arbeidsmarknadstiltak pr.100 innbyggjar i alderen 25-66 år (1.kvartal 2005)
- Overgangsstønad. Mottakere pr 100 kvinner i alderen 20-39.

Figur 1 viser korleis dei ulike indikatorane slo ut for Bokn og Tysvær i 2000 og 2005. Verdiane går frå 1 til 10 der 1 tilseier at kommunane er mellom dei 10 % av kommunane og bydelane<sup>3</sup> med best resultat, medan verdien 10 tyder at kommunen tilhøyrer dei 10 % av kommunane og bydelane med høgast verdi –


<sup>3</sup> Kommunar og bydelar blir behandla under eitt

dvs. at kommunen kjem dårleg ut på indeksen. Når til dømes Bokn i 2005 har verdien 7 på uføretrygd viser dette at det er minst 30 % av kommunane som har enda fleire uførepensjonistar i aldersgruppa 16-49 år i høve til talet på innbyggjarar i denne aldersgruppa. SSB seier at indeksen er noko usikker for de minste kommunane. På grunnlag av dei einskilde indeksane blir det utarbeida ein totalindeks.


Dei einskilde indikatorane viser at indeksen både innehar element som relaterer seg til forholda på arbeidsmarknaden og til andre miljøforhold. Kommunar som kjem dårleg ut på indeksen, har enten eit næringsliv som har eller har hatt omstillingsproblem, noko som fører til arbeidsløyse, uføretrygd, attføring, mv eller dei har problem knytt til kriminalitet og rusproblem. Vi skal ikkje legge for stor vekt på denne indeksen i forhold til spørsmålet om samanslåing - samstundes som det er grunn til å hevde at på dei områda som indikatorane gjev dårleg resultat, har kommunane store utfordringar. For Bokn sin del er indikatorar som knyter seg til tilhøve på arbeidsmarknaden dårlege. Det er høg arbeidsløyse, høg del uføretrygda og relativt mange på attføring. Sett i høve til alle kommunane i landet ligg Bokn i den dårlegaste halvparten for alle desse indikatorane. Tysvær for sin del har eit relativt stort omfang på sosialhjelp. Det siste kan kome av at Tysvær har hatt relativt gode sosiale ordningar som kan ha gjort det attraktivt for sosialklientar å busette seg i kommunen.

Utviklinga frå 2000 til 2005 viser at Bokn i 2005 kjem dårlegare ut for arbeidsløyse, attføring og uføretrygd enn i 2000. Dei indikatorane det er forbetring på, er døde pr 1000 innbyggjarar og overgangsstønad. Valds kriminaliteten er svært låg i begge åra. Når det gjeld døde i høve til innbyggartalet vil tala fort svinge mykje for ein liten kommune som Bokn. For Tysvær sin del er det særleg sosialhjelp som slår negativt ut.

Tysvær har særleg hatt ein relativ betring i valds kriminaliteten. Figur 2 viser at samanlikna med dei andre kommunane på Haugalandet, kjem Bokn og Tysvær ut midt på. Det to kommunane kjem dårlegare ut enn Utsira og gamle Vindafjord kommune, omtrent på same nivå som Ølen og betre enn Haugesund og Karmøy. Alle kommunane på Haugalandet kjem relativt dårlegare ut i 2005 enn i 2000.



Figur 1 Levekårsindeks i 2005 for Bokn og Tysvær. Låg indeks er gode levekår (sjå tekst for korleis indikatorane er utarbeidd). Kjelde: SSB



Figur 2 Samla levekårsindeks for kommunane på Haugalandet i 2000 og 2005. Kjelde: SSB



### **3 BEFOLKNINGSUTVIKLING, -STRUKTUR OG FLYTTING**

For å seie noko om kva for utfordringar kommunane står overfor, er det viktig å sjå på utvikling i folkemengda og fordeling på alder. I dette kapitlet skal vi fyrst sjå korleis folketalet har utvikla seg fram til i dag og korleis dette er påverka av naturleg tilvekst (fødseloverskot) og flytting. Derne ser vi på flytteaktivitet og flyttemønster. Vidare ser vi på aldersstrukturen i dei to kommunane. Avslutningsvis viser vi tal for SSBs sine nye framskrivingar av folkemengda, og korleis denne vil fordele seg på alder.

#### ***3.1 Samanfattande vurderingar og moment for og i mot samanslåing***

Pr 1. januar 2005 hadde Tysvær 9370 innbyggjarar og Bokn 769. Ein samanslått kommune vil eventuelt få godt og vel 10 000 innbyggjarar i dag, medan folketalet på Bokn vil utgjere under 8 % av folketalet i den nye kommunen.

Held befolkningsutviklinga fram slik ho har gjort den siste tida, vil befolkninga på Bokn utgjere ein stadig mindre del av det totale folketalet i ein eventuell ny kommune. Veksten er i fyrste rekke konsentrert til dei nordvestre delane av Tysvær rundt tettstadene Førdesfjorden og Akسدal.

Tysvær har i dei aller fleste åra sidan midten av 70-talet hatt flytteoverskot, og har i alle år hatt positiv naturleg tilvekst (fleire fødte enn døde). For Bokn sin del har nettoflyttinga svinga mellom + og – i ulike år. Dei siste åra har kommunen hatt fødseloverskot (dei tre siste åra) og netto utflytting (dei fire siste åra).

Flyttemønsteret for dei to kommunane viser at mykje av flyttingane skjer internt på Haugalandet. Det er nokre fleire som flyttar inn til Tysvær enn det er utflytting frå Tysvær til dei andre kommunane på Haugalandet, medan det motsette er tilfelle for Bokn.

SSB si nye framskriving av folketalet for kommunane (frå desember 2005) viser at folketalet i Tysvær vil auke med ca 2000 dei næraste 20 åra, medan folketalet i Bokn vil bli redusert med ca 100. Den største utfordringa for Bokn i åra framover vil vere å oppretthalde folketalet slik at det blir tilstrekkeleg med folk til å oppretthalde ulike typar tenestetilbod i kommunen. Mellom anna gjeld dette elevar i skulen. For Tysvær sin del vil utfordringa i fyrste rekke vere knytt til eldreomsorga.

Det er neppe grunn til å tro at folketalet på Bokn eller i Tysvær i særleg grad vil bli påverka av ei kommunesamanslåing. Det mest påtrengande spørsmålet er korleis folketalet i Bokn vil utvikle seg, og om det i framtida er mogleg

å bestå som eigen kommune med såpass liten befolkning. Er det mogleg å oppretthalde dei funksjonane som er naudsynte for å fungere som ein generalistkommune, eller blir det naudsynt for kommunen å samarbeide med andre kommunar på så mange område at det i røynda blir lite igjen av kommunen som eigen eining?

I og med at det er så stor forskjell i storleiken på dei to kommunane, vil ein ny samanslått kommune bli sterkt prega av folketalsutviklinga i Tysvær kommune. For lokalsamfunnet på Bokn er det likevel uansett viktig å oppretthalde folketalet for å fungere som eit levande lokalsamfunn. Dette både for at kommunen skal kunne yte naudsynte tenester til folk og for at ein skal kunne oppretthalde eit vitalt lokalsamfunn med frivillige organisasjonar av ulike slag. Spørsmålet som melder seg er om investeringane som ifølgje intensjonsavtala skal gjennomførast på Bokn, kan gjere lokalsamfunnet på Bokn meir attraktivt enn det er i dag. Andre forhold som kan påverke attraktiviteten til Bokn, er dei nye vegsambanda som er under utbygging (T-sambandet ) og som er planlagt (Rogfast). Desse vil i alle fall føre til at tidsavstanden mellom Bokn og Hauge-sund og Stavanger vil bli mindre og med det gjere Bokn meir aktuell som bustadområde for pendlarar.

<b>Folketalsutviklinga og fordelar/ulempar ved ei eventuell kommunesamanslåing:</b>
<b>Moment som talar for samanslåing</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bokn er sårbar i høve til folketalet. Det kan bli vanskeleg å halde opp folketalet framover</li> <li>• Redusert folketal på Bokn vil bety reduserte skatteinntekter (generelt svekka økonomisk handlekraft) og kan føre til redusert kvalitet på tenester av ulike slag</li> <li>• Fleire tenester må settast ut med fare for demokratisk underskot</li> </ul>
<b>Moment som talar mot samanslåing</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Folketalet på Bokn treng ikkje utvikle seg slik framskrivingane av folketalet tilseier, pga. auka innflytting og bustadetableringar i lys av T-sambandet og etter kvart Rogfast.</li> </ul>
<b>”Nøytrale” moment</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Folketalsutviklinga vil truleg i liten grad bli påverka av om kommunane blir slått saman eller ikkje.</li> </ul>

### 3.2 *Utviklinga i innbyggartalet frå 1974 til 2005*

Talet på innbyggjarar i Tysvær auka med godt og vel 50% i perioden 1974-2005, frå ca 6200 til nær 9400. Kommunen har hatt særleg sterk vekst i tettstadene Førdesfjorden og Aksdal. I 1995 var det 2250 som budde i tettstader, medan tilsvarende tal i 2005 var 4303. Samstundes var det ein tilbakegang i strøk med spreidd busetnad, frå 5865 til 5051. Dette viser at det skjer ein konsentrasjon av befolkninga til Aksdal og Førdesfjorden-området. Veksten i folketalet i Tysvær er omtrent som for Rogaland rest, dvs Rogaland minus kommunane på Haugalandet.

Bokn har hatt langt lågare vekst med ca 8% auke i folketalet i perioden 1974 – 2005. Medan folketalet i 1974 var 713 var det 769 innbyggjarar i Bokn ved inngangen til 2005. Slik det går fram av figuren har folketalet svinga noko frå periodar med vekst til periodar med nedgang. Den sterkaste veksten skjedde i åra 1992-1994. Dette skuldast truleg fastlandssambandet som kom i 1991. Bokn kommune har prøvd å trekke til seg folk ved å legge ut subsidierte, rimelege bustadtomter utan å lukkast med dette. Av 24 tomter som vart lagt ut på Austre Bokn i 2000 har 14 blitt selt. Dette viser at slik tilhøva er i dag, er det vanskeleg å trekke til seg nye innflyttarar.


Figur 4 og Figur 5 viser korleis utviklinga i folketalet er påverka av naturleg tilvekst (fødseloverskot) og flytting. I dei 31 åra som er vist i figuren, har Tysvær hatt fødseloverskot i alle åra, og netto innflytting i 26 av 31 år. Bokn har på si side hatt positiv naturleg tilvekst i heile 24 av 31 år, medan det har vori netto innflytting og netto utflytting i like mange år (15 år). Av ein total folkevekst i Tysvær på 3161 skuldast 1883 naturleg tilvekst og 1287<sup>4</sup> netto innflytting. Folketalet i Bokn har auka med 56 personar. Sum fødseloverskot er 80, medan det for heile perioden er registrert ei netto utflytting på 16 personer. Det er verd å merke seg at det har vori netto utflytting frå Bokn alle dei fire siste åra. Tysvær på si side har hatt netto innflytting dei 10 siste åra.

Den sterke veksten i folketalet i Tysvær skuldast fleire forhold. På 70-talet var det stor tilflytting frå Haugesund på grunn av mangel på bustadareal og tilrettelegging av tomter i denne kommunen. *Ein heil generasjon flytta frå Haugesund*, som ein av informantane våre seier. I perioden 1981-1985 vart Kårstøanlegget bygd ut, noko som gav ny vekst i Tysvær. På grunn av dette fekk Tysvær god økonomi og utvikla eit godt tilbod innanfor ulike tenester som skule og barnehage samstundes som bustadomtene var rimelege. Dette gjorde at Tysvær blei ein attraktiv kommune å flytte til, og ser vi på befolkningsutviklinga dei 10 siste åra, er det ingen av kommunane på Haugalandet som har

---

<sup>4</sup> Det er ikkje eksakt samsvar mellom summen av dei to tala og endringa i folkemengda.

hatt så sterk vekst som Tysvær (sjå Tabell 7). Kommunen har òg hatt klart sterkare vekst enn Rogaland fylke.




Figur 3 Utvikling i folketallet 1974 – 2005 for Bokn, Tysvær, Haugalandet rest, Rogaland rest (utanom Haugalandet) og landet totalt. 1974 =100


Tabell 6 Folketal i ulike delar av Tysvær i 1990, 2000 og 2005. Kjelde SSB

Område	1990	2000	2005
<b>Tysvær</b>			
Tettstader <sup>5</sup>	2381	3669	4303
Spreidd busetnad	5632	5159	5067
<b>I alt</b>	<b>8057</b>	<b>8997</b>	<b>9381</b>

<sup>5</sup> Omfattar Førdesfjorden, Aksdal og Nedstrand. Sjå elles fotnote 2



Figur 4 Tysvær. Endringar i folketalet 1974-2004 fordelt på naturleg tilvekst (fødde minus døde) og netto innflytting. Tal personar



Figur 5 Bokn. Endringar i folketalet 1974-2004 fordelt på naturleg tilvekst (fødde minus døde) og netto innflytting. Tal personar.

Eit interessant spørsmål er om det er slik at små kommunar går tilbake i folketal. Pr 1.1.2005 var det 20 kommunar i Noreg utanom Bokn som hadde under 1000 innbyggjarar. Ser vi på folketalsutviklinga i desse samla, finn vi at folketallet i perioden 1.1.1995 – 1.1.2005 gjekk tilbake med 11,3%. 7 av desse kommunane låg sør for Sogn og Fjordane, og dei hadde ein nedgang på 3%. I alt var det berre 4 av desse kommunane som vaks i denne 10-årsperioden. Det var Rømskog, Bykle, Modalen og Utsira (+1). Dette viser at Bokn med ein nedgang på 3 personar i denne perioden har halde folketallet etter måten godt oppe. Samstundes viser det at små kommunar gjennomgåande har problem med å halde oppe busetnaden. Folketallet i kommunane i Noreg fordelte seg slik på følgjande grupper pr 1.1.2004:

0-999	22 kommunar
1000-1999	74 kommunar
2000-4999	146 kommunar
5000-9999	91 kommunar
10 000-19999	57 kommunar
20 000 og meir	44 kommunar

Dette viser at om Nye Tysvær skulle bli ein realitet, vil kommunen bli mellom dei 100 største kommunane i landet.

Tabell 7 Folketal og endring i dette de 10 siste åra for landet totalt, Rogaland og kommunane på Haugalandet. SSBs framskriving av folkemengda til 2015 og 2025 (sjå kap 3.4)

Område	Folketal 1.1.95	Folketal 1.1.2005	Absolutt endring	% end- ring	Fram- skriving 2015	Fram- skriving 2025
<b>Bokn</b>	<b>772</b>	<b>769</b>	<b>-3</b>	<b>-0,4</b>	<b>725</b>	<b>677</b>
<b>Tysvær</b>	<b>8133</b>	<b>9370</b>	<b>1 237</b>	<b>15,2</b>	<b>10379</b>	<b>11371</b>
Haugesund	29 064	31 530	2 466	8,5	34122	36282
Karmøy	35 658	37 567	1 909	5,4	39072	40593
Ølen	3224	3420	196	6,1	3605	3822
Vindafjord	4909	4700	- 209	-4,3	4490	4424
Utsira	212	213	1	0,5	183	170
Rogaland	354 447	389684 <sup>6</sup>	35 237	9,9	427935	462694
Hele landet	4348 410	4606363	257 953	5,9	4889372	5210026

<sup>6</sup> Rogaland minus Ølen

### 3.3 Flytteaktivitet og flyttemønster

Flyttekomponenten er svært viktig når det gjeld utviklinga i folketalet. Det er i fyrste rekke den som kan påverke utviklinga i folketalet på kort sikt, medan naturleg tilvekst er ein meir langsiktig endringskomponent som meir er bestemt av korleis folk fordelar seg på alder.


Nedanfor ser vi nærare på flytteaktiviteten i Bokn og Tysvær i perioden 2002-2004; kvar flyttar folk frå og til. Vi skal òg sjå på forholdet mellom innanlandske og utanlandske flyttingar. I 2003 og 2004 hadde ikkje Bokn innflytting frå utlandet, medan 4 flytta ut. Tysvær hadde dei same åra ganske stort innflyttingsoverskot frå utlandet, i alt over 100 personar.

Figur 6 og Figur 7 viser det geografiske flyttemønsteret for flyttingar innanlands. Bokn hadde i 2002-2004 innflyttingsoverskot for flytting frå/til Stavanger/Sandnes og Karmøy, medan det var nettoutflytting til dei andre områda. Det aller meste av flyttinga frå Bokn går til Haugesund (33) og Tysvær (27). Det er klart fleire som flytter til Tysvær enn omvendt. Nettoutflyttinga til Haugesund er mindre markert enn til Tysvær, men det er likevel fleire som flytter frå Bokn til Haugesund enn til Tysvær.


Flyttingane frå/til Haugesund utgjer nær halvparten av alle flyttingane frå/til Tysvær, og det er omtrent like mange som flyttar til Tysvær frå Haugesund som omvendt. Det er fleira som flyttar til Tysvær frå Karmøy, Vindafjord og Bokn enn omvendt. Dette tilseier at kommunen er ein attraktiv bustadskommune.

Tabell 8 Flytteaktivitet til og frå Bokn og Tysvær 2002-2004 fordelt på innanlandske og utanlandske flyttingar (2003 og 2004). Tal på personar

<b>Flyttegruppe</b>	<b>Bokn</b>	<b>Tysvær</b>
<b><u>Flytting innanlands</u></b>		
Flytting til kommunen	81	1221
Flytting frå kommunen	100	1187
<b>Nettflytting innanlands 2002-2004</b>	<b>- 19</b>	<b>+ 34</b>
<b><u>Utanlandske flyttingar</u></b>		
Tilflytting frå utlandet	0	147
Flytting til utlandet	4	38
<b>Nettflytting utenlands 2003 og 2004</b>	<b>-4</b>	<b>+ 109</b>



Figur 6 Innanlandske flyttingar til (innflytting) og frå (utflytting) Bokn 2002-2004. Personar.



Figur 7 Innanlandske flyttingar til(innflytting) og frå (utflytting) Tysvær 2002-2004. Personar.



### 3.4 Folkemengda fordelt på alder

Korleis folkemengda fordeler seg på alder i dag og framover er interessant både i forhold til kommunane si evne til å halde oppe folketalet, og for å seie noko om behovet for tenester framover. Tabell 9 viser absolutte tal for befolkninga i ulike aldersgrupper og såkalla indeksar for tilsvarende grupper samanlikna med landet totalt for åra 1998-2005.

Tabell 9 Aldersindeksar for kommunane. Data pr 1 januar. Kjelde: KRD/SSB

<b>"Aldersindekser" fordelt på kommune og aldersgrupper</b>												
	<b>Bokn</b>						<b>Tysvær</b>					
	<b>0-5 år</b>	<b>6-15</b>	<b>16-66</b>	<b>67-79</b>	<b>80-89</b>	<b>90 +</b>	<b>0-5 år</b>	<b>6-15</b>	<b>16-66</b>	<b>67-79</b>	<b>80-89</b>	<b>90 +</b>
2005	1,10	1,070	0,927	1,257	1,208	1,210	1,216	1,257	0,971	0,783	0,700	0,7774
2004	1,124	1,108	0,920	1,333	1,057	0,627	1,247	1,257	0,966	0,785	0,718	0,6788
2003	1,009	1,107	0,950	1,249	0,973	0,431	1,222	1,268	0,970	0,745	0,737	0,8333
2002	1,122	1,040	0,953	1,217	0,982	0,441	1,265	1,264	0,970	0,709	0,743	0,9517
2001	1,145	0,997	0,961	1,132	1,131	0,438	1,234	1,288	0,972	0,689	0,757	0,8556
2000	1,082	1,025	0,958	1,133	1,209	0,454	1,221	1,297	0,975	0,667	0,788	0,8684
1998	0,989	1,038	0,967	1,152	1,138	0,484	1,199	1,337	0,974	0,665	0,779	0,8129
<b>Absolutte tall fordelt på kommune og aldersgrupper</b>												
	<b>Bokn</b>						<b>Tysvær</b>					
	<b>0-5 år</b>	<b>6-15</b>	<b>16-66</b>	<b>67-79</b>	<b>80-89</b>	<b>90+</b>	<b>0-5 år</b>	<b>6-15</b>	<b>16-66</b>	<b>67-79</b>	<b>80-89</b>	<b>90 +</b>
2005	64	111	469	82	37	6	865	1 589	5 986	622	261	47
2004	66	115	463	88	32	3	880	1 568	5 842	623	261	39
2003	60	114	476	84	29	2	863	1 552	5 775	595	261	46
2002	68	106	476	84	29	2	906	1 521	5 721	578	259	51
2001	73	104	496	83	34	2	885	1 512	5 644	568	256	44
2000	69	105	490	85	35	2	875	1 492	5 600	562	256	43
1998	63	102	486	88	32	2	840	1 446	5 383	559	241	37

Indeksen er konstruert slik at dersom prosent av befolkninga i ei viss gruppe er lik landsgjennomsnittet, er indeksen 1,00. Når t.d. Bokn har ein indeks på 1,0700 for gruppa 6-15 år pr. 1.1.2005 viser dette at denne gruppa har 7% større del av innbyggartalet på Bokn enn kva som var tilfelle på landsbasis. Indeksen på 0,927 for gruppa 16-66 år viser at i forhold til landet totalt har Bokn godt og vel 7% lågare folketal i denne aldersgruppa.


Pr 1.1.1998 hadde Bokn eit folketal på 773, medan folkemengda pr 1.1.2005 var 769. I løpet av desse 7 åra auka aldersgruppa 0-15 år med 8 personar, aldersgruppa 16-66 år vart redusert med 17 personar, medan dei som var 67 år og eldre auka med tri personar<sup>7</sup>. Dette viser at den yrkesaktive gruppa har blitt litt redusert, medan talet på både eldre og yngre aukar. Relativt sett går også den yrkesaktive gruppa tilbake. I forhold til aldersstrukturen for landet totalt er andelen i gruppa 16-66 år redusert frå 0,967 til 0,927. Sjølv om folketalet heldt seg oppe i Bokn er det likevel teikn til forgubbing i kommunen, og samanlikna med Tysvær har Bokn relativt mange i gruppene over 55 år. Dette gjeld òg når vi samanliknar med landet totalt. (sjå Figur 8)

Tysvær har ein ekstremt stor del av befolkninga i dei yngste aldersgruppene. Bokn har òg ein større del av folkemengda her enn landet totalt. Ser vi på gruppa 20-39 år, som primært er den reproduserande aldersgruppa, finn vi at både Bokn og Tysvær har ein litt lågare del enn landet totalt.

Aldersfordelinga i dei to kommunane gjev utfordringar på ulike vis. I Bokn aukar gruppa eldre litt, medan det er noko nedgang i talet på dei i yrkesaktive alder. Dette kan føre til problem med å halde opp folketalet i kommunen på litt lengre sikt. I Tysvær, som relativt sett har mange unge, har ein hatt vekst i alle aldersgrupper. Slik vi skal vise i neste avsnitt, vil det framover bli særleg sterk vekst i dei eldste aldersgruppene i Tysvær.

---

<sup>7</sup> Summen av endringstala i aldersgruppene stemmer ikkje hundre prosent med endringane i folketalet totalt. Dette skuldast måten dette blir registrert på i SSB.




Figur 8 Befolkning pr 1 jan 2005 fordelt på alder for Bokn, Tysvær og landet totalt.

### 3.5 Framskriving av folkemengda fordelt på alder

I Tabell 7 viste vi at folketalet i Bokn ut frå Statistisk sentralbyrås framskriving av folkemengda vil bli redusert frå 769 i 2005 til 725 i 2015 og 677 i 2025. For Tysvær vil folketalet ifølgje framskrivinga auke frå 9370 i 2005 til 10 379 i 2015 og til 11 371 i 2025, dvs. ein auke på 2000 i løpet av 20 år.

Tysvær er den kommunen på Haugalandet som ut frå SSB sine framskrivingar vil få størst vekst framover. Veksten er litt høgare enn resten av Rogaland og klart høgare enn for resten av Haugalandet og landet totalt. Bokn, på den andre sida, vil få redusert folkemengda med meir enn 10% om vi skal tru SSB sine framskrivingar.

**Statistisk sentralbyrås framskriving av folkemengda – føresetnader:**  
 I desember 2005 kom det nye tal for framskriving av folkemengda i kommunane. Framskrivinga bygger på fruktbarheit, forventa levealder, nettoinnvandring og innanlands mobilitet (flytting). For flytting bygger ein på erfaringstal for perioden 2000-2004. Det blir nytta fleire alternativ for framskrivinga. Vi har bruka alternativet MMMM. Dette er et middelalternativ der 226 kommunar vil få auka folkemengde i 2015 samanlikna med i dag.



Figur 9 Framskriving av folkemengda til 2015 og 2025. Modell MMMM.  
Kjelde SSB

Tabell 10 viser folketalet i Bokn og Tysvær i ulike aldersgrupper for åra 2005, 2015 og 2025 ut frå SSB sine framskrivingar. For Bokn sin del vil det bli nedgang i dei fleste aldersgruppene. Unntaket er at talet på eldre aukar noko, men ikkje dramatisk. Dei yngste aldersgruppene vil bli mindre. Medan talet i barne- og ungdomsskulen i 2005 er 111, blir dette talet redusert til 101 i 2015 og vidare til 80 i 2025. Dette gjer det stadig vanskelegare å oppretthalde ein skule med alle alderstrinn. Den yrkesaktive gruppa 20-66 år vil bli sterkt redusert, frå 431 i 2005 til 395 i 2015 og vidare til 366 i 2025. Denne nedgangen vil redusere talet på dei som betaler skatt til Bokn. I kapittel 5 har vi gjort tentative berekningar på dette. Under føresetnad om at framskrivinga av folketalet er rett, skjer det ein forgubbingsspross på Bokn.

Tysvær på si side vil ha vekst i dei fleste aldersgruppene fram til 2015. Unntaket er at talet på barn i barneskulealder vil gå ned, for så å auke på nytt i 2025. Tysvær vil få sterk vekst i dei eldste gruppene, og det er truleg innanfor eldreomsorg dei største utfordringane vil kome i åra som kjem.

I ein eventuell samanslått kommune, der Tysvær har over 90% av folketalet, vil det naturleg nok vere utviklinga i denne kommunen som vil ha mest å seie for korleis folketal og alderssamansetning vil bli i ein ny samanslått kommune.

Tabell 10 Aldersfordeling i Bokn og Tysvær i 2005, 2015 og 2025.  
 Modell MMMM. Kjelde SSB

	0-5	6-12	13-15	16-19	20-44	45-66	67-79	80+	I alt
<b>Bokn 2005</b>	64	75	36	38	230	201	82	43	<b>769</b>
<b>Bokn 2015</b>	48	73	28	43	188	207	93	45	<b>725</b>
<b>Bokn 2025</b>	48	56	24	37	174	192	97	49	<b>677</b>
<b>Tysvær2005</b>	865	1124	465	585	3133	2268	622	308	<b>9370</b>
<b>Tysvær2015</b>	865	1075	512	707	3249	2725	923	323	<b>10379</b>
<b>Tysvær2025</b>	1028	1125	469	655	3462	2946	1227	459	<b>11371</b>

## 4 NÆRINGS LIV, NÆRINGSUTVIKLING OG PENDLING

Fyrst i kapitlet ser vi på arbeidsplassane; korleis desse fordelar seg på næring og korleis dei har utvikla seg over tid, i kva grad yrkesaktive i kommunane arbeider i heimkommunen eller utanfor (pendling), i kva grad kommunane sjølve er viktig som arbeidsplass og i kva grad det er tale om arbeidsplassar i konkurranseutsett næringsliv. Næringsutviklinga i Bokn og Tysvær blir samanlikna med utviklinga i næringsstrukturen i andre kommunar. Vi ser nærare på arbeidsløysa og utvikling i denne. Til slutt i kapitlet tar vi for oss respondentane (informantane) sitt syn på næringsliv og næringsutvikling.

### 4.1 Samanfattande vurderingar og moment for og i mot samanslåing

Analysen av næringsliv, næringsutvikling og pendling viser følgjande hovudtrekk for dei to kommunane:

Tabell 11 Hovudtrekk i utvikling av næringslivet i Bokn og Tysvær

Utviklinga på Bokn	Utviklinga i Tysvær
I perioden 1995-1999 var små endringar i talet på arbeidsplassar i Bokn. I perioden 2000-2004 var det nedgang frå 324 til 284, der særleg nedgangen i 2004 er dramatisk.	Talet på arbeidsplassar i Tysvær auka med 600 i perioden 1995-1999 og med ca 200 i neste 5-årsperiode.
Ein etter måten stor del av arbeidsplassane er i primærnæringane. Fiske- og fiskeoppdrett har vori viktige næringar på Bokn, men sysselsettinga her gått sterkt ned den siste tida.	Tysvær har ein høg del av dei sysselsette i industri. Medan industrisysselsettinga i Bokn har gått tilbake har ho auka i Tysvær. Dette skuldast truleg utviklinga på Kårstø.
I 2004 var over 36% av arbeidsplassane i kommunal sektor.	Tysvær har omtrent like stor del av dei sysselsette i offentleg sektor som landet totalt. Arbeidsplassane i kommunen utgjorde omtrent 30% av det totale talet på arbeidsplassar.
I 2004 var det 80 fleire yrkesaktive enn arbeidsplassar på Bokn. Tysvær og Hagesund er dei klart viktigaste arbeidsplasskommunane for dei som pendlar frå Bokn, og kommunen er godt integrert i den regionale arbeidsmarknaden på Haugalandet	I Tysvær er det omtrent like mange av dei yrkesaktive som arbeider i kommunen og som pendlar ut. Hagesund er den dominerande arbeidsplassen for utpendlarane frå Tysvær. Det er og mange som pendlar inn til Tysvær frå Hagesund og Karmøy

Bokn har høg og aukande arbeidsløyse. Det er særleg blant kvinner det er høg arbeidsløyse. Kommunen har og etter måten mange på attføring og arbeidsmarknadstiltak. Det er og dårleg lønsemd i fleire av dei bedriftene som er i gang i dag.	Tysvær har eit mykje meir robust næringsgrunnlag enn Bokn. Arbeidsløysa er etter måten låg, det er gjennomsnittleg god lønsemd i verksemdene i kommunane, og det er vekst i sysselsettinga i kommunen.
I nærings NM (sjå 4.7) er gjennomsnittsplasseringa til Bokn nr 305 av 433 kommunar for perioden 2000-2004	Tysvær er nr 92 av 433 kommunar i nærings NM.

<b>Næringsutviklinga og fordelar/ulempor ved ei eventuell kommunesamanslåing:</b>
<b>Moment som talar for samanslåing</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Nye Tysvær vil få ein mykje meir robust næringsstruktur enn det Bokn har med høg arbeidsløyse og stor sårbarheit</li> <li>• Kommunane inngår i ein felles bustad- og arbeidsmarknad. Dette tilseier sterk grad av felles interesser når det gjeld utviklingsstrategi</li> <li>• Ein ny Tysvær kommune vil ha mykje større økonomiske ressursar til å møte utfordringar når gjeld tilrettelegging av areal og annan infrastruktur</li> <li>• Kommunane har komplementære ressursar<sup>8</sup> for næringsutvikling som det er viktig å sjå i samanheng. Dette fører òg til behov for felles arealplanlegging med god kompetanse</li> <li>• Større evne til å delta i partnerskap av ulike slag. Dette gjeld t.d avtaler med overordna myndigheitar, med næringsorganisasjonar og store bedrifter.</li> </ul>
<b>Moment som talar mot samanslåing</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bokn har ressursar for næringsutvikling som gjer dei "konkurransedyktige" framover (dette vil òg vere eit FOR-argument)</li> <li>• Bokn som stad kan bli mindre synleg</li> <li>• Nye vegsamband vil gjere Bokn meir attraktiv som lokaliseringsstad i framtida</li> </ul>
<b>"Nøytrale" moment</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Strategiar og arbeid innanfor det regionale næringsarbeidet</li> <li>• Kommunal merksemd og støtte til bedrifter som er lokalisert på Bokn eller i Tysvær</li> </ul>

<sup>8</sup> Med det meiner vi at Bokn har ressursar som ikkje Tysvær har. Dette gjeld mellom anna god tilgang til sjønære område, fritidsområde og potensial for turismeutvikling.

Hovudtrekka ovanfor viser at Bokn har ein sårbar næringsstruktur, og det kan verke som næringslivet i Bokn på ulike måtar slit for å oppretthalde aktiviteten. I Tysvær er situasjonen motsett med vekst i talet på arbeidsplassar og god lønsemd samanlikna med andre kommunar. Sett i høve til spørsmålet om kommunesamanslåing, gjev utviklinga i næringslivet den siste tida grunn til bekymring i ein liten kommune som Bokn. Dette går òg fram av rådmannens budsjettforslag for planperioden 2006-2009 der det heiter (s 4):

*Aktiviteten i næringslivet i Bokn dei siste åra synes ikkje å ha vore prega av optimisme. Det har vori vanskeleg å få til etableringar i industriområdet/fiskerihamna, og det har heller ikkje vori stor interesse for etableringar av fiskeriretta verksemd i dei gamle lokala til Bokn Fiskemottak. I slutten av august blei også Alvestadkroken Landhandel lagt ned. Som fylgje av den nedlegging av arbeidsplassar som har funne stad dei seinare åra og mangel på nye arbeidsplassar, er arbeidsløysa i Bokn stor.*

Til tross for dette registrerer vi likevel ei viss optimisme i næringslivet på Bokn. Den største bedrifta i kommunen, Bokn Plast, går svært godt for tida, og ein utvidar verksemda med bygging av ny hall. Bedrifta er nøgde med kommunen si tilrettelegging for deira behov, og sett frå bedrifta si side er spørsmålet om kommunesamanslåing ikkje noko viktig spørsmål. Til tross for stor arbeidsløysa på Bokn, er det likevel eit visst problem å få nok kvalifisert arbeidskraft til verksemdene lokalt. Omtrent 30% av arbeidsstokken er innpendlarar.

Søndre del av Tysvær med Kårstøanlegget og det store interkommunale næringsområdet for gassbasert og annan industri i Gismarvik, er truleg eit område med stort potensial for vidare utvikling. Dette saman med dei nye vegsambanda til Karmøy (T-sambandet) og lengre fram i tid Rogfast til Stavanger, vil truleg gjere dette området meir attraktivt både for næringsutvikling og busetting enn det er i dag. Dette sett i forhold til spørsmålet om kommunesamanslåing, gjer at det er argument både for og mot. Det at søndre del av Tysvær og Bokn har eit potensial for utvikling, gjer at folketalet vil kunne auke og følgjeleg vil òg Bokn kommune kunne få auka skatteinngang slik at det kan bli grobotn for meir levande lokalsamfunn. Det som i denne samanheng talar for ei samanslåing er at det er viktig å sjå utviklinga i søndre del av Tysvær og Bokn i samanheng når det gjeld utvikling av området. Kommunane har komplementære arealressursar. Dette gjeld t.d. bustadområde, fritidsområde, område for hytter, hamneområde og industriområde. Det gjer at det er viktig å sjå områda i samanheng når det gjeld utnytting av areala. Ein større kommune vil ha større ressursar å gå inn med både til planlegging og tilrettelegging for utvikling.



## 4.2 Arbeidsplassar fordelt på næring

Tabell 12 viser at det samla talet på arbeidsplassar i Bokn har gått ned frå 319 i 2000 til 281 i 2004, dvs ein nedgang på 12 % på fire år. Tilsvarende tal for Tysvær er ein vekst frå 3456 til 3674, dvs. ein vekst på godt og vel 6%. For Rogaland totalt er det ein vekst på 5%. Samanliknar vi med dei andre kommunane på Haugalandet, finn vi at det berre er Utsira som har dårlegare utvikling i talet på arbeidsplassar enn Bokn. Ølen har sterkast vekst, medan Haugesund og Tysvær som har lik vekst, kjem på andre plass blant kommunane på Haugalandet.

Tabell 12. Yrkesaktive og arbeidsplassar<sup>9</sup> i Bokn og Tysvær 1990-2004. Statistikken tom 1999 kan ikkje direkte samanliknast med den frå og med 2000 der og sjølvstendig næringsdrivande er med. Før 2000 er det berre arbeidstakarar som er med i statistikken.

År	Yrkesaktive busett i Bokn	Arbeids-plassar i Bokn	Yrkesaktive busett i Tysvær	Arbeids-plassar i Tysvær
1990	250			
1991	246		2798	
1992	270		2992	
1993	344		3087	
1994	284		3093	
1995	292	204	3330	2369
1996	306	212	3427	2456
1997	321	237	3547	2778
1998	327	206	3704	2929
1999	316	216	3693	2973
2000	410	324	4404	3482
2001	383	323	4509	3452
2002	375	301	4557	3486
2003	360	316	4603	3586
2004	365	284	4720	3693

<sup>9</sup> Den registerbaserte sysselsettingsstatistikken omfatter personer mellom 16-74 år som var registrert bosatt i landet på referansetidspunktet, og som har utført arbeid av minst en times varighet i referanseuken, eller var midlertidig fraverende fra slikt arbeid. Ein person blir berre registrert ein gong. (Kjelde: SSB Om den registerbaserte sysselsettingsstatistikken.)

Tabell 13 Næringsstrukturen i Bokn, Tysvær, Rogaland og landet totalt i 4.kvartal 2004  
 Prosent arbeidsplassar i ulike næringer. Kjelde SSB

Næring (nace-kode) <sup>10</sup>	Bokn	Tysvær	Rogaland	Landet totalt
Primærnæringer (01-05)	16,4	10,9	4,5	3,5
Industri mv (10-41)	12,1	26,6	21,5	13,1
Bygg og anlegg (45)	2,8	7,8	6,7	7,4
Handel (50-52)	5,0	10,2	14	15,2
Hotell og restaurant (55)	4,3	1,4	3,2	3,3
Transport (60-64)	10,3	4,8	5,9	6,9
Forretningstenester (65-74)	3,2	2,9	10,8	12,3
Personleg tenesteyting (90-99)	2,1	2,5	3,3	4,0
Offentleg administrasjon, undervisning, helse og sosialtenester (75-85)	43,8	33	30,1	34,3
Totalt	100	100	100	100
N= arbeidsplassar totalt	281	3674	191 831	2274000

Tabell 13 viser arbeidsplassar fordelt på næring i Bokn, Tysvær, Rogaland og landet totalt i 2004. Tabellen viser at primærnæringerne utgjør ein relativt stor del av talet på arbeidsplassar i Bokn og Tysvær samanlikna med resten av Rogaland og landet totalt. Industrien har òg ein sterk posisjon i Tysvær. Det er lite forretningstenester i dei to kommunane, medan sysselsettinga i offentleg administrasjon, undervisning og helsetenester er stor i Bokn. Desse arbeidsplassane er for det aller meste kommunale.

Endringane i arbeidsplassar frå 2000 – 2004 viser for Bokn sin del nedgang i bygg og anlegg, primærnæringerne og industri. Særleg i 2004 var det sterk nedgang i industrien. Dette skuldast nedlegging av fiskemottaket på Bokn,


<sup>10</sup> Litt nærare om kva næringer som er med i ein skilde grupper:

65-74 omfattar mellom anna bank, forsikring, eigedomsutvikling, databehandling og tenesteyting innan regnskap, bedriftsrådgjeving og annan konsulentverksemd.


90-99 personleg tenesteyting omfattar mellom anna ulike typar av interesseorganisasjonar, fritidsverksemd, underhaldning, bibliotek og personleg tenesteyting som frisering, helsestudio med meir.

og verknaden av dette var særleg at talet på industriarbeidsplassar for kvinner vart redusert frå 22 i 2003 til 3 i 2004. Industriarbeidsplassane er fyrst og fremst knytt til Bokn Plast og Grieg Seafood som har eit smolt- og matfiskanlegg på Bokn. I følgje Bokn Bygdeblad har Bokn Plast ca 25 fast tilsette, men i periodar kan det vere 40-45 tilsette. Høgsesongen er sommaren. 60-70% av dei fast tilsette er frå nærmiljøet. Grieg Seafood som har både matfiskanlegg og settefiskanlegg på Bokn, har 10-12 tilsette. For tida utvidar dei anlegga for smoltproduksjon. I tillegg er eit oppdrettsanlegg for krabbe under planlegging. Dette vil ha 5 tilsette i oppstartfasen. Dette viser at det for tida er aktivitet på Bokn som kan føre til at talet på industriarbeidsplassar tek seg noko opp i tida framover.

Offentleg tenesteyting viser svak vekst. Vi finn òg vekst innan dei private tenesteytande næringane, men desse utgjer få arbeidsplassar. Ifølgje våre informantar gikk det betre med næringslivet på Bokn i 2005. Bokn Plast som har investert i nytt bygg, går svært godt, men har problem med å rekruttere arbeidskraft. Det er òg verdtt å nemne at som tilleggsnæring til landbruket, er det utvikla arbeidsplassar som utgjer 23 årsverk på Bokn (oppllysning frå ordførar). Dette er kompetansearbeidsplassar innan helse- og omsorgstenester.



Figur 10 Endring i arbeidsplassar i Bokn frå 2000 til 2004. Prosent. Kjelde SSB



Figur 11 Endring i arbeidsplassar i Tysvær 2000-2004. Prosent. Kjelde: SSB


Tysvær har hatt vekst i arbeidsplassar i dei fleste næringane. Unntaket er handel, primærnæringane og personleg tenesteyting. Sterkast vekst er det i forretningsstenester, men også arbeidsplassane i industrien aukar. Dette skuldast truleg særleg utviklinga på Kårstø.

Ser vi på Bokn og Tysvær under eitt, auka talet på arbeidsplassar frå 3806 i 2000 til 3977 i 2004. Sjølv om utviklinga på Bokn har vore negativ, har dei to kommunane sett under eitt hatt ei positiv utvikling.

### 4.3 Pendlingsomfang og pendlingsstraumar

Vi skal her sjå nærare på pendlinga<sup>11</sup> frå/til dei to kommunane. Har kommunane overskot eller underskot på arbeidsplassar, og kvar er det folk pendlar til og frå? Figur 12 viser at både Bokn og Tysvær har færre arbeidsplassar i kommunen enn det er yrkesaktive busett i kommunane. Nettunderskotet på arbeidsplassar i 2004 var 22% i begge kommunane. På Haugalandet er det berre Sveio og Karmøy som har større netto utpendling. Haugesund og Ølen har overskot på arbeidsplassar.

<sup>11</sup> Ein pendlar er ein person som på veg frå bustad til arbeid kryssar ei kommunegrense.



Figur 12 Nettoppendling i 2004 = Innpendling – utpendling. Prosent av yrkesaktive i kommunane.

Tabell 14 Innpendlarar, utpendlarar og nettoppendling i Bokn og Tysvær 2000 - 2004

		2000	2001	2002	2003	2004
Bokn	Innpendling	68	88	79	105	84
	Utpendling	154	148	153	149	165
	Nettoppendling	-86	-60	-74	-44	-81
Tysvær	Innpendling	1317	1314	1379	1404	1514
	Utpendling	2239	2371	2450	2421	2538
	Nettoppendling	-922	-1057	-1071	-1017	-1024

Av dei 365 yrkesaktive som budde på Bokn hausten 2004, var det i alt 200 eller tilsvarende 55% som arbeidde i kommunen. Dei andre 165 pendla ut, og samstundes var det 84 som pendla inn. Tabell 14 viser at nettoppendlinga for Bokn sin del har variert ganske mykje frå 2000 til 2004. Dette skuldast fyrst og fremst variasjonar i innpendlinga, noko som har med variasjonar i talet på arbeidsplassar i Bokn å gjere. Utpendlinga har vori ganske konstant fram til 2003, men auka noko i 2004. Det siste skuldast truleg at talet på arbeidsplassar i kommunen gjekk sterkt ned i 2004.

Tabell 15 Pendlingsmatrise for 2004 for Bokn og Tysvær

Bustad	Arbeidsstad							
	Bokn	Tysvør	Haugesund	Karmøy	Stavanger	Ølen/Vindaf	Bergen	Andre
Bokn	200	57	41	11	9	3	2	42
Tysvær	30	2182	1416	369	84	123	87	429
Haugesund	21	671						
Karmøy	9	373						
Stavanger	9	28						
Ølen/Vind	2	127						
Bergen	0	7						
Andre	13	251						

I Tysvær var det 2182 av i alt 4720 yrkesaktive busett i kommunen i 2004 som arbeidde der. Det utgjer 46%, og følgjeleg er det fleire av dei yrkesaktive som arbeider utanfor enn i kommunen. Innpendlinga til Tysvær auka med 200 frå 2000 til 2004, men utpendlinga har auka enda sterkare slik at netto utpendlinga auka frå 922 til 1024 yrkesaktive.

Tabell 15 viser at av dei 165 som pendla frå Bokn, var det 98 som pendla til Tysvær og Haugesund. Av dei 42 "andre" er det 15 som er oljependlarar og 18 pendlar til andre kommunar i Rogaland. Tilsvarande tal for Tysvær er 115 oljependlarar og 128 til andre kommunar i Rogaland. Over 1400 pendla til Haugesund. Utover dette er pendlarane spreidd over store område.

Samstundes som Tysvær er den kommunen som har flest innpendlarar frå Bokn, er òg Tysvær bustadkommunen for dei fleste som pendlar til Bokn. Der-nest kjem Haugesund. Ved sida av Haugesund er det mange innpendlarar frå Karmøy til Tysvær.

Det geografiske mønsteret for pendling viser at Bokn og Tysvær er sterkt integrert i ein regional arbeidsmarknad på Haugalandet. Tysvær er òg ein viktig arbeidsmarknad for boknarane, sidan 15% av dei yrkesaktive på Bokn pendlar til Tysvær. Samstundes er 10% av arbeidsplassane på Bokn besett av folk frå Tysvær, og det er frå Tysvær kommune dei fleste innpendlarane på Bokn kjem frå.

#### 4.4 Handelsnæringa og handlemønsteret i regionen

Analysen av kommunestrukturen i Rogaland (Strand og Moen 2005) viser at omsetninga i detaljhandelen i forhold til folketalet, er svært liten i Tysvær (44%

dekningsgrad<sup>12</sup>), medan Bokn har 68% handelsdekning. Spørsmålet er om ei kommunesamanslåing vil endre handelsmønsteret i dei to kommunane.

Når Tysvær har såpass dårleg handelsdekning i dag har dette samanheng med at det er kort veg til Haugesund samstundes som det er eit stort handelsområde (Raglamyr) med kjøpesenter og mange typar forretningar like utanfor kommunegrensa som trekkjer mykje folk. Det er daglegvareforretningar i alle sentra og spesialforretningar i Aksdal og delvis i Førdesfjorden og Nedstrand Bokn har daglegvareforretning og bensinstasjon. Ein butikk vart lagt ned på Bokn i 2004; Alvestadkroken handel. Dette er eit døme på kva som ofte skjer når folketalet går ned. Desse funksjonane er truleg viktige for dei som bur på Bokn. Med ei kommunesamanslåing vil ein få større trafikk til senteret i Aksdal. Vel så viktig er det truleg korleis T-sambandet til Karmøy vil slå ut, og lengre fram i tid Rogfast. Talet på arbeidsplassar på Bokn er òg avgjerande for å oppretthalde busetnad og kjøpekraft.

#### ***4.5 Arbeidsplassar i offentleg sektor***

Ut frå SSB sine tal hadde Bokn 101 arbeidsplassar i kommunal sektor i 2004 (Tabell 16). Dette tilsvarar 35,6% av arbeidsplassane i kommunen. Ut frå opplysningar frå rådmannen i Bokn tilsvarar dette ca. 60 årsverk, dvs at det er mange som har deltidsstillingar. Tysvær kommune med 12 gonger så stor folkemengd, hadde 1132 arbeidsplassar, dvs 30,6% av arbeidsplassane i kommunen. Flest sysselsette er det i helse- og sosialtenester. Her finn vi òg ein auke på over 100 arbeidsplassar i Tysvær frå 2000 til 2004. For dei andre sektorane er det små endringar både i Bokn og Tysvær.

---

<sup>12</sup> Detaljhandelsomsetning i forhold til potensialet rekna i forhold til folketalet i kommunen.

Tabell 16 Arbeidsplassar i næringane off administrasjon(nace 75), undervisning(nace 80) og helse og sosialtenester(nace 85), og i kommunal sektor totalt<sup>13</sup> i Bokn og Tysvær 2000 – 2004. Kjelde: SSB: Registerbasert sysselsettingsstatistikk

Område	2000	2001	2002	2003	2004
<b><u>Bokn</u></b>					
Offentleg administrasjon	20	27	21	27	27
Undervisning	30	24	20	18	25
Helse og sosialtenester	68	69	71	67	71
Syssette i komm sektor	100	100	84	92	101
<b><u>Tysvær</u></b>					
Offentleg administrasjon	221	196	180	227	240
Undervisning	327	313	310	327	316
Helse og sosialtenester	532	587	615	601	656
Syssette i komm sektor	972	1031	1054	1095	1132


#### 4.6 Om konkurranseutsett næringsliv i kommunane

Dei konkurranseutsette bransjene er definert som fiske, fiskeoppdrett, bergverk og industri (unnateke aviser og forlag), sjøtransport, forretningstenester og hotell og restaurant (Vareide 2005). Ut frå denne definisjonen finn vi at både Bokn og Tysvær i 2004 hadde om lag 25% av arbeidsplassane i konkurranseutsett næringsliv (Figur 13). Dette er litt lågare enn gjennomsnittet for Haugalandet som er 28,6%. Sett i forhold til landet som heilskap, er det likevel ein relativt stor del av arbeidsplassane som er konkurranseutsett.


I 2003 hadde Bokn heile 36% i konkurranseutsett verksemd. Nedgangen til 2004 skuldast i fyrste rekke at fiskemottaket vart lagt ned. Dette viser at det er tale om ein sårbar næringsstruktur som lett blir påverka av konjunktur og svingingar i ulike næringar. Det at Bokn har ein sårbar næringsstruktur går òg fram av Figur 14 som viser at det etter måten er få verksemd (aksjeselskap) på Bokn som går med overskot. I Tysvær går derimot ein høg del av bedriftene med overskot.

<sup>13</sup> Syssette i kommunal sektor er ikkje lik summen av syssette i dei tri næringane. Desse kan og innehalde syssette i privat sektor slik som til dømes legar og tannlegar





Figur 13 Prosent av arbeidsplassane som er i konkurranseutsett verksemd i 2004.



Figur 14. Prosent av verksemdene med regnskapsmessig overskot. Omfattar berre Aksjeselskap.

Bokn har berre 9 bedrifter som går inn i talgrunnlaget for Figur 14. Dette tilseier at det lett vil vere store svingingar frå år til år. Frå 1998 til og med 2004 har prosent overskotsbedrifter vori:


- 1998 – 50,0 %
- 1999 – 66,7 %
- 2000 – 22,2 %
- 2001 – 37,5 %
- 2002 – 57,1 %
- 2003 – 57,1 %
- 2004 – 44,1 %

Dette viser at 2004 var eit etter måten dårleg år, men at lønsemda i verksemdene på Bokn likevel kan karakteriserast som svak.

#### 4.7 Næringsutviklinga i kommunane og i regionen samanlikna med andre kommunar

Telemarksforsking har på oppdrag frå NHO utvikla indeksar for samanlikning av korleis næringsutviklinga i kommunane er. Dette er kalla "Nærings NM" (Vareide 2005). Indeksen byggjer på:

- Del av foretaka som er lønsame
- Del av foretaka med vekst
- Nyetableringar i forhold til eksisterande bedriftsbestand
- Del av arbeidsplassane som er i privat sektor




Figur 15 Rangering av kommunane på Haugalandet etter nærlevsindeksen for 2004. Talet til venstre gir gjennomsnittleg rang av kommunane i heile landet for alle åra 2000-2004. Lågt tal gjev best rangering. Talet ut frå søylene til høgre er ein berekningsindeks for rangeringa.

Figur 15 viser at kommunane på Haugalandet kjem ganske godt ut. Seks av dei 10 kommunane var i den aktuelle femårsperioden (2000-2004) mellom dei 156

beste kommunane i landet. Dei to minste kommunane, Bokn og Utsira, kjem dårlegast ut. Ølen er nr 10 for landet totalt.

Ein annan indikator på næringsutviklinga i kommunane er prosent av føretaka som har ein vekst i omsetninga som er større enn konsumprisindeksen. Dette er vist i Figur 16. Medan Tysvær omtrent har same del vekstføretak som Rogaland totalt, har Bokn etter måten få vekstføretak.




Figur 16 Prosent av verksemdene som er vekstverksemdar, dvs har ein omsetningsvekst som er større enn konsumprisindeksen

## 4.8 Arbeidsløyse

Tabell 17 Registrerte heilt arbeidsledige på Haugalandet i perioden 2000-2004. Årleg gjennomsnitt.

Kommune	2000	2001	2002	2003	2004
1106 Haugesund	740	704	704	806	739
1145 Bokn	10	9	9	14	16
1146 Tysvær	133	136	134	146	130
1149 Karmøy	745	741	745	818	707
1151 Utsira	2	1	6	6	6
1154 Vindafjord	44	33	37	52	57
1159 Ølen	0	0	38	45	45



Figur 17 Prosent registrerte heilt arbeidslause i Bokn, Tysvær, Haugesund, Karmøy, Rogaland og landet totalt for perioden januar2000 – sept 2005. Kjelde: SSB

Medan arbeidsløysa har auka på Bokn dei siste åra, har tala for Tysvær halde seg etter måten lågt i alle åra frå 2000. Dei nyaste tala for Bokn viser 22 heilt arbeidsledige (desember 2005) noko som tilsvarar ei arbeidsløyse på 6% fordelt med 4,8% på menn og 7,5% på kvinner. Tysvær hadde til same tid ei arbeidsløyse på 1,7%.

Når det er høg arbeidsløyse er det ofte mange på attføring og etter måten mange er føretrygda. I Figur 1 viste vi at Bokn samanlikna med andre kommunar har relativt mange uførepensjonistar og personar på attføring. Dei høge tala for arbeidsløyse og personar på attføring viser at Bokn er eit samfunn som har behov for ny næringsaktivitet.

#### **4.9 Respondentane si vurdering av næringsutvikling og næringsutviklingsarbeid**

Næringsarbeidet på Haugalandet er sterkt regionalisert. Haugaland Vekst og Haugalandsrådet er dei viktigaste aktørane. Sjølv om kommunane gjennom arealplanlegging og anna tilrettelegging av infrastruktur spelar ei viktig rolle for næringsutviklinga, vil ei kommunesamanslåing ha liten verknad for korleis det regionale næringsarbeidet blir drivi. Bokn kommune synest at deira stemme blir høyrte i dei interkommunale fora og meiner at dei gjennom danninga av Haugaland Vekst (felles næringssekskap for Bokn, Tysvær og Haugesund), har fått eit mykje betre kontaktnett. Haugaland Vekst har som strategi å sjå dei føremoner regionen har *under eitt*, dvs. at ein ser bort frå kommunegrensene når ein vurderer lokalisering av ny verksemd. Tilrettelegginga av industriområdet i Gismarvik i Tysvær kommune, er her eit godt eksempel.

Det kan tenkjast at Bokn blir mindre synleg viss kommunen blir slått saman med Tysvær. På den andre sida kan det tenkjast at dei ressursane Bokn rår over med tanke på næringsutvikling, lettare kan kome til syne og nyttast innanfor ein større kommune fordi ein større kommune har større slagkraft utad. Dette mellom anna på grunn av at ein "storkommune" vil rå over større økonomiske resursar til å møte utfordringane med. Bokn har nemleg einskilde ressursar som det er lite av i Tysvær. Dette gjeld areal nær sjøen som kan nyttast både for fritidsanlegg, fritidsbyggelse og næringsverksemd, slik som f. eks. hamneareal. For utvikling av turisme er det mellom anna naudsynt med god planleggingskapasitet, noko som vil vere betre i ein stor kommune enn i ein liten.

Etableringa av T-sambandet over til Karmøy, og på lengre sikt Rogfast, er noko som vil gjere Bokn meir attraktiv både for næringsverksemd, turisme og bustadbygging. Spørsmålet som reiser seg er om ein samanslått kommune vil ha større kapasitet til å realisere det potensialet som vil vere til stades enn kva

Bokn som ein liten kommune kan greie aleine. Lokalsamfunnsutviklinga er avhengig av folk og verksemder og spørsmålet er kva som vil tene lokalsamfunnet Bokn best. Dette er òg avhengig av den posisjon Bokn vil få i eventuelt nye Tysvær kommune. Er det stor vilje til å satse på utvikling av Bokn, vil ein samanslått kommune ha større ressursar til å gjere dette enn ein mindre. På den andre sida kan Bokn falle utanfor det som blir prioritert sidan det vil bli ein utkant i Tysvær.

Næringslivet på Bokn i dag ser liten forskjell på deira situasjon om Bokn blir slått saman med Tysvær. Bokn Plast seier f. eks. at dei er godt nøgde med hjelpa og tilrettelegginga dei har fått frå kommunen si side.

I kapittel 7 om "Kommunane si rolle som samfunnsutviklarar" kjem vi nærare tilbake til dei spørsmål som er tatt opp i dette kapitlet.

## 5 KONSEKVENSAAR FOR KOMMUNAL ØKONOMI

Fyrst i kapitlet ser vi på konsekvensane på dei frie inntektene (skatte og rammetilskot) som fylgje av ei eventuell kommunesamanslåing. Deretter ser vi på administrasjonsutgiftene og freistar å synleggjere potensialet for reduksjon i desse. Vi har her basert oss på KOSTRA-statistikk. Potensialet for ein reduksjon på 2-3 mill. kr på årsbasis harmonerer godt med anslaget for innsparte utgifter som er berekna i kapitlet om tenestetilbodet (kap. 6). Til slutt i kapitlet omtalar vi dei nye retningslinene for statleg økonomisk støtte til kommunesamanslåingar.

### 5.1 *Samanfattande vurderingar og moment for og i mot samanslåing*

Vi har gjort berekningar som viser at ein eventuell samanslått kommune vil få 16 mill. kroner meir i rammetilskot over den fyrste 10-års perioden etter samanslåinga. Over dei påfylgjande fem åra, dvs. for perioden 2018-2022 dersom samanslåinga skjer 1.1.2008, vil rammetilskotet bli redusert med 2,4 mill. kr per år. Frå og med år 15 etter samanslåinga vil rammetilskotet liggje 10,4 mill. kr under nivået på rammetilskota til Bokn og Tysvær i dag. Desse berekningane baserer seg på no gjeldande inntektssystem.

Vi har òg gjort tilsvarande berekningar basert på framlegget til nytt inntektssystem i NOU 2005:18. Den årlege inntektsauken dei 10 fyrste åra er her anslått til 0,7 mill. kr, dvs. snau millionen mindre på årsbasis enn kva berekningane basert på no gjeldande inntektssystem gav som resultat. Frå og med år 15 etter samanslåinga vil rammetilskotet her liggje 11,2 mill. kr under nivået på rammetilskota til Bokn og Tysvær i dag.

Bokn kjem spesielt dårleg ut i framlegget til nytt inntektssystem i NOU 2005:18 (Borge-utvalet). Ifylgje dei berekningane som utvalet har presentert, er det langsiktige tapet for Bokn på ca. 3.200 kr per innb. Det tilsvarar i så fall eit inntektstap på rundt 2,5 mill. kr på årsbasis. Viss det skulle bli tilfelle, vil Bokn truleg få svært store økonomiske utfordringar med å vere eigen kommune.

Bokn synes ikkje å få nokon spesiell reduksjon i rammeoverføringane som fylgje av forventa utvikling i folketal og alderssamansetting. Men gitt at befolkningsframskrivingane frå SSB slår til, er det grunn til å tru at skatteinntektene til kommunen vil bli redusert. Viss vi legg til grunn at skatteinntektene reduserast relativt like mykje som innbyggartalet, vil skatteinntektene for Bokn vere rundt 700.000 kr lågare i 2015 enn 2006 og ca. 1,4 mill. kr lågare i 2025 enn 2006.



Legg vi til grunn befolkningsframskrivingar for Bokn og Tysvær under eitt (= Nye Tysvær), viser berekningar at det vil vere ein underliggende vekst eller endring i folketal og alderssamansetting frå 2015 til 2025 som tilsvarar ein effekt på +2,8 mill. kr på årsbasis.<sup>14</sup> Saman med potensialet for reduksjon i administrasjonsutgiftene, er dette i alle fall delvis med på å motvirke inntektsbortfallet på 12 mill. kr etter perioden med inndelingstilskot.

Potensialet for reduksjon i administrasjonsutgifter er berekna til 2-3 mill. kr på årsbasis. Berekningane har basert seg på KOSTRA-statistikk, men anslaget harmoner godt med det som er utleia på ein annan måte i kapittel 6 om tenestetilbodet.

Dei nye retningslinene for statleg støtte til kommunesamanslåingar inneber ei klår innstramming i tilskotsordninga, sidan det ikkje lengre skal gjevast tilskot til infrastrukturtiltak så som breiband og vegar. Det er likevel grunn til å tru at "Nye Tysvær" vil få utløyst statlege midlar òg til infrastruktur.

---

<sup>14</sup> Berekningar som er gjort for perioden fram t.o.m. 2009, viser ein underliggjande vekst på 1,5 mill. kr.

<b>Økonomiske konsekvensar og fordelar/ulempar ved ei eventuell kommunesamanslåing:</b>
<b>Moment som talar for samanslåing</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rundt 16 mill. kr i auka rammetilskot over ein 10-års periode etter samanslåinga</li> <li>• Potensiale for 2-3 mill. kr i reduserte administrasjonsutgifter på årsbasis, der ei slik effektivisering frigjer ressursar/økonomi til tenesteproduksjon</li> <li>• Gitt at befolkningsframskrivingane for Bokn og Tysvær under eitt (= Nye Tysvær) slår til, vil det kunne gje ein isolert auke i rammetilskotet på opptil 3 mill. kroner på årsbasis. Det vil truleg inntre alt godt før inndelingstilskotet vert trappa ned og etterkvart fell bort.</li> <li>• Bokn vil framstå vesentleg mindre økonomisk sårbar innanfor ei større "kommune-eining" ved m.a. i større grad vere sikra mot eventuelle "eksterne sjokk" t.d. viss framlegget til nytt inntektssystem blir vedteke</li> <li>• Gitt at befolkningsframskrivingane frå SSB slår til, er det grunn til å tru at skatteinntektene til Bokn vil bli redusert ein del</li> </ul>
<b>Moment som talar mot samanslåing</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bortfallet av inndelingstilskotet i samband med ei evt. samanslåing, vil gje eit inntekstap på rundt 10 mill. kr på årsbasis</li> <li>• Garantien eller føringa om at ingen skal seiast opp som fylgje av ei eventuell kommunesamanslåing, svekkar potensialet for reduserte utgifter og dermed moglegheitane for auka økonomisk handlefridom</li> <li>• Dagens politiske regime synes å vere innstilt på at kommunane skal ha gode økonomiske vilkår sjølv om dei er små (jf m.a. den kraftige auken i regionaltilskotet etter regjeringsskiftet).</li> </ul>

## ***5.2 Konsekvensar for dei frie inntektene***

Fyrst vil vi vise effektane på rammetilskotet. Vi tek utgangspunkt i det gjeldande inntektssystemet. Ved ei kommunesamanslåing vil enkelte av kriteria i inntektssystemet bli endra slik at rammetilskotet til den nye kommunen ikkje tilsvare summen av tilskota til enkeltkommunane. Ved ei eventuell samanslåing av Bokn og Tysvær vil m.a. Bokns regionaltilskot (på vel 4,9 mill. kr for 2006) falle bort. Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet mottek kvar kommune eit basistilskudd som er like stort for alle kommunar. Ein samanslått kommune vil bare motta eitt basistilskot. Nye Tysvær vil såleis miste eitt basistilskot. Verdien av eit basistilskudd endrar seg med talet på kommunar i landet og det som blir berekna som det samla utgiftsbehovet for kommunesektoren. Verdien av eit basistilskot er ca. 7,1 mill. kr for 2006.

Busettingskriteria ”Reisetid”, ”Sone” og ”Nabo” i inntektssystema kompenserer på kvar sin måte for lang reisetid/lange reiseavstander i kommunen. Verdiane på desse kriteria vil endre seg ved ei kommunesamanslåing. Vi har fått Statistisk Sentralbyrå til å rekne ut verdiar for Nye Tysvær med Aksdal som kommunesenter. Alle dei tre kriteria får noko høgare verdi for den samanslåtte kommunen enn for dei to kommunane summert. Det samla utgiftsutjamnande tilskotet blir dermed noko høgere for den samanslåtte kommunen. Urbanitetskriteriet i inntektssystemet<sup>15</sup> vil alltid gje høgare tilskot som fylgje av ei samanslåing.

Når det gjeld inntektstjamma i inntektssystemet, vil denne bli påverka av ei kommunesamanslåing berre dersom aktuelle kommunar ligg på kvar si side av ei ”skatteinntektsgrense” per innbyggjar som tilsvarar 90 % av landsgjennomsnittet. I 2005 låg Bokn på 75,8 % og Tysvær på 82,5 %.

Eit inndelingstilskot, som ein del av rammeoverføringane, blir utløyst til kommunar som slår seg saman. Tilskotet skal fullt ut kompensere for det eine basistilskotet og regionaltilskotet som fell bort dersom nye Tysvær blir ein realitet. Inndelingstilskotet blir uavkorta utløyst over 10 år (med indeksregulering for kvart år) før det så trappast lineært ned til null kroner over dei påfylgjande fem åra.


I Tabell 18 og Figur 18 oppsummerer vi dei utrekningane som er gjort. I figuren samanliknar vi utviklinga i rammetilskotet til Nye Tysvær med summen av rammetilskota til Bokn og Tysvær som enkeltkommunar, med utgangspunkt i eit anslag for rammetilskotet i 2006. Nye Tysvær kommune vil få eit noko høgare tilskot frå staten enn kva Bokn og Tysvær får til saman som enkeltkommunar. Dette skuldast utslaga på dei nemnte kriteria innanfor utgiftstjamma av inntektssystemet. Men f.o.m. år 15 etter samanslåinga vil Nye Tysvær få vel 10 millioner kroner mindre pr år enn kva Bokn og Tysvær til saman ville ha fått som eigne kommunar. Samanliknar vi rammetilskotet f.o.m. år 15 med nivået dei 10 fyrste åra etter samanslåinga, er reduksjonen på 12 mill. kr på årsbasis. Det vil seie bortfall av eit basistilskot på 7,1 mill. kr og Bokns regionaltilskot på 4,9 mill. kr.

---

<sup>15</sup> Definerert ved innbyggartalet opphøgd i 1,2.

Tabell 18 Frie inntekter (skatt og rammetilskot) pr år i millioner 2006-kroner

	Nye Tysvær
Sum frie inntekter pr år før samanslåing (A)	277,7
Frie inntekter pr år i 10 år etter samanslåing (B)	279,3
Frie inntekter pr år frå og med år 15 etter samanslåing (C)	267,3
<b>Årleg effekt dei fyrste 10 åra (B-A), mill. kr</b>	<b>+ 1,6</b>
<b>Effekten i % av sum frie innt. før samanslåinga</b>	<b>+0,58</b>
<b>Årleg effekt frå og med år 15 (C-A), mill. kr</b>	<b>- 10,4</b>
<b>Effekten i % av sum frie innt. før samanslåinga</b>	<b>-3,75</b>



Figur 18 Frie inntekter (skatt og rammetilskot) pr år i millioner 2006-kroner

Vi har òg gjort tilsvarende berekningar som ovanfor, men der vi har teke utgangspunkt i forslaget til nytt inntektssystem presentert i NOU 2005:18 Fordeling, forenkling, forbedring (Borge-utvalet). Desse berekningane har gjeve eit slikt resultat:

Tabell 19 Frie inntekter (skatt og rammetilskot) pr år i millioner 2006-kroner (Borge-utvalet)

	Nye Tysvær
Sum frie inntekter pr år før samanslåing (A)	274,1
Frie inntekter pr år i 10 år etter samanslåing (B)	274,8
Frie inntekter pr år frå og med år 15 etter samanslåing (C)	262,9
<b>Årleg effekt dei fyrste 10 åra (B-A), mill. kr</b>	<b>+ 0,7</b>
<b>Effekten i % av sum frie innt. før samanslåinga</b>	<b>+0,26</b>
<b>Årleg effekt frå og med år 15 (C-A), mill. kr</b>	<b>- 11,2</b>
<b>Effekten i % av sum frie innt. før samanslåinga</b>	<b>-4,09</b>

Det er sikkert godt kjent at korkje Bokn eller Tysvær synes å kome godt ut av forslaget til nytt inntektssystem frå Borge-utvalet. Spesielt gjeld dette for Bokn. Ifylgje dei berekningane som Borge-utvalet har presentert, er det langsiktige tapet for Bokn på ca. 3.200 kr per innb. Det tilsvarar i så fall eit inntektstap på rundt 2,5 mill. kr på årsbasis. Viss det skulle bli tilfelle, vil Bokn truleg få svært store økonomiske utfordringar med å vere eigen kommune.

Vi har elles gjort nokre berekningar for å illustrere korleis befolkningsframskivingane frå SSB vil kunne påverke rammetilskotet. Tabell 20 viser anslag på korleis rammetilskotet til Bokn vil utvikle seg fram t.o.m. 2009. Dei to siste linene viser kor stort rammetilskotet ville vore i år viss Bokn alt per 1.1.06 hadde eit samla innbyggartal og ei alderssamansetting som befolkningsframskivingane legg til grunn for høvesvis 2015 og 2025.

Tabell 20 Illustrasjonsberekningar for framtidig utvikling i Bokns rammetilskot, ekskl. inntektsutjamning. Nøgjeldande inntektssystem. 1.000 kr

	2006	2007	2008	2009
<b>Bokn</b>				
Rammetilskot u/ bef.prognose	17 193	17 275	17 359	17 358
Rammetilskot m/ bef.prognose	18 121	17 980	17 497	17 581
R.tilskot viss bef.progn for 2015 i '06	<b>17 983</b>			
R.tilskot viss bef.progn for 2025 i '06	<b>17 461</b>			

Vi ser at det ikkje dreiar seg om nokon reduksjon når vi samanliknar med rammetilskotet utan nokon befolkningsprognose.<sup>16</sup> Den delen av rammetilskotet som gjeld inntektsutjamninga, basert på korleis skatteinntektene per innbyggjar

<sup>16</sup> Dvs. dersom vi samanliknar med ei prognose for rammetilskotet som tek utgangspunkt i samla innbyggartal og alderssamansetting per 1.1.05.

utviklar seg, er halde utanom. Dersom vi føreset at dette forholdstalet ligg fast for Bokn, dvs. at skatteinntektene og innbyggartalet utviklar seg proporsjonalt, vil inntektsutjamninga ikkje bli påverka isolert sett. Skatteinntektene vil derimot bli lågare. Viss vi held fast på føresetnaden om at skatteinntektene reduserast relativt like mykje som innbyggartalet, vil skatteinntektene for Bokn vere rundt 700.000 kr lågare i 2015 enn 2006 og ca. 1,4 mill. kr lågare i 2025 enn 2006.

I Tabell 21 viser vi anslag på korleis rammetilskotet til ein eventuelt samanslått kommune vil utvikle seg fram t.o.m. 2009.<sup>17</sup> Dei to fyrste linene viser at Nye Tysvær vil oppleve auka rammetilskot når vi legg til grunn innbyggjarprognosene frå SSB. Effekten er ca. 1,5 mill. kr på årsbasis når vi ser på perioden fram t.o.m. 2009. Dei to siste linene viser kor stort rammetilskotet ville vore i år viss Nye Tysvær alt per 1.1.06 hadde eit samla innbyggartal og ei alderssamansetting som befolkningsframskrivingane legg til grunn for høvesvis 2015 og 2025. Reduksjonen på 9,2 mill. kr frå 2015 til 2025 skuldast at inndelingstilskotet har falle bort. Inndelingstilskotet for Nye Tysvær er på 12 mill. kr. Tala viser derfor at det vil vere ein underliggende vekst eller endring i folketal og alderssamansetting frå 2015 til 2025 som tilsvarar ein effekt på +2,8 mill. kr på årsbasis.

*Tabell 21 Illustrasjonsberekningar for framtidig utvikling i Nye Tysværs rammetilskot, ekskl. inntektsutjamning. Nogjeldande inntektssystem. 1.000 kr*

	2006	2007	2008	2009
<b>Nye Tysvær</b>				
Rammetilskot u/ bef.prognose	88 943	89 575	90 436	90 410
Rammetilskot m/ bef.prognose	89 975	91 120	91 903	92 148
R.tilskot viss bef.progn for 2015 i '06	<b>91 718</b>			
R.tilskot viss bef.progn for 2025 i '06	<b>82 505</b>			

### **5.3 Administrasjonsutgifter og potensialet for reduksjon i desse**

Generelt vil ei målsetjing ved ei kommunesamanslåing vere å kunne frigjere ressursar frå administrasjon til tenesteproduksjon. I ein kommuneadministrasjon vil det vere ein del oppgåver som skal løysast uansett om kommunen har få eller mange innbyggjarar. Administrasjonsutgiftene målt per innbyggjar er derfor normalt lågare i store kommunar enn i små kommuner. Det får vi eit bilete av i Tabell 22 for administrasjonsutgiftene i Bokn og Tysvær. Ein konsekvens av denne kostnadsstrukturen er at ei kommunesamanslåing kan utløyse stordrifts-

<sup>17</sup> Berekningsteknisk har vi lagt til grunn at samanslåinga skjedde per 1.1.06.

fordelar. Det gjeld òg innanfor andre sektorar, men er truleg mest typisk på administrasjonsområdet.

*Tabell 22 Netto driftsutgifter til administrasjon, per innbyggjar*

Funksjon*	2003		2004	
	Bokn	Tysvær	Bokn	Tysvær
<b>100</b>	1331	350	1537	360
<b>120</b>	4908	3430	3910	2750
<b>130</b>	303	289	769	254
<b>180</b>	85	16	793	18
<b>Totalt</b>	<b>6627</b>	<b>4085</b>	<b>7009</b>	<b>3382</b>
<b>Innb. per 1. januar</b>	<b>765</b>	<b>9092</b>	<b>767</b>	<b>9213</b>

\*) KOSTRA-funksjon 100 er politisk styring og kontrollorgan, 120 administrasjon, 130 administrasjonslokaler og 180 diverse fellesutgifter

Tabellen viser netto driftsutgifter per innbyggjar til administrasjon i Bokn og Tysvær. Vi har tatt med rekneskapstal frå to årgangar, og vi ser at det er relativt store endringar i tala frå 2003 til 2004. Sidan ordningen med generell moms-kompensasjon blei innført i 2004, skal netto driftsutgiftene, alt anna likt, vere lågare i 2004 enn i 2003. Vi ser at dette stemmer for Tysværs vedkomande, medan Bokn faktisk hadde ein viss auke.

Det er naturleg å leggje til grunn at etter ein tilpasningsperiode vil administrasjonsutgiftene per innbyggjar i Nye Tysvær kommune kunne liggje på nivået til dagens Tysvær kommune. Dette er tanken bak utrekna innsparingspotensial i besparelse i Tabell 23.

Tabell 23 Netto driftsutgifter totalt til administrasjon og potensiell innsparing

	Talgrunnlag	
	2003	2004
<b>Bokn</b>	5 070 000	5 376 000
<b>Tysvær</b>	37 140 000	31 154 000
<b>Bokn + Tysvær</b>	42 210 000	36 530 000
<b>Nye Tysvær</b>	40 265 000	33 332 000
<b>Årleg innsparing, kroner</b>	1 945 000	3 198 000
<b>Årleg innsparing, %</b>	4,6 %	8,8 %

Linja merka "Bokn + Tysvær" viser summen av utgiftene til administrasjon i dei to kommunane i 2003 og 2004. Tala i linja merka "Nye Tysvær" er utrekna ved å gange utgifter per innbyggjar i 2003/2004 med det samla innbyggartalet i Bokn og Tysvær i same år. Differansen mellom faktiske utgifter og anslåtte utgifter gjev ei årleg innsparing som vist nederst i tabelloppstillinga. Sidan utviklinga frå 2003 til 2004 var så ulik i Bokn og Tysvær, er resultatata basert på dei to årgangane òg ganske ulike.

Vi har gjort den same "rekneøvinga" for brutto driftsutgifter til administrasjon, dvs. at inntektene t.d. knytta til momskompensasjon er haldne utanom. Resultata visast her i Tabell 24. Det er òg her lagt til grunn at Nye Tysvær vil ha administrasjonsutgifter per innbyggjar på same nivå som dagens Tysvær.

Tabell 24 Brutto driftsutgifter til administrasjon og potensiell innsparing

	Talgrunnlag	
	2003	2004
<b>Bokn</b>	5 549 000	6 049 000
<b>Tysvær</b>	41 641 000	36 589 000
<b>Bokn + Tysvær</b>	47 190 000	42 638 000
<b>Nye Tysvær</b>	45 145 000	39 641 000
<b>Årleg innsparing, kroner</b>	2 045 000	2 997 000
<b>Årleg innsparing, %</b>	4,3 %	8,2 %

Vi kan derfor indikere eit årleg innsparingspotensiale på 2-3 mill. kr.



## **5.4 Kommunesamanslåing og statleg finansiering – nye retningslinjer**

I notat frå KRD av 08.02.06 er det gjeve retningslinjer for kva staten kan gje økonomisk støtte til i samband med kommunesamanslåingar. Del 2 av notatet tek for seg mogleghetane for statleg støtte til konsekvensutgreiing av ei eventuell kommunesamanslåing, og til informasjon og folkehøyringar i etterkant av utgreiing. Til sistnemnte vil kvar kommune som har delteke i utgreiinga, kunne motta statleg støtte med inntil 100.000 kr.

Del 1 av notatet tek for seg dei økonomiske rammevilkåra ved ei faktisk kommunesamanslåing. Prinsippa for utmåling av inndelingstilskotet er dei same som før. Ved ei eventuell kommunesamanslåing av Bokn og Tysvær frå 1.1.08 vil inndelingstilskotet til Nye Tysvær omfatte eit basistilskot og eit regionaltilskot. Inndelingstilskotet vil så liggje på reelt uendra nivå i perioden 2008-2017, for så å bli trappa ned med 1/5 kvart år i perioden 2018-2022.


I notatet visast det elles til at inndelingslova har lovfesta at kommunar som slår seg saman, skal få delvis statleg kompensasjon for eingongskostnader som er direkte knytta til samanslåingsprosessen. Ifylgje notatet har praksis ved dei siste kommunesamanslåingane vore ein statleg finansieringsdel på 40-60 %. Det er lista opp løn og kostnader knytta til prosjektleiar, møteutgifter for fellesnemnd, frikjøp av tillitsvalde, prosessamlingar, informasjonskostnader og utgifter til IKT som døme på eingongskostnader som har blitt kompensert. Notatet slår elles fast at det er fritak for betaling av dokumentavgift, tinglysingsgebyr og omregistreringsavgift på disposisjonar (t.d. heimsoverføring) som fylgjer direkte av ei kommunesamanslåing.

Dei nye retningslinjene signaliserer ikkje lengre noko statleg støtte til infrastrukturtiltak i samband med kommunesamanslåingar. Samanlikna med kva som var tilfelle overfor dei siste kommunesamanslåingane, basert på retningslinjer frå den førre regjeringa, må dette oppfattast som ei klår innstramming av dei statlege økonomiske bidraga. Vi har likevel oppfatta ny regjering at dei skal praktisere dei gamle retningslinjene for moglege samanslåingar der aktuelle kommunar innan fristen 1. juli 2005 meldte seg på eit vidare "utgreiingsløp". Det er derfor grunn til å tru at ei eventuell samanslåing av Bokn og Tysvær likevel vil få utløyst statlege midlar òg til infrastruktur.

I dei førre retningslinjene frå KRD (av 18.01.05) var andre økonomiske verkemiddel nemnt; så som støtte til breiband, samferdsleprosjekt og annan infrastruktur. Figur 19 viser kor mykje staten har gjeve i økonomisk støtte til tre gjennomførte kommunesamanslåingar (Bodø/Skjærstad per 1.1.05 og Ølen/Vindafjord og Aure/Tustna per 1.1.06) og ei samanslåing (Kristiansund/Frei) som skal skje per 1.1.08. Det samla støttebeløpet er i figuren fordelt

på kva slags type utgifter eller føremål som tilskotsmidlane har finansiert. Alle desse tilsagna blei gjeve i den førre Stortingsperioden. Tala er henta frå Asplan Viak og Telemarksforsking's rapport frå følgjeevalueringa av desse fire kommunesamanslåingane.


### Støtte til sammenslutningene fra KRD



Figur 19 Statleg støtte til fire kommunesamanslåingar, alle med tilsagn i Stortingsperioden 2001-2005.

I Figur 20 er støtta til infrastrukturtiltak ikkje teke med for å illustrere kva den økonomiske støtta ville ha blitt med dei nye retningslinene.

### Støtte til sammenslutningene: Kun engangskostnader-prosess



Figur 20 Statleg støtte til fire kommunesamanslåingar, alle med tilsagn i Stortingsperioden 2001-2005, men eksklusive midlar til infrastrukturiltak

## 6 TENESTETILBODET

Kapitlet skildrar dei kommunale tenestene i Bokn og Tysvær kommunar, samt konsekvensar ved dei to aktuelle utfalla av den samanslutningsdialogen kommunane er inne i. Vi tar primært utgangspunkt i korleis tenestene i dag er organisert i Tysvær kommune. I den grad ein refererer til KOSTRA-tal, blir tala tilpassa tenesteinndelinga i framstillinga. Vidare diskuterer vi behovet for kompetanse og spesialisering innan dei ulike tenesteområda, og korleis kommunane opplever og handterer dette. Vi ser òg på spørsmål knytt til innbyggjarane sin rettstryggleik i lys av deler av rettighetslovgevinga.

Sidan storleiken til dei to kommunane er så ulik, er det naturleg å forvente størst konsekvensar for Bokn kommune, både ved samanslåing og ved vidareføring av strukturen i dag. Derfor vil kapitlet i størst grad fokusere på konsekvensar for Bokn.

### 6.1 *Samanfattande vurderingar og moment for og i mot samanslåing*

Det sentrale spørsmålet er om ei kommunesamanslåing vil føre til eit dårlegare tenestetilbod for dei som bur på Bokn? Ut frå intensjonsavtala mellom Bokn og Tysvær heiter det:

*Det skal oppretthaldast eit godt og like tilgjengeleg tilbod av kommunale tenester for innbyggjarane i Bokn som det har vore før samanslåinga.*

I avtala lister ein opp dei tenester Bokn skal ha. Ut frå dette er det grunn til å tru at Bokn vil få eit godt tilbod i åra framover. På lengre sikt vil truleg tilbodet vere avhengig av korleis folketalet på Bokn utviklar seg. Til dømes vil skuletilbodet vere avhengig av elevgrunnlaget på dei ulike årstrinna.

For dei fleste tenesteområda er det ikkje grunn til å forvente vesentlege økonomiske konsekvensar av ei samanslåing. Tenestene skal framleis utøvast, og eventuelle innsparingar vil ligge i rasjonalisering og sentralisering av drifta. Den vedtekne avtalen som ligg som føresetnad for prosessen, inneber at dette i liten grad er aktuelt. Vi kan grovt anslå ei innsparing på ca 1,15 mill. kr til å drive det politiske apparatet. Anslaget tilsvarar utgiftene til det politiske apparatet i Bokn i dag. Innanfor administrative funksjonar vil ein ny kommune kunne spare inn kostnader tilsvarande ei rådmannsstilling, ei økonomisjefstilling samt ei stilling til, i alt ca kr 1,7 mill. Den reelle innsparinga vil truleg bli noko lågare sidan ei kommunesamanslåing vil føre til auka driftskostnader på IKT-sida.

På einskilde område, m.a. skule, barnevern og ulike tekniske tenester, opplever Bokn at kompleksiteten og dei stadig skjerpa spesialiseringskrava gjer det vanskeleg å ivareta ansvaret for heile tenesteproduksjonen. Dette blir delvis

kompensert ved kjøp av tenester og interkommunalt samarbeid, men det vil likevel vere slik at Bokn som eigen kommune kjem til å vere svært sårbar med omsyn til desse tenestene. Kompetanse og arbeidsoppgåver er samla på svært få personar, og det vil kunne vere svært problematisk for Bokn å handtere eventuelle uføresette situasjonar.

Avtala som ligg i botn for samanslutningsprosessen, legg klare føringar for kva tenester som etter ei eventuell samanslutning framleis skal tilbydast på Bokn. I følgje avtalen skal tenestetilbodet på Bokn på dei fleste område oppretthaldast på dagens nivå. Det er vanskeleg å sjå føre seg kva konsekvensar dette vil få på sikt, sidan kommunestyret som blir valt i 2011 ikkje vil vere bunden av denne avtala. Men på kort sikt kan ein vanskeleg sjå negative konsekvensar på tilgjenge. Det er derimot grunn til å vente at ei kommunesamanslåing vil føre til betre tilgjenge til fleire tenester, spesielt for boknarane.

Det er ikkje vesentlege rekrutteringsvanskar innan noko tenesteområde korkje i Tysvær eller Bokn kommune i dag. Generelt kan ein likevel forvente at det er lettare å rekruttere kompetent personell jo større fagmiljø personellet skal vere ein del av. Slik sett kan ein forvente ein viss positiv konsekvens for Bokn med omsyn til rekruttering. Når det gjeld kompetanse er mykje av den potensielle gevinsten allereie henta ut gjennom interkommunalt samarbeid rundt kompetansespørsmål.

Generelt vil problem knytt til habilitet/rettstryggleik bli redusert vesentleg ved ei eventuell samanslåing av Tysvær og Bokn. Konsekvensane i motsatt fall vil truleg vere ei ytterlegare skjerping av problema for Bokn, både sidan befolkningsframskrivingane for Bokn viser negativ utvikling og fordi trenden innan lovgjevinga er stadig meir rettighetsbasert lovgjeving.

Kapittel 6.3 gjev ei meir utfyllande drøfting av konsekvensar på tenestetilbodet ved ei eventuell kommunesamanslåing. Det blir der fokusert på konsekvensar innan fem ulike område; økonomi, tenestekvalitet, tilgjenge, kompetanse/rekruttering og habilitet/rettstryggleik. Desse kategoriane er ikkje gjensidig utelukkande og av og til kan ein konsekvens knytast til fleire kategoriar. Det vil t.d. ofte vere samanheng mellom kompetanse og tenestekvalitet.

<b>Tenestetilbodet og fordelar og ulemper ved ei eventuell kommunesamanslåing</b>
<b>Moment som talar for samanslåing:</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Einskilde deler av tenestetilbodet vil få betre kompetanse. Dette gjeld truleg i fyrste rekkje smale og vanskelege saksområde</li> <li>• 2,5-3 mill. kr (grovt anslag) i reduserte utgifter til administrasjon.</li> <li>• Det blir større avstand mellom innbyggerane og dei som handsamar sakene. Dette vil redusere habilitetsproblemet.</li> <li>• Ein liten kommune som Bokn der alle kjenner alle, fører lett til inhabilitet på grunn av kjennskap og venskap i sakshandsaminga. Dette kan og føre til at ikkje alle blir handsama likt.</li> <li>• Sikring av rettigheitar for innbyggerane innanfor barnevern, opplæring, helsetenester osv stiller mellom anna krav til kapasitet, kompetanse og avstand mellom klagar og sakshandsamar. Desse krava er lettare å ivareta i ei større kommune enn i ein liten kommune.</li> <li>• Ein vil redusere det demokratiske underskotet som stadig auka interkommunalt samarbeid fører til</li> </ul>
<b>Moment som talar mot samanslåing</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilgjenge til einskilde tenester vil bli dårlegare for folk på Bokn</li> <li>• Det blir større avstand mellom kommuneleiinga og innbyggerane</li> <li>• Sakshandsamarane vil kunne ha mindre lokalkunnskap</li> </ul>
<b>”Nøytrale” moment</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det interkommunale arbeidet med næringsutvikling. Lokalisering av næringsverksemd. Næringsarbeidet er allereie regionalisert.</li> </ul>

## **6.2 Kommunale tenester i Bokn og Tysvær**

### **6.2.1 Grunnskule**

#### **Bokn**

Bokn kommune har éin skule. Denne er kombinert barne- og ungdomsskule og har ca 119 elevar og 21,9 årsverk (inkl. seksjonssjef). Av desse er 5,7 refundert av andre (staten og fylkeskommunen.) Personalsituasjonen på skulen er stabil, og ein har ikkje rekrutteringsvanskar. Både eksamensresultat, nasjonale prøver og andre evalueringsverktøy viser at kvaliteten på skulen er høg. Ein opplever likevel vesentlege utfordringar knytt til statlege formkrav, samt krav til kompetansehevande tiltak for personalet. Derfor er det etablert eit tett samarbeid om kompetansetiltak med Tysvær kommune. Ein deltar og i eit større interkommunalt samarbeid knytt til kompetanseutvikling (NOR II).

Sidan midten på 90-talet har Tysvær kommune utført PP-tenester for Bokn etter at Fylkesmannen gav signal om at Bokn kommune var for liten til å ha slik teneste i eigen regi. Det har tidlegare vore tilsvarande samarbeid mellom Bokn og Karmøy.

Bokn skule er organisatorisk plassert i seksjon Kultur/skule/barnehage.

### **Tysvær**

Tysvær kommune har ein desentralisert skulestruktur med 9 grunnskular der éin er rein ungdomsskule, to er kombinerte barne- og ungdomsskular og 6 er barne-skular. I tillegg har ein eit opplæringscenter som gjev spesialpedagogisk tilbod til førskulebarn, vaksne, utviklingshemma og minoritetspråklege. Det totale elevtalet i grunnskulen er ca 1600. Talet på årsverk er ca 250. Skule utgjer eitt av seks resultatområde i kommunen.

Personalet i Tysværskulen har dei siste åra vore stabilt. Ein har ikkje rekrutteringsvanskar, sjølv om det tidlegare har vore problematisk å skaffe kompetent personell til skulane i utkantstroka. Kompetansen er gjennomgåande høg, og det går kontinuerlig føre seg kompetanse- og kvalitetsutviklingsarbeid. Resultata på eksamenar og nasjonale prøver, samt andre evalueringsordningar, syner at Tysvær ligg nær gjennomsnittet for landet elles.

### **6.2.2 Barnehage**

#### **Bokn**

Barnehagen i Bokn har to avdelingar med til saman 30 barn (10 frå 0-3 år og 20 frå 3-6 år). Det er totalt 6,1 årsverk. Kommunen har full barnehagedekning og ein rimeleg stabil personalsituasjon med god kompetanse og små rekrutteringsvanskar.

Barnehagen er organisatorisk plassert i seksjon Kultur/skule/barnehage, og barnehagestyraren rapporterer til rektor.

#### **Tysvær**

I Tysvær kommune er det totalt 15 barnehagar der 12 er kommunale og tre private. Dei kommunale tilbyr totalt 472 plassar, medan dei private tilbyr 124. Kommunen har full barnehagedekning. Innan den kommunale barnehagedrifta er det ca 88 årsverk. Personalet er stabilt, og ein har ikkje rekrutteringsvanskar. Kommunen deltar i det interkommunale samarbeidet Region NORD som består av nettverksgrupper der kompetanseutvikling, erfaringsutveksling og annan

fagleg oppdatering er sentralt. Barnehage utgjør eitt av seks resultatområde i kommunen.

### **6.2.3 Omsorg**

#### **Bokn**

Omsorgstenesta i Bokn høyrer under seksjon for Helse og sosial og består i hovudsak av Bokn sjukestove, 14 omsorgsbustader, éin avlastningsbustad samt heimebaserte tenester. Sjukestova har 11 sengeplassar. Tenesta er organisert slik at personalet yter tenester både til institusjonsbrukarane og til dei som får hjelp heime (fullintegrert). Det er ca 25 brukarar i heimetenesta.

Bokn har også ein ambulanseneste. Ambulansen er eigd av Helse Fonna og bemanna av vakthavande sjukepleiar i omsorgstenesta og vaktmeister (sjåfør).

Den delen av Helse- og sosialseksjonen som omfattar omsorgstenester, utgjør ca 12 årsverk, og den administrative funksjonen er utelukkande plassert hos seksjonssjefen. Alle dei fast tilsette har utdanning som sjukepleiar, hjelpepleiar eller omsorgsarbeidar, og ein vurderer kompetansen som gjennomgåande høg. Personalet er stabilt, og ein har ikkje rekrutteringsvanskar. Tenestekvaliteten blir vurdert som høg. Ut frå dagens situasjon er ein i stand til å gi alle som treng det, eit godt tilbod.

#### **Tysvær**

Omsorgstenesta i Tysvær er organisert i tre distrikt, Førdesfjorden, Tysværvåg og Nedstrand, og tenesta er fullintegrert. Det vil seie at personalet i det einskilde distrikt har ansvar både for dei brukarane som bur heime, og dei som bur på institusjon. Målet med dette er å skape større tryggleik for brukarane, auka fleksibilitet i tenesta, samt auka kompetanse mellom dei tisetete. I kvart distrikt er det eitt aktivitets- og omsorgssenter. Til saman har kommunen 74 sengeplassar på omsorgssentra, 33 omsorgsbustader og 32 trygdebustader. I tillegg kjem heimetenesta samt tilbod om møteplassar for eldre på dagtid (totalt sju stader).

Totalt har tenesta 119 årsverk. I underkant av sju av desse er knytte til den sentrale leiinga av tenesta, medan resten er fordelt på dei tre distrikta. Kompetansen er høg innanfor dei ulike fagområda i alle tre distrikta. Ei rekkje sjukepleiarar og hjelpepleiarar gjennomfører vidareutdanning. Ingen av seksjonane (distrikta) har problem med rekruttering av ønska kompetanse. Det er høg stabilitet i personalet, både innan ulike fagmiljø og seksjonar.



Ein meiner å kunne gi eit tilbod til alle som har behov. Dette gjeld både for aktivitetstilbod på grendesentra, institusjonstilbod og for dei heimebaserte tenestene.

**6.2.4 Rehabilitering** (lege-, helsesøster-, fysioterapi-, psykiatri- og sosialtenester, samt tiltak retta mot funksjonshemma)

### **Bokn**

Dei ulike tenestene innan rehabiliteringsområde er i Bokn organisert under Helse- og sosialseksjonen. I tenestene inngår totalt ca 10 årsverk der 5,5 er knytte til bu- og aktivitetstiltak. Dei siste 4,5 er fordelt på små stillingsbrøkar innan spesialiserte område som sosial-, helsesøster-, jordmor-, fysioterapi-, psykiatri- og legetenester. For tida har ein kompetent personell i alle funksjonane, men det har i periodar vore vanskeleg å rekruttere til einskilde stillingar, særskilt lege, jordmor og psykiatrisk sjukepleiar. Ansvarleg for psykiatritenesta vil starte etterutdanning i psykiatri i løpet av kort tid. Generelt vurderer ein tenestekvaliteten innan området som god.

Når det gjeld den eine legestillinga (0,4 årsverk), eksisterer det eit samarbeid med Tysvær kommune kor dei resterande 0,6 årsverk er plassert på Aksdal legesenter i Tysvær.

### **Tysvær**

Rehabiliteringstenesta i Tysvær kommune omfattar seksjonane butiltak, sosialtenester og førebygging og rehabilitering i tillegg til tre legesenter og arbeidstiltaket Tysvær Vepro. Seksjon Butiltak omfattar bustadtilbod til barn, unge og vaksne med funksjonshemmingar, samt miljøterapitenester på døgnbasis. Seksjonen for førebygging og rehabilitering består av helsesøster- og jordmorteneste, psykiatriteneste, fysio- og ergoterapiteneste, arvløstningsteneste, rettleiingsteneste og elles tiltak etter lov om sosiale tenester. Sosialtenesta syter for sosial tryggleik og betre levekår for vanskelegstilte. Dei tre legesentra har til saman sju fastlegar og ein turnuslege. Seks av fastlegane er privatpraktiserande, og ein er kommunalt tilsett. Ein har interkommunalt legevaktsamarbeid der Sveio og Bokn inngår. Dette blir administrert av Tysvær kommune. Tysvær Vepro er eit tiltak som tilbyr arbeidstrening og arbeidspraksis for sosialt vanskelegstilte, personar med utviklingshemming, personar med psykiske lidingar og minoritetssprålege.

Resultatområdet rehabilitering har ca 115 årsverk. Personalsituasjonen er stabil, og ein har høg formell kompetanse innan alle dei ulike fagområda. Arbeidsgjevar har ei aktiv rolle i forhold til vidareutdanning, og det er for tida eit vesentleg tal tilsette som driv vidareutdanning. Tenesta har ikkje rekrutteringsvanskar innan noko område, sjølv om det periodevis har vore litt problematisk å få tak i legar.

Kvaliteten på tenestene er generelt god. Det er få klagesaker, og fleire eksempel på positiv medieomtale. Den lokale leiinga meiner tenesta er organisert på ein slik måte at ein i stor grad er i stand til å vere fleksibel og tilpassingsdyktig i tenestetilbodet. Ein meiner dette blir stadig viktigare sidan tenesta heile tida utviklar seg i retning av å bli meir brukarstyrt.

### **6.2.5 Tekniske tenester**

#### **Bokn**

Dei tekniske tenestene er i Bokn organisert i ein eigen seksjon på 4 årsverk. To av årsverka omfattar drift og vedlikehald av vatn og avløp, veg, bygningar, park og idrettsanlegg. Dei to andre årsverka inneheld byggesakshandsaming, bygg- og anleggsleiing, kjøp og sal av eigedom, plan- og reguleringsarbeid, brannvern, samt det administrative ansvaret for tenesta. Kart- og oppmålingstenester blir kjøpt av Tysvær kommune ut frå at ein ikkje ser seg i stand til å utføre desse tenestene sjølv med så liten administrasjon. Det same gjeld for feiing.

Ein meiner at kvaliteten på dei tekniske tenestene i Bokn er god, men at den stadig aukande graden av spesialisering og statlege krav gjer det problematisk å oppretthalde tilfredsstillande kvalitet over heile linja.

I den grad ein har hatt utskifting i personalet dei siste åra, har det ikkje vore rekrutteringsvanskar, men ein forventar at det i tida som kjem, vil vere vanskeleg å rekruttere personell som er tilstrekkeleg allsidige til å kunne handtere heile tenesteområdet.

#### **Tysvær**

Tysvær har organisert tekniske tenester som eige resultatområde med fire seksjonar i tillegg til ein stab rundt teknisk sjef. Seksjonane er Bygg- og eigedomsseksjonen, Drift- og vedlikehaldsseksjonen, Byggesak- og reguleringsseksjonen og Kart- og oppmålingsseksjonen. Funksjonane anleggsleiing, miljøvern, kommuneplanlegging og trafikkisikring er plassert i stab. Bygg- og eigedomsseksjonen har ansvar for prosjekt- og byggeleiing på kommunale bygg, samt kjøp og sal av kommunale eigedommar. Drift- og vedlikehaldsseksjonen omfattar veg,

park og idrett, vassverk, avløp, brann og bygningsvedlikehald. Seksjonen har eit formalisert samarbeid med Bokn innan brann/feiring. Elles yter ein tenester for Bokn sporadisk og etter behov. Byggesak- og reguleringsseksjonen handsamar byggesaker, delingssaker, reguleringsaker og utsleppssaker, medan Kart- og oppmålingsseksjonen har ansvar for oppmålingstenester, karttenester og ein del tenester knytt til eigedom. Seksjonen sel tenester til Bokn.

Personalsituasjonen i resultatområdet er stabil, kompetansen er høg og ein har i liten grad hatt rekrutteringsvanskar. Det samla talet på årsverk er ca 45, og 30 er knytte til Drift- og vedlikehaldsseksjonen. Ein har gjennomgåande høg kvalitet på tenestene og rimeleg stor breidd i dei ulike fagmiljøa.

Fleire av fagmiljøa deltek i interkommunalt samarbeid i form av nettverksgrupper o.l. Desse dreier seg i hovudsak om kvalitets- og kompetanseutviklande tiltak.

### **6.2.6 Kultur**

#### **Bokn**

Kulturtenestene i Bokn er organisert under seksjon for Grunnskule, barnehage og kultur og utgjer i overkant av 2 årsverk. Biblioteket er både folke- og skulebibliotek og er direkte underlagt skulen v/ rektor. Biblioteket har svært høge utlånstal etter folketal. Opningstidene følgjer skuleåret.

Dei resterande tenestene ligg under kultursjefen som igjen er underlagt seksjonssjefen. Tenestene består av ungdomsklubb, kulturskule, Bokn bygdeblad og annan kultur. Bygdebladet kjem ut ca 10 gonger pr år og blir vurdert som viktig for nærmiljøet og bygdeidentiteten. Kulturskulen har dei siste åra hatt dalande aktivitet.

#### **Tysvær**

Kultur utgjer i Tysvær eige resultatområde som i tillegg til kultursjefen og hans stab, utgjer tre seksjonar, kulturskulen, biblioteket og Tysværtunet kulturhus. Kulturskulen tilbyr opplæring innanfor eit breitt spekter av kulturuttrykk (musikk, dans, drama, billetekunst og film). Seksjonen har 7,6 årsverk og totalt ca 310 elevar. Biblioteket sin hovudfilial ligg i Aksdal og har gode opningstider (10-19 på kvardagar og 10-14 på laurdagar). Det er og ein filial lokalisert i tilknytning til Nedstrand barne- og ungdomsskule. Totalt har biblioteket 4,4 årsverk. Tysværtunet kulturhus er den største seksjonen, og består av ein stor konsert-, teater- og kinosal, ein liten kinosal, idrettshall, symjehall, klatreanlegg, sportssenter/helsestudio, galleri, samt diverse lokalitetar for ulike kulturaktivite-

tar. Både kulturskulen og biblioteket er lokalisert i Tysværtunet. Seksjonen har totalt 11 årsverk.

Kulturkontoret, som består av kultursjef m/stab, utfører tenester innan fritid, formidling, barn/ungdom (m.a. fritidsklubb), fritidskontakter, fritid for flykningar, kulturvern, bygdebøker, idrett og friluftsliv. Kontoret har snau fem årsverk. I tillegg kjem fritidskontaktar og tilsette på fritidsklubben.

### **6.2.7 Barnevern**

#### **Bokn**

Barnevernstenesta i Bokn ligg under Helse- og sosialseksjonen. Det er avsett 0,3 årsverk til tenesta. Dette har i lang tid vore tilstrekkeleg til å dekke behovet i kommunen.

Bokn kommune har i mange år vore del av det interkommunale barnevernssamarbeidet på Haugalandet (BAS) og gjennom dette fått komplettert kompetansen sin, samstundes som at samarbeidet har auka kapasiteten i periodar med stort behov.

#### **Tysvær**

I Tysvær er barnevernstenesta organisert i eiga eining som er plassert i rådmannen sin stab. Eininga har fire årsverk og handsama 110 saker i 2005. Dei siste åra har saksmengda auka med ca 20 % årleg.

Kompetansen i eininga er høg. Alle dei tilsette har sosial- eller barnevernfagleg grunnutdanning, og fleire har og tilleggsutdanning innan barnevern. Hovudvekta av erfaringa er knytt til kommunalt barnevern. Personalet er stabilt, og ein har aldri hatt rekrutteringsvanskar. Både brukarundersøkingar og talet på klagesaker syner at kvaliteten på tenesta er høg.

Tysvær er i likskap med Bokn med i BAS-samarbeidet. Målsetjinga med å inngå samarbeidet var å auke stabiliteten i personalet, styrke kompetansen, førebygge habilitetsproblematikk og etablere ein kapasitetsbank til bruk ved behov. Tysvær er den største bidragsytaren i samarbeidet og opplever i mindre grad enn dei små å vere avhengig av ordninga.

### **6.2.8 Administrasjon, styring og fellesutgifter**

#### **Bokn**

Kommunestyret i Bokn har 17 medlemmer, og ordføraren er løna i 50 % stilling. I tillegg til kommunestyre har ein formannskap på sju medlemmer, forvaltningssty-

re på sju medlemmer og kontrollutval på tre medlemmer. Den samla kostnaden ved å drive det politiske apparatet i Bokn kommune er på ca kr 1,15 mill.

Bokn sin sentraladministrasjon omfattar rådmannen, økonomikontoret, intern tenestestøtte og servicetorget. Økonomikontoret har 2,6 årsverk, servicetorget har 2,1 årsverk, og rådmannen og it-funksjonen utgjer totalt 1,8 årsverk. Dette gir ein sentraladministrasjon med totalt 6,5 årsverk.

### **Tysvær**

Tysvær kommunestyre har 29 medlemmer. Formannskapet og teknisk utval har begge ni medlemmer, medan dei to andre hovudutvala, for helse- og omsorg og oppvekst- og kultur, kvar har sju medlemmer. Ordføraren er løna i 100 % stilling, og varaordføraren er løna i 20 %. Den årlege kostnaden ved det politiske apparatet i Tysvær er på ca kr 2,6 mill.

Rådmannsnivået i Tysvær omfattar rådmannen samt to kommunalsjefar, kor den eine er assisterande rådmann og den andre har overordna personalansvar. Vidare er rådmannsstaben delt inn i intern tenestestøtte og tverrfaglege tenester. Intern tenestestøtte består av økonomikontor med 12,6 årsverk, fellessekretariat med ca 10 årsverk, IT-kontor med 3,5 årsverk, HMS-kontor med 1,8 årsverk, personalkontor med 1,8 årsverk og kundetorg med 5,3 årsverk (+ ca 4 årsverk innan reinhald og kantinedrift). Dei tverrfaglege tenestene er miljøvern (0,3 årsverk), kommuneoverlege (0,85 årsverk), landbrukskontor (7 årsverk), barnevernskontor (som kommentert i kap. 6.2.7), PPT (5,1 årsverk), flyktningkoordinator (1 årsverk) og SLT-koordinator (0,6 årsverk kor 0,1 blir solgt til Bokn). Rådmannstaben utgjer totalt ca 57 årsverk der ca 15 av dei er knytta til dei tverrfaglege tenestene.

### **6.2.9 Lokal statsforvaltning**

Den lokale statsforvaltninga er i dag svakt representert med eigne kontor både i Tysvær og Bokn. Det er i hovudsak same type statsforvaltning i begge kommunane.

### **Bokn**

Trygdekontoret er lokalisert i kommunehuset i Føresvik. Trygdekontoret har i dag 2 stillingar.

Lensmannskontor for Bokn er felles med Tysvær og lokalisert med eige kontor i Akسدal. Lensmannskontoret er ein del av Haugaland og Sunnhordland Politidistrikt.

Tidligere likningskontor er nedlagt, men det er inngått avtale mellom kommunen og likningsetaten om at kommunen skal/kan utføre enkelte oppgaver for likningsetaten. Bokn kommune hører til under Haugaland Likningskontor.

Bokn kommune har felles A-etat med Karmøy kommune. Kontoret for A-etat ligger i Kopervik.

### **Tysvær**

Trygdekontoret er lokalisert i rådhuset i Aksdal. Trygdekontoret har 7,5 stilling.

Lensmannskontoret er lokalisert i Aksdal. Etter omorganisering i politietaten er bemanninga og oppgåvene ved lensmannskontoret kraftig redusert.

Likningskontoret i Tysvær er lagt ned og er no ein del av Haugaland likningskontor med kontoradresse Haugesund.

A-etat er felles med Haugesund og kontoret er lokalisert i Haugesund.

### **Framtidig statleg lokalforvaltning**

A-etat og trygdekontora skal frå 1. juli 2006 gå saman i ein felles etat som får namnet NAV. Det skal vere eit NAV-kontor i kvar kommune som skal vere samlokalisert med sosialkontoret i kommunen. Denne reforma skal vere gjennomført innan 1. januar 2010.

Som eigne kommunar vil det bli eit NAV-kontor i kvar av kommunane. Reforma vil gje auka statleg lokal statsforvaltning i Tysvær og Bokn.

Ved ei eventuell kommunesamanslåing skal det i utgangspunktet vere eit NAV-kontor i kommunen.

Det ligg elles ikkje an til at det skjer andre endringar i lokal statsforvaltning i Tysvær og Bokn.

#### **6.2.10 Skjematisk oversyn over talet på årsverk og samarbeid/kjøp av tenester**

<b>Tenesteområde</b>	<b>Tysvær</b>	<b>Bokn</b>	<b>Samarbeid/kjøp av tenester</b>
Grunnskule	250	16,2 (21,9)*	X
Barnehage	88	6,1	
Omsorg	107,5	12	
Rehabilitering	95,8	10	X
Teknisk	31,8	4	X
Kultur	30	2,1	X
Barnevern	4	0,3	X
Administrasjon	57	6,5	X

\*) : 5,7 årsverk er refundert av staten og fylkeskommunen.

### **6.3 Konsekvensar av samanslåing**

I dette avsnittet peiker vi på konsekvensar. Primært blir fokus retta mot konsekvensar av samanslåing. Men det er også grunn til å tru at konsekvensane på einskilde område vil vere vel så store dersom ein vel å halde fram som to kommunar. Dette gjeld spesielt for Bokn sidan kommunen sin storleik gjer at han på ei rekkje område er svært sårbar for endringar i omgivnadene.

Vi har valt å vurdere konsekvensar innan fem ulike område; økonomi, tenestekvalitet, tilgjenge, kompetanse/rekruttering og habilitet/rettstryggleik. Desse kategoriane er ikkje gjensidig utelukkande og av og til kan ein konsekvens knytast til fleire kategoriar. Det vil t.d. ofte vere samanheng mellom kompetanse og tenestekvalitet. Dette vil det blir gjort greie for undervegs. Vidare har vi ikkje tatt med konsekvensar som heng saman med politiske prioriteringar i eit eventuelt nytt kommunestyre, både fordi det er svært usikkert kva politisk retning eit nytt kommunestyre vil ta, og fordi slike prioriteringar vil kunne bli gjort uavhengig av om det blir kommunesamanslåing. Konsekvensvurderingane vil såleis utelukkande rette fokus mot forhold som er i direkte samanheng med samanslåingsspørsmålet. Dessutan vil den vedtekne avtalen mellom kommunane i ein del tilfelle setje klare føresetnader for kva konsekvensar ein kan vente.

#### **6.3.1 Økonomi**

For dei fleste tenesteområda er det ikkje grunn til å forvente vesentlege økonomiske konsekvensar av ei samanslåing. Tenestene skal framleis utøvast, og eventuelle innsparingar vil ligge i rasjonalisering og sentralisering av drifta. Den vedtekne avtalen som ligg som føresetnad for prosessen, inneber at dette i liten grad er aktuelt.

Tidlegare forskning viser at det generelt er størst potensiale for innsparingar innan administrasjon og tekniske tenester. Vurderingar for Tysvær og Bokn, som m.a. er basert på intervju med dei ulike leiarane, syner at det ikkje er særlege innsparingar å sjå når det gjeld tekniske tenester. Det er derimot eit visst potensiale innan administrasjon. Vi kan grovt anslå ei innsparing på ca 1,15 mill. kr til å drive det politiske apparatet. Anslaget tilsvarar utgiftene til det politiske apparatet i Bokn i dag. Innanfor sentraladministrative funksjonar vil ein ny kommune kunne spare inn kostnader tilsvarande ei rådmannsstilling, ei økonomisjefstilling samt ei stilling til, i alt ca kr 1,7 mill. Den reelle innsparinga vil truleg bli noko lågare sidan ei kommunesamanslåing vil føre til auka driftskostnader på IKT-sida. Dette heng saman med både trongen for å heve standarden i Bokn til Tysvær-nivå, og ei viss auke i lisenskostnader som resultat av at ein samanslått kommune vil passere 10.000 innbyggjarar.

For dei andre tenestene forventar vi små eller ingen økonomiske konsekvensar, bortsett frå at det kan sparast inntil ei halv administrativ stilling på grunnskule. Det ser òg ut til at ein på einskilde område kan få betre utnytting av dei administrative ressursane, utan at dette gjer seg utslag i sparte stillingar. Dersom tenestekvaliteten på einskilde område er høgare i Tysvær enn i Bokn, vil det vere ein kostnad knytt til å bringe Bokn opp på Tysvær-nivå. Slike effektar er i alle tilfelle vanskeleg å talfeste.

Vi har i Tabell 25 gjeve ei oppsummering av det vi oppfattar som potensial for reduserte årsverk som fylgje av ei eventuell kommunesamanslåing.

*Tabell 25 Reduserte årsverk innan ulike tenesteområde ved ei eventuell kommunesamanslåing*

<b>Tenesteområde</b>	<b>Reduserte årsverk</b>	<b>Kommentar</b>
Grunnskule	0,5	Administrativ stilling i skuleseksjonen
Barnehage	0	
Omsorg	0	
Rehabilitering	0	
Teknisk	(-0,5)	Samanslåing krev auka administrativ ressurs på drift, men som kanskje kan løysast ved hjelp av eksisterande ressurs på Bokn.
Kultur	0	
Barnevern	0	
Administrasjon	2,5	Rådmann, økonomisjef, 0,5 årsverk på økonomi
Sum	3,0 (2,5)	

### **6.3.2 Tenestekvalitet**

Analysen viser at kvaliteten på tenestene er jamt god over heile linja i begge kommunane. På einskilde område, m.a. skule, barnevern og ulike tekniske tenester, opplever Bokn at kompleksiteten og dei stadig skjerpa spesialiseringskrava gjer det vanskeleg å ivareta ansvaret for heile tenesteproduksjonen. Dette blir delvis kompensert ved kjøp av tenester og interkommunalt samarbeid. Det er likevel slik at Bokn som eigen kommune vil vere svært sårbar med omsyn til desse tenestene. Kompetanse og arbeidsoppgåver er samla på svært få personar, og det vil kunne vere svært problematisk for Bokn å handtere eventuelle uføresette situasjonar. Tilsvarende kan ein seie at desse problema truleg vil forsterkast dersom Bokn held fram som eigen kommune. Det er òg grunn til å stille spørsmål ved nabokommunane sin vilje til å yte tenester overfor Bokn etterkvart som ein opplever stadig større utfordringar for sin eigen del.



For Bokn sin del vil ei samanslåing føre til vesentleg betre tenester innan kultur. Tysvær har godt utbygde kulturtenester med høg kompetanse over eit breitt felt som boknarane vil få glede av ved ei samanslåing. Døme på dette er kulturskuletilbodet, ulike fritidstiltak og anleggsutvikling innan idrett og friluftsliv.

Det er også grunn til å forvente at Bokn vil nyte godt av generelt høgare kvalitet på fagmiljøa innan dei ulike tenestene ved samanslåing med Tysvær. Sjølv om dette ikkje vil vere lett for den enskilde innbygger å identifisere, er det naturleg å ta det med som ein konsekvens.

### **6.3.3 Tilgjenge**

Avtala som ligg i botn for samanslutningsprosessen, legg klare føringar for kva tenester som etter ei eventuell samanslutning framleis skal tilbydast på Bokn. I følgje avtalen skal tenestetilbodet på Bokn på dei fleste område oppretthaldast på dagens nivå. Det er vanskeleg å sjå føre seg kva konsekvensar dette vil få på sikt, sidan kommunestyret som blir valt i 2011 ikkje vil vere bunden av denne avtala. Men på kort sikt kan ein vanskeleg sjå negative konsekvensar på tilgjenge. Det er derimot grunn til å vente at ei kommunesamanslåing vil føre til betre tilgjenge til fleire tenester, spesielt for boknarane. Eit større samla tal på skular, barnehagar og sjukeheimar i ein samanslått kommune vil kunne gje eit meir heilskapeleg og differensiert tilbod til innbyggerane. Dessutan vil Bokn få tilgang til Tysvær sitt kulturtilbod (m.a. kulturskulen). Ein kan òg vente ei betre samordning og utnytting av ressursane som i dag blir brukt til interkommunalt samarbeid, og dermed betre internt tilgjenge til dei tenestene som i dag blir utveksla mellom kommunane.

### **6.3.4 Kompetanse/rekruttering**

Det er ikkje vesentlege rekrutteringsvanskar innan noko tenesteområde korkje i Tysvær eller Bokn kommune i dag. Generelt kan ein likevel forvente at det er lettare å rekruttere kompetent personell jo større fagmiljø personellet skal vere ein del av. Slik sett kan ein forvente ein viss positiv konsekvens for Bokn med omsyn til rekruttering.

Når det gjeld kompetanse er mykje av den potensielle gevinsten allereie henta ut gjennom interkommunalt samarbeid rundt kompetansespørsmål. Ein vil likevel få ein meir forpliktande og føreseieleg situasjon ved samanslåing til ein kommune. Denne konsekvensen vil i hovudsak bety noko for Bokn.

### **6.3.5 Habilitet/rettstryggleik**

Det er avgjerande for ein kommune å kunne ivareta innbyggerane sin rettstryggleik. I små kommunar er det ofte alvorlege problem knytt til habilitet i sakshandsaminga innan einskilde tenesteområde. Dette gjeld særskilt i barneverns- og byggesaker, men kan også vere aktuelt i tilknytning til einskildvedtak innan skule (PPT), omsorg og rehabilitering. Problema heng ikkje saman med kompetanse eller kvalitet hos sakshandsamarar eller politikarar, men skuldast at små kommunar er svært "gjennomslått" og at potensialet for nære, personlege relasjonar mellom kommunen og innbyggerane er tilstades i ein stor del av sakene. T.d. viser undersøkingar at bekymringsmeldingar til barnevernet er underrepresentert i små kommunar. Dette er svært problematisk i tilknytning til barns rett til å bli ivaretatt av det kommunale barnevernet (jf. Lov om barnevernstenester).

I samband med byggesaker er problema knytt til at jo mindre ein kommune er, jo større er sjansen for at sakshandsamarar eller delar av politiske organ kjem i habilitetsproblem i tilknytning til sakshandsaminga. Dette svekkar grunnlaget for å gje alle innbyggerar lik handsaming i alle saker.

Generelt kan ein seie at problema knytt til habilitet/rettstryggleik vil bli redusert vesentleg ved samanslåing av Tysvær og Bokn. Konsekvensane i motsett fall vil truleg vere ei ytterlegare skjerping av problema for Bokn, både sidan befolkningsframskrivingane for Bokn viser negativ utvikling og fordi trenden innan lovgjevinga er stadig meir rettighetsbasert lovgjeving.

For Tysvær er det små eller ingen konsekvensar på dette området.

## **7 KOMMUNANE SI ROLLE SOM SAMFUNNS- UTVIKLAR**

I Kommunal- og regionaldepartementet sin rettleiar for analyser av fordelar og ulemper ved endringar i kommuneinndelinga er eit av hovudpunkta konsekvensar for samfunnsutviklinga. Under dette punktet har ein fire underpunkt:

- Planar og planleggingskompetanse
- Arealbruk og miljø
- Næringsutvikling
- Evne til å utøve ekstern påverknad

I dette kapitlet skal vi sjå nærare på desse punkta, men vi har disponert kapitlet med litt andre overskrifter. Fyrst ser vi på kommunal planlegging med hovudvekt på arealplanlegging (7.2). Derneft tar vi for oss arbeidet med næringsutvikling (7.3) og i 7.4 drøftar vi lokalsamfunnsutviklinga på Bøkn under ulike føresetnader. Intensjonsavtala som skal liggje i botn for ei eventuell kommunesamanslåing, blir til slutt omtalt noko nærmare (i kap. 7.5).

### ***7.1 Samanfattande vurderingar og moment for og i mot samanslåing***

Kommunane si rolle som samfunnsutviklarar er knytt til kva rolle dei kan spele i forhold til folketalsutvikling og næringsutvikling. Verkemidla på dette området er arealplanlegging, næringsarbeid og politisk innverknad overfor politiske organ på overordna nivå. Det vi kan slå fast, er at utfordringane blir stadig meir krevjande enten dette dreier seg om planlegging eller proaktivt næringsarbeid. Dette krev igjen god kapasitet og kompetanse.

<b>Rolla som samfunnsutviklar og fordelar og ulemper ved ei eventuell kommunesamanslåing</b>
<b>Moment som taler for samanslåing:</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Større kapasitet og kompetanse innanfor arealplanlegging</li> <li>• Større økonomiske ressursar til rådvelde</li> <li>• Større evne til å møte nye utfordringar, mellom anna å bli ein meir aktiv aktør overfor dei nye regionane som kjem i staden for fylkeskommunane.</li> <li>• Samordning av arealplanlegginga i søndre del av Tysvær og Bokn</li> <li>• Bokn kan bli tilført nye kreative idear</li> <li>• Jantelova vil i mindre grad legge hindringar i vegen for næringsutvikling på Bokn</li> <li>• Avtala mellom Bokn og Tysvær sikrar boknarane ein god start i ein ny kommune</li> </ul>
<b>Moment som taler mot samanslåing</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lokalsamfunnsmobiliseringa kan bli mindre</li> <li>• Bokn som lokalsamfunn vil bli mindre synleg</li> </ul>
<b>”Nøytrale” moment</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det interkommunale arbeidet med næringsutvikling. Lokalisering av næringsverksemd. Næringsarbeidet er allereie regionalisert.</li> </ul>

## **7.2 Kommunal planlegging og planleggingskompetanse**

Bokn kommune gjennomførte ei omfattande rullering av kommuneplanens arealdel for kommunestyreperioden 2003-2007 i 2005. Tysvær kommune sin kommuneplan vart vedtatt i kommunestyret 18.09.2003, og gjeld for perioden 2002-2012 (informasjon på plankart).

Arealplanlegginga er eit viktig verktøy for å utvikle kommunane. Dette gjeld både i høve til ei meir langsiktig arealplanlegging og handsaminga av plansaker i forhold til brukarane som til dømes er folk som skal bygge seg bustad, næringsdrivande som treng areal mv. For å gje tenester til folk flest og næringslivet på dette området, trengs det både god kompetanse og kapasitet.

Samordna planlegging over kommunegrensene kan ved at ein samarbeider i staden for å konkurrere om t d å leggje til rette for bustadbygging og næringsareal, vere kostnadseffektivt. Samordning kan og medverke til at ein får ein betre miljømessig utnytting av området, og det kan gjennom å utnytte dei beste kvalitetane innanfor eit større område, føre til at området som heilskap blir meir attraktivt.

### 7.2.1 *Kommuneplanen for Bokn med hovudvekt på arealdelen*

Frå denne planen merkar vi oss følgjande som viktig i høve til spørsmålet om kommunesamanslåing:

- Fylkesmannen har gjort innseiing mot planlagt areal til vindmøllepark på Ognøy, og seier vidare at regional plan for vindmølleanlegg skal leggast til grunn for eventuell vindmøllepark på Austre Bokn.
- I 2004 vart det i Rogaland vedteke ein fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern. I samband med denne planen er det oppretta 58 såkalla partnerskapsområde, der det bør satsas på tilrettelegging i og på tvers av kommunegrensar. I Bokn er det merka av to større slike område. Det blir anbefalt at tilrettelegging her skal skje i partnerskap mellom offentlege, frivillige og private aktørar i forhold til potensialet som finnst for opplevingar i området.

I kommuneplanen oppsummerer ein òg ein del av kommuneplanarbeidet frå 3 seminar med politikarar, administrasjon, skuleungdom og innbyggjarar der desse i fellesskap drøfta moglegheitane og truslar som lokalsamfunnet på Bokn står overfor. I samband med dette merkar vi oss frå dei forslaga som vart lista opp (s 22-25):

- Tiltak for å vitalisere politisk engasjement gjennom å etablere eldreråd og trekke politiske ungdomsgrupper meir med.
- ”Bygdedyret” er ikkje usynleg i Bokn heller. For å møte uheldige utslag av dette, er Bokn erklært som mobbefri sone. Dette er eit tiltak som i fyrste rekke gjeld skulen.
- Tilrettelegging av småbåthavn
- Planlegge bustader til sjø med tilhøyrande brygger.
- I forhold til spørsmålet om strategiar for å skape ny vekst, er eit av punkta: *”Å tone ned fokus på næringsutvikling og heller satse på å tilrettelegge kommunen som bokommune kan vere et ønske som har sammenheng med at det er små synlege resultater i form av arbeidsplassar i forhold til ressursar som er lagt ned”*
- Kommunen har dei siste åra marknadsført seg for å trekke til seg nye innflyttarar, og for å hindre at familiar flytter frå kommunen. Så langt har ein i liten grad lukkast på dette området blir det sagt.
- Hyttebygging er eit sentralt tema på Bokn, og det er stadig konflikter om kvar ein skal få lov til å bygge ut hytter. Om dette blir det sagt: *”...Det er særleg viktig at kommunen har en tydelig hyttepolitikk der lokalsamfunnets interesser er grunnlaget og ikkje enkelte grunneiere sin innfallsmetode”.*

Desse punkta illustrer at boknarane meiner lokalsamfunnet har utfordringar på ulike område knytt til folketal- og næringsutvikling. Punkta illustrerer og dei utfordringane små tette samfunn står overfor når nærleiken mellom folk kan bli for stor. I høve til næringsutvikling peikar planen på Bokn sine ressursar til å utnytte sjønære område både til nærings- og bustadutvikling. Frå samandraget i tiltaksplanen blir det mellom anna peika på følgjande viktige utfordringar:

- *Tilrettelegge for utvidet samarbeid med nabokommuner om fritidstilbud til alle aldersgrupper*
- *Iverksette prosesser med sikte på å begrave "Jantelov" og "Bygdedyret"*
- *Evaluerer arbeidet med marknadsføring og næringsutvikling med tanke på å velge andre strategier. Utarbeide handlingsplan og fordele oppgaver.*

Frå kommuneplanen sin arealdel tek vi med:

- Dei siste åra har det gjennomsnittleg vore bygd 4 bustader pr år. All tilrettelegging av bustadareal på Bokn har skjedd i privat regi, og i planforslaget har ein tilrettelagt for 80 bustader. Kommunen har fram til nå selt tomter til sterkt subsidierte prisar, men dette er det slutt på frå 2006.
- Bokn har ca 120 fritidsbustader. Hyttebygginga på Bokn har skjedd noko tilfeldig etter grunneigaranes ynskje. Auka press på området tilseier at kommunen i tida framover legg opp til meir heilskapelege og planfaglege kriterium for slike område.
- Etterspørselen etter næringsstomter er liten. Byggeklare tomter på Knarholmen vil dekke behovet i planperioden blir det sagt.

Utover at ein i samband med areal til vindmøllepark på Austre Bokn, der ein viser til naudsynt klarering gjennom ein regional plan for dette, viser arealplanen ikkje til interkommunalt samarbeid verken med Tysvær eller andre kommunar.

### **Bustader:**

I følgje kommuneplanen og vedtekne reguleringsplanar er det ca 70 bustadtomter. Av desse er ca. 35 tomter byggeklare. 20 av dei er i kommunal eige. Arealreserven gjeld einbustadtomter/rekkehus. Det blir bygd i snitt 4 hus/år kor 1 hus som regel blir bygd som "spreidd bustad"- dvs utanfor planlagde område. Med utgangspunkt i noverande etterspurnad skal det teoretisk være tilgjengeleg bustadareal for ein periode på 10-20 år. I praksis vil det kanskje komme innspel om å få bygge på andre lokalitetar enn dei planlagde.

Kommunen har vist framtidig utviklingsretning for bustader nordover frå Førsvik. Området krev sannsynligvis ny vegutløysing, men framtidig etterspurnad etter tomter kan dekkast i dette området.

Ein kommunesamanslåing kan innebere at interessa for attraktive tomter med tilgang til båt plass vil auke.

I følgje befolkningsstatistikken peiker folketalsutviklinga i Bokn i negativ retning. Tidlegare prognoser viste tilsvarande utvikling, men folketallet har i prinsippet halde seg stabilt. Utviklinga har derfor ikkje vore heilt slik prognosemakarane beskreiv.

### **Næring:**

Kommunen eig ca.40 da. næringsareal ved Knarholmen. Arealet er byggemodna og har vore tilgjengeleg i ca. 20 år. Areala blir tangert av E39 og det er tilgang til offentleg kai innanfor Knarholmen fiskerihamn med innseiling frå Boknasundet.

I kommuneplanen er det vist et område for gassbasert næring på austsida av austre Bokn. Området er ca. 300 da. Vilåret for å løyse ut området er at tiltaket er av nasjonal eller regional interesse. Området er ikkje i kommunalt eige og det krev reguleringsplan.

I same område på austre Bokn er det vist eit areal til vindmøllepark. Tilgjengeleg næringsareal har vore tilstrekkeleg i forhold til etterspurnad og vil vere det langt fram i tid basert på forventa utvikling frå SSB.

Ein kommunesamanslåing kan endre utviklinga. Det er store arealreservar sørover frå Knarholmen.

### **Landbruk:**

Landbruksnæringa i Bokn er stabil i forhold til talet på bruk i drift. I følgje kommuneplanen sin arealdel blir det ikkje lagt beslag på landbruksareal til andre formål. Dersom det skulle bli etterspurnad etter større utbyggingsareal, kan desse planleggast utan å måtte omdisponere landbruksareal.

Landbruksnæringa sitt arealbehov utover areala som er tatt i bruk, vil truleg være betre tilgjenge til utmarksbeiter.

### **Arealreservar til offentlege bygg:**

I kommuneplanen er det ikkje sett av arealreservar til utviding av verken skule, barnehage, offentleg administrasjon eller sjukestove og omsorgsbustader. I følgje forventa barnetalsutvikling i befolkningsframskrivningane frå SSB, vil det ikkje vere behov for større tilbygg/ombyggingar av skulebygget i lang tid framover.

Arealreservane rundt eksisterande bygg er små og vil sannsynligvis bare tillate oppføring av mindre tilbygg.

Når det gjelder forventa utvikling av talet på eldre viser prognosane ei sterk auke. Det er ikkje sett av arealreservar i tilknytning til verken eksisterande

omsorgsbustader eller sjukestova. Det er heller ikkje sett av arealreservar i tilknytning til barnehagen, men prognosane for framtidig barnetal tilseier at barnehagen vil ha tilstrekkelig kapasitet i lang tid framover.

**Jordvern, friområde, grunnlagsinvesteringar, miljømessige belastningar og viltforvaltning:**

Kommunesamanslåing vil sannsynlegvis ikkje influere på desse områda i vesentleg grad dersom det ikkje fører til eit mykje større utbyggingspress enn kommunen har i dag. Graden av påverknad vil først kunne vurderast når tiltaket er beskrive.

**7.2.2 Kommuneplanen til Tysvær – arealreservar, m.m**

	Bustader da	Næring da	Offentleg da
K.plankartet	70	6000	
1. Aksdal – Førre	1200	380	194
2. Førland	40		15
3. Slåttevåg – Tysv.våg	70	150	2
4. Hervik	50		
5. Skjoldastraumen	114	80	5
6. Hinderåvåg	64		
7. Nedstrand	40	10	
8. Borgøy	3	4	
SUM	1651	6624	216

**Forventa utvikling**

Innbyggjartalet i kommunen har stige jamt med ein årleg tilvekst på mellom 1 og 2 %. Gjennomsnittleg årsvekst i perioden 1993-2005 var 1,4 %. Folketalsframskrivinga, basert på det såkalla middelalternativet i SSB-prognosene frå 2002, tilseier ein årleg vekst framover på ca. 1,3 % med eit forventa innbyggjartal på 10.600 i 2016.

Bustader

I 12-års-perioden 1993 – 2005 er det gjennomsnittleg bygd 65 bustader i året.

Ein føresetnad for at folketalet skal stige, er at det blir bygd eit visst tal nye bustader. Dersom bustadbygginga stoppar opp, vil innbyggjartalet etter kvart gå



ned. I kommuneplanen er det formulert målsetjingar om innflyttingsoverskott og ein moderat auke i folketalet i tida framover.

Etterspørselen etter bustader har vore ujamnt fordelt geografisk i kommunen. Av nye bustader er ca 3/4 blitt bygde i ytre del, dvs området Førre – Aksdal – Grinde. Det ville vore ønskjeleg med ei viss utjamning ”innover”, men det er ikkje realistisk at det vil skje i særleg grad.

For at utviklinga skal gå som før vil det vere behov for ca 70 nye bustader i året. I ein 10-årsperiode blir det ca 700. Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet legg opp til ein effektiv arealbruk. Det er fastsett normer på 2 – 2,5 bustader/da i kommunesenteret og langs kollektivaksen.

700 bustader (fram til 2016), arealbehov: 350 da.

Vist i kommuneplan, framtidig areal for bustader: 1.651 da (herav 1.200 da i ytre del)

I gjeldande kommuneplan er det samla arealet som er disponert til bustader stort nok til å dekke behovet langt utover ein 10-årsperiode. Det kan likevel bli knapt i enkelte område, f eks Slåttevik: Interessa for Slåttevik-området er aukande. Det kan fort bli spørsmål etter meir areal enn det som ligg i planen i dag. Det bør difor avklarast nærmare kor framtidig bustadbygging skal skje i området. I Aksdal vil det mest sentrumsnære arealet bli oppbrukt om få år, men det er ledig areal like utanfor.

#### Næring

Tala i tabellen ovanfor gjeld areal som i kommuneplanen er avsett til industri, ertv eller næringsområde. Sum areal er spesielt dominert av 6000 da som er planlagd for storindustri: Haugaland næringspark, Haugsneset og utviding ved Kårstø.

#### Landbruk

Landbruket sitt arealbehov blir m a ivaretatt ved at ein fører ein restriktiv politikk når det gjeld å omdisponere landbruksjord. Kommunen har tradisjon for det.

#### Offentlege bygg

Behovet for areal til offentlege formål er størst i ytre del pga sentrumsutbygging og stor bustadbygging. Når det gjeld offentlege/kommunale tenester og funksjonar, så er desse stort sett på plass i Aksdal, og dekker dagens behov. Visse utvidingar kan bli aktuelt.

**Samla vurdering:**

Ein kan ikkje sjå at ei samanslåing av kommunane vil medføre større endringar i arealbehov for Tysvær sin del. Kommuneplanane er noko ulike og bør etterkvart samordnast.

### **7.3 Arbeid med næringsutvikling**

Arbeidet med næringsutvikling i kommunane omfattar både tilrettelegging gjennom arealbruk og aktivt næringsarbeid overfor eksisterande og potensielle bedrifter samt myndigheiter på regionalt og statleg nivå. Begge deler er viktig. Den andre sida ved næringsarbeidet er på Haugalandet i stor grad organisert gjennom interkommunale organ. Vi skal nedanfor sjå litt nærare på desse.

**Haugaland Vekst IKS** er eit interkommunalt næringssselskap som driv det kommunale næringsarbeidet for kommunane Haugesund, Bokn og Tysvær. Rogaland fylkeskommune er og eigar i selskapet. Selskapet som har kontor i Haugesund, vart etablert for eit år sidan og skal vere eit verktøy for kommunane ved å:

- *Legge til rette for god kontakt mellom det offentlege og næringsdrivande*
- *Arbeide for vekst og nyskaping i regionen*
- *Levere tenester knytta til saksbehandling innan nærings saker*
- *Bistå i regionalt utviklingsarbeid*
- *Synleggjøre regionens næringsliv og kompetansemiljøer*

Kjelde: [www.haugesund-vekst.no](http://www.haugesund-vekst.no)

Innanfor Haugaland Vekst er det tidlegare næringsssjef i Tysvær som arbeider med Bokn og Tysvær. Haugaland Vekst har eit godt samarbeid med begge kommunane, og det er aldri konkurranse om at bedrifter skal bli lokalisert til den eine eller andre kommunen. Etableringa av det 5000 dekar store Gismarvik industriområde i Tysvær som har namnet **Haugaland Næringspark AS**, er eit godt døme på at regionen blir sett på som ei eining når det gjeld næringsutvikling. Området vart etablert av kommunane Bokn, Tysvær, Haugesund og Karmøy, og er nå tatt over av Haugaland Kraft AS. Parken ligg strategisk lokalisert i forhold til gassrøyra frå felta i Nordsjøen til Kårstø som er Europas største gass-eksportterminal. I tillegg til god tilgang på gass har parken tilrettelagt for utbygging av hamneanlegg. Næringsparken har som mål å utvikle seg til å vere eit konkurransedyktig lokaliseringalternativ for industriprosjekt med fokus på rimeleg og sikker tilgang på naturgass.

**Haugalandrådet** (HR) består av kommunane Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sauda, Sveio, Tysvær, Utsira, Vindafjord og Ølen. Kommunane Bømlo og Suldal har observatørstatus i rådet. På heimesida for rådet heiter det:

*Haugalandrådet er et samarbeidsorgan for de ti kommunane som utgjør Haugalandet. Rådets medlemmer er ordførerne og rådmennene. Sekretariatet består av daglig leder og sekretær.*

*Haugalandrådet skal bidra til sterkt samarbeid mellom medlemskommunane, og ivareta regionens interesser i forhold til naboregioner, fylkesnivå og nasjonale organ.*

Frå 1.1.2006 har Bokn vertskapsfunksjonen for HR. Dette fører til at Haugaland Vekst har sekretariatet for rådet. Rådet har utarbeidd ein strategisk næringsplan for 2006-2010. Prioriterte satsingsområde i planen er:

- Petro/maritimt
- Energi og prosessindustri
- Reiseliv

Av prioriterte tiltak i 2006 som særleg har mykje å seie for Bokn og Tysvær, er arbeidet med å få Rogfast prioritert i Nasjonal Transportplan, og å arbeide for etablering av gassbasert industri i Haugaland næringspark i Gismervik. Det er elles ei rekkje tiltak som Haugalandrådet arbeider med som direkte og indirekte vil ha stor verknad for dei to kommunane vi her ser på.

Andre interkommunale organ som arbeider med næringsutvikling er:

*Haugaland Kunnskapspark AS.* Denne parken er initiert av Haugaland Vekst for å skape ein arena for samhandling mellom kunnskapsverksemdar og næringslivet i regionen.

*Destinasjon Haugalandet* marknadsfører og sel Haugalandet som reisemål.

Medlemer er 9 kommunar og 160 reiselivsbedrifter.

*Haugaland Industri og Næringsforum* er ein medlemsorganisasjon som skal ta vare på næringslivets interesser overfor offentlege styremakter.

Både Bokn og Tysvær har sine egne næringsforum. I Tysvær er det ca 80 medlemmer og på Bokn ca 20 medlemmer. Eit forslag om å slå saman desse foreiningane vart det ikkje noko av. Frå Tysvær si side var det eit klart Ja-fleirtal, medan Bokn hadde klart Nei-fleirtal (Bygdeblad for Bokn, Reidar Alvestad 25.04.2005). Argumentet mot samanslåing vart referert slik i Bygdabladet:

*”Motstandarane var sannsynlegvis redde for at det ville bli endå vanskelegare å få lokalisert næringsverksemd til Bokn enn det er i dag med ei samanslåing, t.d. ved at det blir mindre krefter som kjempar for Bokn”.*

Dette er eit argument vi og møter i andre samanhengar, nemleg at Bokn vil bli usynleg etter ei eventuell samanslåing med Tysvær (sjå kap 8 om identitet).

Tysvær kommune har eit tiltaks- og næringsfond med eit politisk valt styre. Fondet blir administrert av Haugaland Vekst. Næringsarbeidet i Bokn er heilt overlate til interkommunale organ.

Sjølv om det er interkommunale organ som gjennomfører næringsarbeidet, har likevel kommunen ei viktig rolle i dette, ikkje minst gjennom tilrettelegging av arealbruk og infrastruktur.

Eit argument som ofte blir nytta for samanslåing av kommunar, er at ein samanslått kommune vil bli ein sterkare og meir tydeleg regionalpolitisk aktør. F. eks var det viktigaste Ja-argumentet ved forsøket på å slå saman kommunane i Valdres ”*En storkommune vil bli en sterkere (tydeligere) regionalpolitisk aktør.* (Bolkesjø og Brandtzæg 2005). Slik som vist ovafor er næringsarbeidet i Bokn og Tysvær bortsett frå det som er knytt til kommunal planlegging regionalisert. Spørsmålet som melder seg for boknarane, er om deira interesser blir tatt vare på i dei interkommunale fora, eller om lokalsamfunnet Bokn ville kome betre ut viss dei slo seg saman med Tysvær. Slik vi tolkar dei som arbeider med næringsutvikling, er ikkje kommunegrensene interessante, men det potensial de ulike deler av regionen har for ulike typer utvikling og verksemd. Slik sett er Bokn og søndre del av Tysvær med Kårstø og Haugaland næringspark eit svært interessant område som kan bidra til auka aktivitet og busetnad på Bokn.

Ut frå KR D sin analyserettleiar for kommunesamanslåing meiner ein at partnerskapskompetanse bør vere tema når kommunesamanslåing skal vurderast. Partnerskap har særleg komi på dagsorden i høve til fylkeskommunane når det gjeld arbeidet med næringsutvikling. Rogaland fylkeskommune er medeigar (aksjonær) i Haugaland Vekst.

#### ***7.4 Lokalsamfunnsutvikling på Bokn under ulike føresetnader***

Vil lokalsamfunnet på Bokn i høve til det å skape arbeidsplassar og næringsverksemd vere best tent med å vere eigen kommune, eller vil ein vere best tent med å slå seg saman med Tysvær? Det er ikkje mogleg å gje noko eintydig svar på dette. Vi vil likevel trekke fram einskilde moment som trekker i ulike retningar:

Næringsarbeidet i området er regionalisert, og dei som driv dette arbeidet, meiner at det har lite å seie for næringsutviklinga på Bokn om Bokn og Tysvær slår seg saman til ein kommune eller ikkje. Kommunegrensene er ikkje viktige, ein vel den lokaliseringa som vil tene næringslivet best. Det felles næringsområdet i Gismervik er eit eksempel på eit *regionalt* næringsområde.

Mobilisering gjennom lokalt engasjement. Krise utløyser kreativitet heiter det. På Haugalandet blir Ølen kommune trekt fram som eit godt døme på eit område

der ein gjennom lokalt engasjement har lukkast godt med næringsutvikling. Dersom vi tenkjer oss at Bokn kommune må gjere noko drastisk for å halde oppe folketal og sysselsetting, vil evna til mobilisering og kreativitet bli redusert viss kommunane blir slått saman? Ein skal ikkje sjå bort frå at det kan vere tilfelle. Det å vera eigen kommune medverkar til eigen identitet, og det å ta ansvar for eigen situasjon. Korleis boknarane vil føle ansvar for lokalsamfunnsutviklinga i ein samanslått kommune, er vanskeleg å seie. Dette er og avhengig av om kommunens politikk legg til rette for lokalt engasjement og mobilisering. Intensjonsavtala mellom Bokn og Tysvær legg til rette for dette. I punkt 6 i avtala heiter det: *”For å bidra til ei positiv utvikling når det gjeld næringsutvikling og busetting, skal det for perioden 2008-2011 opprettast eit bygdeutviklingsutval for Bokn. Utvalet skal i perioden ha eige budsjett på inntil 4,4 mill. som skal nyttast til utviklingsføremål i Bokn.*

Hindringar ved mobilisering i mindre bygdesamfunn. I mindre bygdesamfunn er det ofte restriksjonar i høve til å få i gang ny utvikling. Alle passar på alle, og slik vi såg ovafor, er ikkje ”Jantelova” fråverande i Bokn heller. Rydningen (2005) hevdar at sterk sosial kapital hindrar vekst på grunn av at:

- Tette band hindrar nye relasjonar
- Alle veit alt om alle – kunnskapsuniverset er lukka
- Lukka nettverk held ved like gamle måtar å gjere ting på

Bokn har ein sterk sosial kapital og står i fare for å bli ramma av nettopp desse forholda. Viss Bokn slår seg saman med Tysvær, vil utviklinga på Bokn bli sett meir i samanheng med heile Tysvær kommune, og ein vil lettare få impulsar utafra. Dette kan vere positivt i forhold til næringsutvikling og busetting. Særleg interessant i denne samanheng er det å sjå industriutviklinga i søndre del av Tysvær i samanheng med dei ressursane som Bokn har både for næringsutvikling og busetting.

Ein større kommune blir ein sterkare regionalpolitisk aktør. Dette er noko som blir hevda i forhold til alle samanslåingsprosessar. I oppsummeringa frå kommunestrukturprosjektet (KRD og KS 2005) blir det vist til ei undersøking frå Møreforsking (Amdam 2003) der det blir sagt at i område med eit klart sentrum vil ei samanslåing gje udelte positiv effekt. Dette gjeld både i forhold til arealplanlegging, miljøvern, næringsliv og utvikling av lokalsamfunnet. Ei større eining er ein meir interessant partnar både for fylkeskommunen, statlege etatar, utanlandske partnarar og næringslivet, og vil generelt føre til auka kunnskaps- og relasjonsressursar blir det hevda.

Eit spørsmål som melder seg på dette området, er om nedlegginga av fylkeskommunen og nye regionar (regionreforma) vil ha noko å seie for spørsmålet om kommunesamanslåing. Regionreforma vil bety færre regionar med fleire oppgåver og større makt. I følgje eit oppslag i Gudbrandsdølen Dagingen (27 jan 2006) seier kommunalminister Åslaug Haga at det først og fremst er dei nye regionane og ikkje kommunane som vil få fleire oppgåver. I ein egen rapport frå KS (KS 2006) har fylkesordførar/-rådsleiarkollegiet drøfta korleis oppgåvene skal delast mellom kommunar og regionar I kap 6.2 i denne rapporten er samspelet mellom regionar og kommunar tatt opp. Det visast mellom anna til Distriktskommisjonen som foreslo at kommunane skulle få større ansvar for arealforvaltning, næringsutvikling og stadutvikling. Vidare blir det sagt at sterkare regionalpolitiske einingar vil få større slagkraft til å auke handlingskrafta i gjennomføringa av tiltak og program. Vidare blir det sagt (s 65):

*”...Mer fleksible og økte ressurser og virkemidler vil kunne øke kommunenes egeninteresser i å delta i regionalt planleggings- og utviklingsarbeid. Regionene vil dermed bli en utviklingsaktør kommunene har stor nytte av å inngå i samarbeid med.”*

I vurderingane på dette punktet heiter det:

*”... Kommunene vil vere regionenes viktigste strategiske alliansepartnere i oppbyggingen av de nye regionene – der lokale og regionale interesser skal vere drivende for samfunnsutviklinga”.*

Slik vi les rapporten frå KS, gjev den nye regionreforma utfordringar til kommunane ved at det stillast krav både til kompetanse og kapasitet for å kunne utnytte det potensial som ligg i reforma. Ei proaktiv arbeidsform gjev moglegheit til å utløyse regionens potensial for næringsutvikling, infrastruktur mv. Det vil truleg vere vanskeleg for ein liten kommune som Bokn å møte dei utfordringane som regionreforma stiller kommunane overfor, med mindre alt blir overlate til regionale organ. Det er derfor grunn til å tru at ei samanslåing av Bokn og Tysvær vil styrke utviklingskapasiteten i området i forhold til den nye regionreforma.

## **7.5 Avtala mellom Bokn og Tysvær**

Bokn og Tysvær kommunar har inngått ei intensjonsavtale om tenesteyting og utvikling i samband med ei eventuell kommunesamanslåing. Avtala er vist i vedlegg 1. Her heiter det innleiingsvis:

*Målet med samanslutninga er å skape ein meir robust kommune kor ein legg stor vekt på utvikling av livskraftige bygder med gode desentraliserte tenester.*

I avtala heiter det at det for kommunestyreperioden 2008-2011 blir oppretta eit bygdeutviklingsutval for Bokn som skal ha eit eige budsjett på inntil 4,4 mill. kr som skal kunne nyttast til utviklingsformål på Bokn. Avtala legg elles opp til ein svært desentralisert tenestestruktur og etablering av eit kultur- og idrettsanlegg til 15-20 mill. kr. Denne investeringa skal ifølgje avtala gjennomførast i perioden 2008-2011.

Den avtala som er utarbeidd, legg til rette for eit levande lokalsamfunn på Bokn, og må sjåast på som ei god avtale sett frå boknarane sin ståstad. Viss det blir nei til samanslåing no, kan det bli vanskelegare for boknarane ved ei eventuell kommunesamanslåing ein gong i framtida å få til ei avtale som er så positiv for samfunnet på Bokn.

## 8 LOKALDEMOKRATI, DELTAKING OG IDENTITET

I dette kapitlet tar vi først for oss lokal identitet og tilhøyre (8.2), og til slutt demokrati og deltaking (8.3).

### 8.1 *Samanfattande vurderingar og moment for og i mot samanslåing*

Bokn og Tysvær har historisk sett nokså ulik identitet. Likevel har det i lange tider vore band mellom Boknasamfunnet og søre del av Tysvær. Etter at bru-sambandet mellom kommunane blei etablert har desse banda blitt sterkare, og forholda for utvikling av felles identitet i større grad blitt til stades.

Det er ein viss skilnad mellom kommunane med omsyn til demokratisk deltaking. Valdeltakinga i Bokn ligg høgare enn i Tysvær, og ein samanslutning vil nok for boknarane auka avstanden til den politiske leiinga i kommunen.

<b>Lokaldemokrati, deltaking og identitet og fordelar og ulemper ved ei eventuell kommunesamanslåing</b>
<b>Moment som talar for samanslåing</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Kommunikasjonsmønsteret og infrastrukturen i regionen fører Tysvær og Bokn nærare kvarandre og aukar kjensla av felles identitet.</li><li>• Ein større kommune vil få større reell makt i lokalpolitiske spørsmål</li></ul>
<b>Moment som talar mot samanslåing</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Tysvær og Bokn har historisk sett nokså ulik identitet</li><li>• Større avstand mellom innbygarane og politikarane</li><li>• Svekka tillit til politikarane</li><li>• Redusert demokratisk deltaking</li></ul>
<b>”Nøytrale” moment</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Skilnaden i deltaking mellom store og små kommunar er i ferd med å bli viska ut</li></ul>

### 8.2 *Lokal identitet og tilhøyre*

Frisvoll og Almås (2004) brukar omgrepet identifikasjon om symbol og faner som signaliserer tilhøyre. ”Identifikasjon viser til grunnmeininga med identitet” blir det sagt. Vidare seier forfattarane (s7): ”Identifikasjon skapes gjennom pro-



*sesser som gir en følelse av samhörighet med noen eller noe, og interaksjon er en av to kjernefaktorer i prosessene hvor tilhörighet dannes. Tid er den andre".* Eigenskapar ved natur, landskap, kultur- og idrett, historiske hendingar mv., skil ofte eitt område frå eit anna.

Går vi tilbake til tida før Bokn vart landfast, hadde kommunen etter måten lite samkvem med Tysvær. Det var meir naturleg å reise til Karmøy dit det var ferjesamband. Som kommunar har derfor Bokn og Tysvær tradisjonelt ikkje hatt nokon felles identitet. I gamle dagar var det Stavanger og ikkje Haugesund som var byen for folk på Bokn. Det same gjeld for dei som budde i søndre delar av Tysvær, og særleg gamle Nedstrand kommune. I dag er det og slik at i søndre delar av Tysvær og på Bokn går ungdomen på vidaregåande skule i Stavanger.

I Tysvær kommune er det ikkje nokon felles kommunal "Tysværidentitet". Lokalsamfunn som Nedstrand og Tysværvåg har sine egne lokale identitetar, og ytre delar av kommunen som har hatt stor innflytting dei siste åra, har ikkje nokon identitet knytt til kommunen. Her har tilknytninga alltid vori mot Haugesund.

Det som er sagt overfor, tilseier at identiteten på Bokn og i Tysvær er knytt opp mot lokalsamfunna. Boknarane har slik vi oppfattar det, ein sterk felles identitet. Dette har mellom anna å gjere med at boknarane føler at Bokn er eit godt samfunn å bu i. Her er gode kommunale tilbod innan skule og helse. Desse tilboda er det viktig for boknarane å oppretthalde og ha for seg sjølve. Mellom anna er det ei viss frykt for at ungdomsskulen kan bli nedlagt og slått saman med Tysværvåg viss det blir ein kommune. Dei er og redde for at sjukeheimplassane ikkje lenger berre blir for boknarane. I det heile tatt er det ei viss frykt for at Bokn blir slukt av Tysvær. Eit moment som og blir nemnt er at Bokn Bygdeblad kan bli lagt ned. Dette bladet blir drifta av kommunen.

Historie gjev og identitet til Bokn i og med at dette er den eldste kommunen i Rogaland med uendra grenser. Bokn kommune har eksistert som i dag heilt frå 1850-åra. Bokn representerer eit viktig skilje mellom "den bløde kyststripe" som går frå Tvedestrand til og med Bokn, medan dei som bur lengre nord ikkje har den same uttalen. Boknarane føler at dei har ei stolt historie å ta vare på. Dette kjem mellom anna til uttrykk gjennom eit flott 17.mai arrangement.

Ved ei eventuell samanslåing blir kommunenamnet Bokn borte. Med det blir og eit merkenamn og ein identifikasjon for boknarane borte. Namnet fell ut av ulike former for kommunale statistikkar, namnet vil ikkje bli nemnt i avisre-

ferat der ein samanliknar kommunar osb. Kor viktig dette er i høve til marknadsføring av lokalsamfunnet med sikte på busetnad og næringsutvikling, er vanskeleg å seie. Det vi kan seie er at namnet Bokn blir meir usynleg i media viss kommunen slår seg saman med Tysvær.

Ut frå det overfor er det grunn til å hevde at folk i Tysvær og Bokn ikkje har nokon sterk felles identitet. Det er likevel som vist i kap 6 eit godt samarbeid mellom Bokn og Tysvær på fleire område, eit samarbeid som har auka noko over tid og på den måten fører til oppbygging av felles identitet. Vi registrerer og at folk i Tysvær oppfattar at dei har sterkare felles identitet med Bokn enn omvendt. Det er likevel slik at i Tysvær, som i mange andre kommunar, er det identiteten knytt til lokalsamfunnet som er sterkast. Dette tyder f eks at folk som bur i Nedstrand, har eit sterkare lokal tilhøyre enn dei har identitet som tysværbuar.

Samhandling er identitetsbyggjande. Slik som vist i kapittel 6, er det samarbeid på ei rekkje område mellom Bokn og Tysvær. I og med at dette aukar over tid, er det grunn til å tru at felles tilhøyre aukar. Slik vi har vist lengre fram i rapporten er det eit etter måten utstrakt samarbeid mellom Bokn og Tysvær og interkommunalt på Haugalandet.

Det er også grunn til å tru at den auka kommunikasjonen mellom dei to kommunane som har kome som resultat av brusambandet, fører til utvikling av ein felles identitet. Vi ser eksempel på stadig tettare band mellom Bokn og den søre delen av Tysvær. Dette kjem m.a. til uttrykk gjennom familieband, pendling og deltaking i frivillige lag og organisasjonar på tvers av kommunegrensa.

### ***8.3 Demokrati og deltaking***

I samband med kommunesamanslåingar er det naturleg å stille spørsmål ved konsekvensar for lokaldemokratiet og den demokratiske deltakinga. Historisk har valdeltakinga vore lågare i små utkantkommunar enn i store kommunar i sentrale strøk. Denne tendensen forsvann frå starten av 70-talet, og skilnadene i valdeltaking mellom små og store kommunar blei viska ut. Unnataket har vore at dei aller minste kommunane har hatt noko høgare valdeltaking enn gjennomsnittet. Dette biletet blir stadfesta av forholdet mellom Tysvær og Bokn, der valdeltakinga på Bokn ligg ca 6-9 prosentpoeng høgare enn i Tysvær.

Ein annan tendens ved valdeltakinga i Noreg, er at ho er dalande. På landsbasis har valdeltakinga ved kommuneval gått ned frå 72,1 % til 59,0 % dei siste 20 åra. Dette fenomenet kan har fleire forklaringar, som m.a. rikspolitisk dominans, uklårt skilje mellom dei ulike partia, misnøye med lokaldemokratiet

og stadig mindre oppslutning om borgarplikta. I alle tilfelle vil låg valdeltaking vere ein trussel mot lokaldemokratiet.

Tabell 26 Valdeltaking i prosent ved kommunestyreval 1983-2003 (Kjelde: SSB)

	1983	1987	1991	1995	1999	2003
Heile landet	72,1	69,4	66,0	62,8	60,4	59,0
Rogaland	70,5	69,6	68,0	64,9	60,5	59,7
Bokn	76,0	74,8	73,5	74,8	67,5	65,9
Tysvær	66,8	67,4	67,1	65,4	61,0	58,1

Ein kan og stille spørsmål ved kva kommunestorleik har å bety for andre former for politisk deltaking enn den som går føre seg gjennom val. Det ser ut til at avstanden mellom innbyggjarar og politisk system er avgjerande både for kontakten mellom folkevalte og veljarar, og for veljarane sin tillit til dei folkevalte (Kaupang, 2003).

Ein del boknarar vil truleg vere opptatt av i kva grad Bokn vil bli representert i eit nytt kommunestyre og korleis dette vil få konsekvensar med omsyn til Bokn sine interesser. Den geografiske representasjonen i Tysvær kommunestyre i dag viser stor spreining og skulle tilseie at ein er godt rusta til å ivareta både bygdeomsyn og heilskapsomsyn. Dei 29 representantane fordeler seg slik: 12 repr. frå Førdesfjordenområdet, tre repr. frå Aksdal, tre repr. frå Tysværåvåg, fire repr. frå Førland, ein repr. frå Straumen, to repr. frå Hervik og fire frå Nedstrand. Når det gjeld alderssamansetninga i dei to kommunestyra er det store skilnader. Gjennomsnittsalderen i Bokn kommunestyre er ca 45 år og i Tysvær rundt 55 år. I Bokn er heile 40 % av representantane mellom 30 og 40 år. I Tysvær er det tilsvarende talet berre 3 %. Representantar i aldersgruppa 40-49 utgjør 10 %.

### Konsekvensar

Også på dette område ventar ein at ei kommunesamanslutning i hovudsak vil bli få konsekvensar for Bokn. For boknarane vil ei samanslutning skape større avstand til både det politiske og det administrative apparatet, og dette kan sjølvsgt bli opplevd som ei svekking av lokaldemokratiet.

Ein kan og forvente at auka avstand og redusert kontakt mellom innbyggjarar og politikarar vil kunne svekke tilliten til dei folkevalte, sidan det er ein klar tendens til at tilliten til politikarane er størst i små kommunar (Kaupang, 2003).

På den andre sida kan det tenkast at ein større og sterkare kommune blir opplevd å ha større reell makt i lokalpolitiske spørsmål. Dette vil i tilfelle vere

ein positiv lokaldemokratikonsekvens av samanslutning. Ein kan og tenke seg at reduksjonen av habilitetsproblema som småkommunar opplever vil vere ein positiv konsekvens for lokaldemokratiet.

#### **8.4 Frå bygd til by – om identitet og identitetsutvikling i Bokn og Tysvær**

Dette kapitlet er skriva av Birger Lindanger og Svein Ivar Langhelle.

##### **Å høyra til**

Identitet er eit symbol på det å høyra til – kulturelt, geografisk, sosialt og historisk. *”Identifikasjon skapes gjennom prosesser som gir en følelse av samhørighet med noen eller noe, og interaksjon er en av to kjernefaktorer i prosessene hvor tilhørighet dannes. Tid er den andre.”* (Frisvoll og Almås, 2004, s. 7)

Identitet er ikkje ei statisk kjensle, ho endrar seg gjennom tid og varierer frå gruppe til gruppe, frå stad til stad og frå menneske til menneske. Når me her søker den lokale identiteten, dreier det seg om i kva grad og koss folk i ei bygd eller grend føler at dei høyrer til sitt lokalmiljø og som skil eit område frå eit anna. Og me vil setja søkelyset på kva krefter som formar desse kjenslene og i kva retning denne forma for identitet utviklar seg.

Me reiser då fylgjande problemstillingar:

Kva er den lokale identitet for Bokn og Tysvær?

Kor sterk er han?

Kva har forma han?

I kva lei utviklar han seg?

##### **Bokn**

*Ein identitet blir til*

Historisk har identiteten både til Bokn og Tysvær vore knytt til at land skilde og vatn batt. Særleg prega det identitetsforminga at Bokn var – og er – eit øysamfunn. Dei som budde på Austre Bokn hadde si sterke tilknytning til denne øya – alle var så og seia i same båt og hadde sine egne møteplassar på bedehuset, handelslaget, i ulike foreiningar som inkluderte nær sagt alle vaksne kvinner på øya eller i båten/ferja når ein skulle til andre øyar/bygder. Her fanst det også ein sterk dugnadskultur som særleg knyta mannfolka saman.

Dette var ein identitet som blei styrka og til ein viss grad forma av trykket ein meinte å føla frå kommunesenteret i Føresvik. Det var ein klassisk sent-

rum/periferi-problematikk der ein del av periferiproblematikken baserte seg på ein uvilje mot å la seg styra frå sentrum.

Austreboknarane hadde også litt andre slektskapsrelasjonar enn Vestre Bokn, mellom anna ved at det her var ein større tendens til å finna ektepartnarar i Tysvær. Dette medan det på Vestre Bokn var ein tendens til å søkja ektefelle på Karmøy eller Rennesøy – i den grad ein gjekk or kommunen. Alt dette førte til at ein nok hadde ein felles bygdeidentitet, men i vel så stor grad ein lokal identitet til øya ein budde på.

Sterkt identitetsskapande var også foreiningslivet. Både Austre Bokn og Vestre Bokn hadde eigne foreiningar. I hovudsak var det kvinnene som gjekk i desse foreiningane. Det var for det meste misjonsforeiningar, men etter kvart også sanitetsforeiningar.

Bygda hadde felles møteplassar i samband med 17.-mai og andre merkedagar i året. Og mest alle var knytt opp mot ei felles kyrkje der boknarane samlast til felles ritual i samband med årets og livets store vendepunkt – dåp, vigsel og gravferd. Før bruene kom, hadde boknarar flest også eit næringsfellesskap og henta utkome på same vis – av jorda, på sjøen eller på "Plasten".

Med røter tilbake til 1850 er kommunen den eldste i regionen. Gjennom den politiske møtestaden dette innebar og den bygdestyringa dette etablerte, er det tvillaust at denne kjensgjerninga også var med på å skapa ein felles identitet. I denne samanhengen betydde det mindre at ein delte prest med Tysvær og lensmann med Karmøy. Tilflyttinga var heile 1900-talet minimal, noko som gjorde at dei gamle, etablerte slektene dominerte og la føringar for den felles identiteten.

#### *Før brua*

Som sagt, er kommunikasjon viktig for utviklinga av ein lokal identitet. Før brua, måtte ein i felles rutebåt same kvar ein skulle. Ferja blei ikkje bare eit kommunikasjonsmiddel, det blei ein møteplass som også streka under at boknarane var i same båt. Dei siste 20 åra før brua, gjekk ferjesambandet i hovudsak til Kopervik. Det var ein styrke for dei eldgamle banda over Karmsundet. Mellom Karmøy og Bokn blei det gjennomført ei rad interkommunale tiltak særleg innan helse og utdanning. I den grad det fantes inn- og utpendling skjedde det mellom disse to kommunane. I stor grad blei i praksis Kopervik "byen" for boknarane, det var helst når dei ikkje fekk det dei skulle der, at dei drog vidare til Haugesund eller kanskje Stavanger. I fisket fantes også eit fellesskap mellom Bokn og Karmøy. Sjølv om Karmøy var langt større, følte boknarar flest ikkje Karmøy som eit trugsmål mot eige lokalmiljø og identitet sidan det aldri var tale om å leggja Bokn inn under Karmøy.

I denne perioden blei den felles boknidentiteten styrka, mellom anna ved at ein fekk ein felles barne- og ungdomsskule for heile kommunen. Haugaland-sidentiteten var ikkje særleg sterk, fram til sist på 1970-talet gjekk ungdommen helst på vidaregåande skular i stavangerområdet der dei fleste boknarane hadde slektskapsband. Men særleg etter at boknarane fekk bilferje til Koparvik, blei det lettare å søkja regionshovudstaden. Kontakten med Tysvær var i denne tida nokså svak.

Symptomatisk nok hadde Stavanger Aftenblad tredjeparten av avismarknaden i Bokn kring 1980, Haugesunds Avis hadde resten. Når folk snakka om å dra til "byn", før ein til Stavanger. Då Haugesunds Avis fyrst på 1990-tale spurte ei gruppe boknarborn kva som var fotballaget deira, svarta dei unisont "Viking"! Dette fortel at boknarane mentalt framleis til ein viss grad var vende sørover, sjølv om den kommunikasjonsmessige utviklinga i aukande grad vende dei nordover.

#### *Etter fastlandssambandet*

Vendepunkt for boknarane var etableringa av fastlandssambandet i 1990. Over natta blei Haugesund byen for boknarane, frå nå av søkte bokn ungdommen nordover både til fest og kvardag. Her gjekk dei på dans, på kino, her fann dei arbeid og ektefelle og haugesunds-dialekten kom snikande over bruene. Ganske raskt blei boknarane del av ein felles regional arbeids- og handelsmarknad og sosiale kontaktar blei oppretta over heile Haugalandet der Tysvær låg nærast.

Særleg viktig er det at det er blitt etablert ein felles arbeidsmarknaden. Han har ført til ei utvikling der ein har blitt meir og meir integrert i Haugalandet, og der Tysvær har fått status som den næraste delen av Haugalandet og den delen av det ein har mest med å gjera. Når enkelt sagt 1/3 av boknarane jobbar i Bokn, 1/3 i Tysvær og 1/3 i Haugesund, så betyr det svært mykje for identiteten over tid. Og det gjer også sitt at dei på Bokn møter så mange felles arbeidskollegaer frå dei to nabokommunane.

#### **Bokn møter Tysvær**

For mange boknarar blei haldninga til Tysvær dualistisk. På den eine sida tok dei i aukande grad del på felles møteplassar, t.d. "BORK", Sjonar og Falkeid idrettslag. Dette førte i neste omgang til at det i veksande omfang blei etablerte personlege band og kontaktar over kommunegrensa – særleg til Slåttevik og Tysværvågområdet som låg nærast.

I aukande grad søkte også boknarane Aksdal dit mange offentlege funksjonar er sentralisert som før var å finna i Bokn sjølv om det å dra til Aksdal i starten kunne oppfattast som eit svik mot bygda. Men gradvis vende folk seg til

å bruka Aksdal samstundes som stadig fleire boknarane fekk slekt der nord, ein tok til å bruka tenester – og ytte tenester i Tysvær og blei etter kvart stadig meir innvoven med tysværbyen. Sjølv om ein beheldt boknidentiteten, bleikna han litt etter litt og det tok til å etablera seg ein felles identitet. I neste omgang tok dei stadig meir til å kjenna seg som haugalending. Det ytra seg mellom anna ved at dei heller ynskte ein regional storkommune enn ei samanslåing av Bokn og Tysvær. På den andre sida styrka trykket frå nord ei slags sjåvinistisk haldning blant mange boknarar, ei redsle for å bli overkøyrd frå nord og bli ein utkant i Tysvær.

## **Tysvær**

Tysvær kommune er ei administrativ nyskaping som blei til ved kommunesamanslåinga i 1965. Då blei to heile kommunar og delar av to andre slegne saman til eit samla område. Innan det området som omfattar Tysvær kommune, var - og er - den lokale identiteten i stor grad knytt til ei ulike lokalesamfunn som Nedstrand, Hervik, Skjoldastraumen og Slåttevik for å nemna nokre. Desse lokale identitetane samsvarar langt på veg til dei me finn i Bokn. Dei hadde fram til i 1920-åra også det til felles, at rutebåten gjorde Stavanger til ”byn”. For områda så langt inn som til Grinde, Førland og Apeland var Haugesund ”byn”. Men frå kring 1920 blei stadig større delar av Haugalandet knytt til Haugesund gjennom veg- og rutebilnett. Når folk på Falkeid i 1950 tala om Stavanger som ”byen”, var nok det då mest ein anakronisme. Då rutebåttilbodet til Stavanger frå Skjoldafjordområdet og dei søre delane av gamle Tysvær blei lagt ned i 1951, var dette ein konsekvens av denne utviklinga.

Samstundes har det grodd fram ein felles Tysvær-identitet som truleg er sterkare enn i dei fleste andre kommunane som har vore gjennom ein tilsvarande fusjon. Aksdal ligg lagleg til på vegen inn til Haugesund og har utvikla seg til det naturlege kommunesenteret. Ikkje bare det, Aksdal er også i ferd med å utvikla seg som ein sentral stad for heile regionen.

Etter 1965 har gode vegar og privatbilismen gjort heile Tysvær til ein sentral del av Haugalandet mellom anna ved at Haugesund er blitt det naturlege servicesenteret. Samstundes er dei lokale tysværidentitetane framleis mykje oppdelte. Det viktigaste skilje går truleg mellom eit ”by-Tysvær” som strekkjer seg frå Førre over Frakkagjerd og Aksdal heilt til Grinde. Her kjenner innbyggjarane seg mest som byfolk og med ein identitet og kultur som knyter dei til Haugesund. Symptomatisk nok ynskte det store fleirtalet som gjekk inn på spørreundersøkinga om kommunesamanslåing på heimesida til Tysvær kommune heller ei samanslåing til ein større regionskommune for Haugalandet enn ei samanslåing med Bokn. Ved sida av dette ”by-Tysvær”, finnest også eit land-

Tysvær, ein lokal identitet knytt mot Nedstrand, Slåttevik, Skjoldastraumen og Hervik.

Dei stadig meir effektive kommunikasjonane skapar ein tendens mot ein sterkare felles, regional identitet. For boknarane vil den utviklinga me har sett etter bruene, ganske sikkert halda fram. Meir og meir blir dei integrerte i ein større region. Men samstundes vil også den lokale bygdeidentiteten leva vidare, her som andre stader på Haugalandet.



## 9 BRUK AV UTGREIINGA VIDARE

I dette kapitlet skal vi drøfte litt nærare korleis prosessen kan førast vidare. I samband med dette har vi tatt for oss inndelingslova, aktuelle høyringsmetodar, og kva for omsyn som blir tatt ved ulike måtar å høyre på. Avslutningsvis drøftar vi med bakgrunn i kapitlet ulike måtar å høyre befolkninga på i Tysvær og Bokn. Innhaldet i kapitlet byggjer i stor grad på Bolkesjø og Brandtzæg (2005).

### 9.1 *Samanfattande vurderingar og utfordringar*

Inndelingslova tilseier at det er kommunestyret som skal ta den endelege avgjersla om kommunesamanslåing eller ikkje. Det er likevel slik at i dei aller fleste sakene om samanslåing av kommunar bind politikarane seg til å følgje folkemeininga. Ulempene ved dette er at politikarane på den måten kan fråskrive seg ansvar både for informasjon, dialog og det å få innsikt i folkemeininga. Uavhengig av folkerøysting eller ikkje er det i alle fall viktig at politikarane gjev til kjenne sitt syn på kommunesamanslåinga. Dette er ein viktig føresetnad for å få ein god og open dialog.

Informasjon overfor og dialog med folket er viktig i så vanskelege spørsmål. Dette skal gje politikarane innsikt i kva folk meiner, og kvifor dei meiner det dei gjer. Informasjonen må vere balansert, open og ærleg slik at folk får best mogleg kunnskap til å ta eigne avgjersler. Det er og viktig at det ikkje blir reist tvil om den argumentasjonen som blir ført, og at verknadene blir mest mogleg klårgjort.

”Ein veit kva ein har, men ikkje kva ein får”. Det at folk er usikre på kva for verknader ei samanslåing vil få, er ofte det viktigaste argumentet folk har til å stemme nei. Dette vil vanlegvis vere knytt til nære forhold som er viktige for folks kvardag slik som skuletilbod, barnehagar, eldreomsorg og andre tenester i kommunen. I dette samanslåingss spørsmålet er det viktig at organisering av tenestetilbodet på Bokn blir synleggjort på ein best mogleg måte.

### 9.2 *Om inndelingslova §10*

Inndelingslova gjeld både for kommunar og fylke. Om formålet med lova heiter det: *Formålet med denne lova er å leggje til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som innanfor ramma av det nasjonale fellesskap kan sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning. Endringar i kommune- eller fylkesinndeling bør medverke til å skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning. Verk-*

*semnda etter denne lova skal byggje på prinsippet om lokal medverknad og initiativrett til grenseendringar. Ot.prp.nr.41 (2000-2001)*

I §10 i Inndelingsloven står det følgjande om høyring av innbyggjarane: *Kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring. Høyringa kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på annan måte.*

Juridisk sett blir ikkje kommunane pålagt å halde høyring av innbyggjarane, og kommunane står i tilfelle fritt til å velje høyringsmåte. Det er vidare klart at ei høyring berre vil vere rådgjevande for kommunane, og at kommunestyret i prinsippet kan velje å sjå bort frå det rådet som blir gitt. Dette tyder at lova opnar for andre avgjerdsprosessar enn dei som vanlegvis blir bruka i dag. Ved frivillige samanslåingar har så godt som alle kommunane valt å gjennomføre folkeavstemming for å få fram innbyggjarane sitt syn. Sjølv om kommunestyret står fritt til å ta avgjerda om samanslåing eller ikkje, er det i praksis slik at lokalpolitikarane nesten alltid forpliktar seg til å følgje folkemeininga, og frivillig samanslåing av kommunar i Norge har hittil i stor grad blitt gjennomført etter folkeavstemming, ofte med låg deltaking, og ofte med knapt fleirtal.

Høyringsmåtane som blir nytta bør bidra til:

- å få fram representativ informasjon
- å skape dialog
- at standpunkt hjå folk bygger på kunnskap og innsikt
- å gi informasjon om styrken i innbyggjaranes standpunkt, og kva for argument som er utslagsgjevande.

Spørsmålet som melder seg for kommunar som står midt oppe i ein slik prosess, er korleis ein bør gå fram. Med erfaringar frå andre stader skal vi drøfte dette noko nærare.

### **9.3 Aktuelle høyringsmåtar**

I ei utgreiing om brukarperspektivet i offentleg sektor (Brandtzæg & Møller 2004), blir det gitt ein gjennomgang av ulike verkemidlar for medverknad frå innbyggjarane. Det er vanleg å skilje mellom strukturelle, prosessuelle og forvaltningsorienterte verkemidlar. Dei strukturelle verkemidla er permanente or-

gan der brukarane/innbyggerane blir gjeve plass for å vere med å fremje sine synspunkt. Dei prosessuelle verkemidla gjeld for ei avgrensa tid, og blir nytta for å hente inn innbyggerane sine syn i bestemte saker eller prosessar. I samband med forvaltingsorienterte verkemidlar, er det i første rekke forvaltninga sjølv som set seg mål og standardar som dei skal prøve å oppnå for å gje innbyggerane eit best mogleg tilbod. I forhold til ei kommunesamanslåing er det dei prosessuelle verkemidla som er av størst relevans. Dette fordi dette er verkemiddel som varer ei avgrensa tid, og som blir nytta i dialogen mellom innbyggerane og kommunen.

Dei prosessuelle verkemidla er:

- spørjeundersøkingar (opinionsundersøkingar)
- fokusgrupper og brukarmøte
- høyringar
- visjonsseminar og søkekonferansar
- referansegrupper og innbyggerpanel

I forhold til prosessen ved kommunesamanslåingar har KS utarbeida eit notat for å illustrere ulike måtar å gjennomføre ein innbyggardialog på som er i samsvar med kravet i Inndelingsloven. I notatet diskuterer ein følgjande måtar å hente inn innbyggerane sitt syn på:

- *Folkeavstemming*
- *Opinionsundersøkelse med telefonintervju*
- *Opinionsundersøkelse med postale spørjeskjema*
- *Utvida høyringar av folk*
- *Fokusgrupper*
- *Høring*

Vi ser at disse verkemidla i stor grad fell saman med dei prosessuelle verkemidla for å fremje auka brukarorientering i offentleg sektor.

Vi skal sjå litt nærare på folkeavstemming som høyringsmåte:

Folkeavstemming er som nemnt, den tradisjonelle måten å innhente folks syn på spørsmålet om kommunesamanslåing på. Sjølv om det er kommunestyret som tek den endelege avgjerda, har det utvikla seg presedens om at rådgjevande folkeavstemming skal nyttast, fordi spørsmålet er viktig for folk flest. Bruk av folkeavstemmingar omhandlar demokratiske problemstillingar det kan vere

viktig å vere merksam på. Folkeavstemmingar støttar opp om motsetningsorienterte trekk knytt til politiske spørsmål. Det vil seie at dei ikkje tar sikte på brei og omforeint konsensus (Klausen 2004). Demokratiske ideal fokuserer ofte på kunnskapsbygging og haldningsendringar gjennom samtale og debatt for å bli samde om dei beste løysingane på politiske spørsmål (Brandtzæg & Møller 2004). Avgjerder gjennom folkeavstemmingar vil i prinsippet dreie seg om å aggregere individuelle preferansar, i staden for å gjennomføre ei kollektiv vurdering av kva som er den beste løysinga på ei felles utfordring. Deltaking i demokratiske prosessar blir gjerne sett på som viktig for å medverke til demokratisk læring, skape politisk engasjement, og gjennom dette bidra til å styrke og vidareutvikle demokratiet. Det kan stillast spørsmål ved om folkeavstemmingar støttar opp om desse ideala. Startori (1987) meiner at veljaren gjennom folkeavstemmingar utfører si deltaking aleine og for seg sjølv, utan å ta del i debatten. Det er i mange tilfelle tale om passiv tilhøyrar og ikkje aktiv dialog.

Ved å gjennomføre folkeavstemming overlet politikarane til innbyggjarane å fatte ei avgjer. Som grunnlag for å gjennomføre ei folkeavstemming er det på førehand viktig å gjennomføre ein brei og inkluderande prosess, der positive og negative sider ved ulike alternativ blir klargjort. Dette er ein viktig føresetnad for at innbyggjarane skal kunne komme fram til eit gjennomtenkte standpunkt. Dersom det er uklåre førestillingar om kva samanslåing vil føre til, vil innbyggjarane lett velje det eksisterande – ein veit kva ein har, men ikkje kva ein får.

Dersom vi vurderer folkeavstemming ut frå krav som det vil vere naturleg å stille til ulike høyringsmetodar, vil kravet frå politikarane om å få representativ informasjon vere avhengig av deltakinga ved valet. Låg deltaking ved avstemminga vil gje lite representativ informasjon. Vi har sett at folkeavstemmingar kan føre til å fremje motsetnader i staden for dialog. Mangel på deltaking, dialog og debatt reduserer dei moglegheitene innbyggjarane har for å få kunnskap og innsikt. Gjennom ei folkeavstemming, der svara er Ja eller Nei, får ein ikkje informasjon om styrken i innbyggjarane sine syn, og kva for argument som er viktige for deira syn. Dette gjev politikarane lite rom til å argumentere og fatte avgjersler på eit meir sjølvstendig grunnlag.

#### ***9.4 Kva blir tatt omsyn til ved ulike måtar å høyre på?***

På bakgrunn av gjennomgangen av ulike høyringsmåtar overfor, vil vi her prøve å foreta ei samla vurdering av kva for omsyn som blir tatt ved ulike måtar å høyre på. Viktige kriterium vil vere i kva grad dei ulike verkemidla gir:

- representative svar frå befolkninga
- innbygarane sin kunnskap og innsikt om konsekvensar av ei samanslåing
- moglegheit til å skape god dialog mellom kommunen og innbygarane
- moglegheit for innbygarane til å fremme sine synspunkt
- politikarane får eit godt grunnlag for sjølve å avgjere spørsmålet om kommunesamanslåing eller ikkje

I Tabell 27 er det gjennomført ei klassifisering av korleis ulike måtar tar vare på ulike kriterium. Klassifiseringa representerer ei fagleg skjønnsmessig vurdering.

*Tabell 27 Ulike høringsmåter vurdert ut fra aktuelle kriterier. 5 betyr at kriteriet er godt ivaretatt. 1 betyr at kriteriet er dårlig ivaretatt. Kjelde: Bolkesjø og Brandtzæg, 2005*

Høringsmåter	Kriterier				
	Representativitet	Kunnskap og innsikt om konsekvenser	Betydning for dialog	Innbyggernes muligheter til å fremme sine synspunkter	Politikernes muligheter til å ta en selvstendig avgjørelse
Rådgivende folkeavstemming	4	1	1	1	1
Opinionsundersøkelse ved telefonintervju	5	1	2	2	3
Opinionsundersøkelse ved postsendte skjema	4	1	2	3	3
Utvida folkehøringar	3	3	4	4	4
Fokusgrupper	2	4	5	5	4
Høring	2	2	2	3	4

### ***9.5 Aktuelle framgangsmåtar for innbyggjarhøyring og dialog***

På ein kortfatta måte har vi i Tabell 28 vist korleis prosessen kan gå føre seg. Når resultatata frå analysefasen ligg føre, blir desse diskutert i kommunestyra. Dersom utgreiinga viser at ei samanslåing vil føre til at ein får oppfylt visjonar og mål som er sett opp i utgangspunktet, og samstundes innbyggerane sine meiningar og behov er tatt vare på, kan kommunestyret velje å vedta ei samanslåing ut frå dei opplysningane som ligg føre. Dersom kommunestyra på bakgrunn av utgreiinga meiner at ei samanslåing ikkje vil vere tenleg, kan kommunestyret vedta at kommunane ikkje slår seg saman, og at prosessen blir stoppa. Kommunestyret kan vidare vedta å føre prosessen vidare med sikte på å gjennomføre ei høyring av innbyggerane.

Tabell 28 Forslag til samanslutningsprosess som kombinerer ulike modeller for innbyggjarhøyring og dialog. Kjelde: Bolkesjø og Brandtzæg, 2005

Fase	Aktivitetar	Aktuelle høyringsformer
Analyse-fase	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Avklaring av politiske holdninger gjennom visjons- og temadiskusjoner i kommunestyrene.</li> <li>- Kartlegging av innbyggere og ansattes holdninger, synspunkter og spørsmål som de er opptatt av i forbindelse med en kommunesammedanlutning</li> <li>- Utforming av et utredningsopplegg som forankres i kommunestyrene</li> <li>- Gjennomføring av utredning av fordeler og ulemper med fokus på effekter ut fra visjoner og målsetninger</li> </ul>	Utvida folkehøyringer og/eller fokusgrupper
Vedtak i kommune-styra om vidare-føring	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kommunestyret diskuterer resultatene og klargjør egne holdninger til om prosessen skal videreføres eller ikke. Kommunestyret kan allerede nå eventuelt også fatte vedtak om at kommunane skal sammedanluttas.</li> <li>- Ved videreføring utarbeides intensjonsplaner som så langt som mulig beskriver organisering og innhold i den nye kommune. Videre utarbeides strategier for å informere og legge til rette for debatt og dialog. Tiltakene diskuteres og forankres i kommunestyrene.</li> </ul>	
Debattfase	- Gjennomføring informasjons- debatt- og dialogaktiviteter. Det vil vere viktig å ta utgangspunkt i spørsmål som innbyggerne er opptatt av, og i hvilken grad en sammedanlutning kan i bidra til å nå visjoner og mål.	
Innbyggerhøyring	Det gjennomføres en form for innbyggerhøyring som kommunestyret mener gir det beste grunnlaget for å fatte vedtak om sammedanlutning eller ikke.	Opinionsundersøkelse, utvida folkehøyringer eller folkeavstemming
Vedtak	Kommunestyret fatter vedtak om sammedanlutning eller ikke på bakgrunn av høyringsresultatene. Høyringsformen vil vere avgjørende for politikernes muligheter for ta en selvstendig avgjørelse	

Som grunnlag for å førebu ei høyring av innbyggjarane, bør ein legge opp til informasjon og debattar som tar utgangspunkt i spørsmål og interesser som ble kartlagt i analysefasen. Her vil det vere viktig å stimulere til debatt og folkemø-

te der dei som ønskjer det, slepp til og blir høyrte, og der ein får fram synspunkt frå ulike ståstader på ein balansert måte.

Den avsluttande høyringa av innbyggjarane kan gjennomførast på fleire måtar. Det kan gjennomførast ein ny runde med utvida folkehøyringar og/eller fokusmøte for å få inntrykk av folks synspunkt på om dei ut frå utgreiinga ser på ei samanslåing som fordelaktig eller ikkje, kva for argument som talar for og i mot, samt styrken i dei ulike argumenta. For å sikre eit meir representativt uttrykk for kva folk meiner, kan det vere eit alternativ å gjennomføre ei meningsmåling. Dette kan og gje eit meir nyansert bilde av folks haldningar enn det ein får ved ei folkeavstemming – der svaret berre er ja eller nei.

Dersom ein vel å gjennomføre ei folkeavstemming, vil det i stor grad vere behov for å gjennomføre analyse og debattfasen på tilnærma same måte som ved bruk av andre høyringsformer. Ved bruk av folkeavstemming kan det vere enda viktigare å stimulere til debatt og involvering, i og med folkeavstemming som metode kan medverke til ansvarsfråskrivning og redusert engasjement. Samstundes vil det vere minst like viktig å få fram ei felles forståing av verkelegheita. Viktige formål med ei kommunesamanslåing frå kommuneleiinga si side er ofte at kommunane vil få betre føresetnader for å gjennomføre sine oppgåver som organisasjon. Dei som bur i kommunen, vil i større grad ha fokus på eigen situasjon og eige lokalsamfunn.

For å unngå uheldige effektar av å signalisere bruk av folkeavstemming eller andre høyringsmåtar i ein tidleg fase, kan det vere ei løysing å vente til eit stykke ut i prosessen før ein bestemmer om ei folkeavstemming eller andre høyringsmåtar skal danne grunnlaget for ei avgjerd om samanslåing, og når eventuelt denne skal gjennomførast..

Andre tiltak for å stimulere til ein god dialog kan vere å etablere referansegrupper eller panel der representantar for innbyggjarane kjem med råd og innspel undervegs i prosessen. At representantar frå innbyggjarane kjem med innspel om korleis prosessen bør leggjast opp, kan og medverke til ein prosess som fangar opp innbyggjaranes behov på ein betre måte, samstundes som dette kan gje prosessen betre forankring og legitimitet.

## ***9.6 Synspunkt på prosessen i Bokn og Tysvær framover***

Kommunestyra og kommuneleiinga i dei to kommunane står overfor fleire utfordringar i det vidare arbeidet:

1. Klargjere korleis ein skal kjøre prosessen
2. Få til ein open og inkluderande prosess



### 3. Synleggjere verknadene på ein truverdig måte

Vi skal kommentere desse punkta litt nærare:

#### 1. Vidare prosess:

Etter at konsekvensutgreinga er ferdig står kommunane overfor mange val både når det gjeld måtar rapporten skal presenterast på, og korleis prosessen skal førast vidare. Det er viktig at vidare arbeid vert forankra i kommunestyra, og desse står fritt til å velje om dei vil gå vidare med prosessen eller ikkje. Dei vedtaka som er gjort i kommunane legg vel allereie føringar for at det skal hal-dast rådgjevande folkeavstemming. Det ein fyrst og fremst må ta stilling til er kva måtar ein ynskjer å informera på, om ein skal kjøre ei rein informasjons-kampanje og/eller om ein skal legge opp til mest mogleg dialog og inkluderande prosess. I dialogen med folk er det viktig å få tak på kva folk er opptekne av, og korleis ein kommuniserer desse spørsmåla. I samband med dette kunne det vere aktuelt å gjennomføre ei spørjeundersøking mellom folk på Bokn for å få fram deira syn på kommunesamanslåinga og kva for argument som gjer seg gjeldan-de. Det vi registrerer er at folk på Bokn mellom anna er opptekne av følgjande spørsmål:

- Dei tilsette i kommunen er opptekne av arbeidsplassane sine, korleis vil det gå med desse? Særleg er deltidstilsette opptekne av dette.
- Vil Bokn bli ein utkant i Tysvær, og vil det vere mogleg å oppretthalde te-nestetilbodet i kommunen?
- Vil boknarane miste sin identitet viss dei slår seg saman med Tysvær?

Slik stoda er på Bokn, med nedgang i folketalet, nedgang i arbeidsplassar og høg arbeidsløyse er det i dialogen med innbyggjarane viktig å få fram dei utford-ringane Bokn står overfor som eigen kommune framover. Dette er utfordringar som kan vere vanskeleg å sjå for folk flest, men som vert sett av dei som kjen-ner kommunen og utfordringane i denne. Det er ei vanskeleg oppgåve å kom-munisere slike spørsmål, men dette er viktig.

#### 2. Open og inkluderande prosess

Erfaringar frå andre kommunesamanslåingsprosessar tilseier at det er viktig med opne prosessar. For å få til dette er det viktig at det er legitimt å stå fram med ulike syn enten dette er for eller mot samanslåing. Det verste som kan skje er at folk med andre syn enn fleirtalet i folket ikkje vert respektert for sitt syn. Då er det vanskeleg å få ein god og open prosess. Dei som sit i kommunestyret har eit spesielt ansvar for å få til ein open og god prosess. Viss dei flaggar sine syn vert det lettare debatt hjå folk flest, noko som er viktig i ein slik prosess.

Ein open prosess tyder og at argumenta som vert nytta om fordelar og ulemper ved samanslutning må vere ærlege og truverdige. Viss for eksempel dei som er for ei samanslåing, nyttar argument om positive verknader som kan vere vanskeleg å innfri, vil dette lett bli stilt spørsmål ved og verknadene blir dei motsette av det som var tilsikta, nemleg å få til ei samanslåing.

### 3.Synleggjere verknadene

”Ein veit kva ein har, men ikkje kva ein får”. Dette er eit av dei viktigaste argumenta - kanskje det viktigaste - som vert nytta av dei som stemmer Nei til kommunesamanslåing. Ofte gjeld dette spørsmål om tenestetilbodet blir like godt etter som før samanslåing. For Bokn og Tysvær sin del er avtala mellom dei to kommunane ei avtale som sikrar eit godt tenestetilbod på Bokn dei fyrste åra frametter. Det kan likevel vere grunn til å stille spørsmål ved korleis dette skal gjennomførast og organiserast. Det er ei utfordring for kommunane å konkretisere dette noko meir.

Ei anna viktig utfordring er å synleggjere moglege verknader for Bokn ved fortsette som eigen kommune.

## 10 DRØFTING AV FORDELAR OG ULEMPER VED SAMANSLÅING

I dette kapitlet skal vi foreta ei samanfattande drøfting av fordelar og ulemper ved samanslutning. I opplegget for konsekvensanalysen heiter det at ”*analysen skal ende opp med ein skjematisk oversikt over fordelar og ulemper*”. Nedanfor har vi sett nærare på dette. Vi ser fyrst på korleis representantar i styringsgruppa i dei to kommunane vurderer dette. Til slutt ser vi nærare på nokre sentrale spørsmål som det er vanskeleg å gje svar på i dag, men som det er grunn til å ta med i drøftingane framover.

### 10.1 Styringsgruppa si vurdering på ulike område

Tabell 29 viser korleis styringsgruppa vurderer dette spørsmålet på ulike område. Tala i tabellen bygger på eit skjema som respondentane svara på i forlenginga av intervjuet. Det er to hovudtrekk ved tabellen det særleg er verd å merke seg. For det fyrste at Styringsgruppa får Tysvær ser få argument mot samanslåing, medan boknarane ser ein god del argument mot. For det andre at argumenta for samanslåing er ein god del forskjellig sett frå dei to kommunane sin synsstad.

Sett frå Bokn si side blir argument knytt til større tyngde som aktør i ulike samanhengar saman med kompetanse det som scorar høgast for samanslåing. Frå Tysvær si side er det at kommunane har ein felles bustads- og arbeidsmarknad det som er viktigaste argumentet for. Dette har samanheng med at det er tale om felles utfordringar som krev samordning og samarbeid om det er ein kommune eller ikkje. Ein interessant observasjon er at tysværbuane meiner det i nokon grad er felles identitet og tilhøyre mellom det to kommunane, medan boknarane meiner at dette ikkje er noko argument for ei samanslåing.

Tysværbuane meiner det er svært få argument som tilseier at kommunane ikkje bør slå seg saman. Boknarane peikar på ei rad med grunnar som er viktige for at kommunane ikkje bør slå seg saman. Sentralisering og dårlegare tenestetilbod er eit viktig argument. Manglande felles identitet og mindre lokalpolitisk engasjement er andre viktige argument mot. Som alternativ til samanslåing ser ein det som viktig i staden å utvikle det interkommunale samarbeidet.

Vi skal ikkje leggje for stor vekt på denne undersøkinga, men den speglar likevel truleg viktige argument for og mot samanslåing. Det er på Bokn det er motstand mot ei samanslåing og det er boknarane som fyrst og fremst vil merke verknadene av ikkje lengre å vere eigen kommune. For Tysvær sin del vil kommunesenteret fortsatt bli i Akسدal slik som nå, og utviklinga i Tysvær

kommune vil i liten grad vere avhengig av om Bokn blir ein del av kommunen eller ikkje.

Tabell 29 Svar frå representantane frå styringsgruppa på spørsmålet: "Kor viktig synest du – sett frå din kommune sin ståstad - at følgjande argument for og mot ei samanslåing av Bokn og Tysvær er? Svært viktig = 3, Viktig = 2, Noko viktig = 1 og Ingen betyding = 0. Rangert etter totalen.

Argument for ei samanslåing	Bokn	Tysvær	Total
Kommunane har felles bustad- og arbeidsmarknad	1,50	2,25	<b>1,88</b>
Ein samanslått kommune vil lettare kunne trekke til seg nye aktivitetar innan næring, kultur og utdanning	2,00	1,25	<b>1,63</b>
Ein samanslått kommune vil bli ein sterkare aktør overfor offentleg sektor regionalt og sentralt	1,75	1,25	<b>1,50</b>
Evna til å møte framtidige utfordringar blir større	2,00	1,00	<b>1,50</b>
Dei tilsette vil få ein meir interessant arbeidsplass	1,25	1,75	<b>1,50</b>
Ein samanslått kommune vil få betre kompetanse og ha lettare for å rekruttere godt kvalifisert arbeidskraft	1,75	1,00	<b>1,38</b>
Ein samanslått kommune vil få betre økonomi	1,25	1,25	<b>1,25</b>
Ein samanslått kommune er mindre sårbar for svingingar i arbeidsmarknaden	1,50	1,00	<b>1,25</b>
Geografi og historie gjev felles identitet og tilhøyre	0,33	1,50	<b>1,00</b>
Ein samanslått kommune vil gje eit betre tenestetilbod til innbygarane innan ulike sektorar	0,50	1,50	<b>1,00</b>
Ein samanslått kommune vil kunne ta ut stordriftsfordelar i tenesteproduksjonen	0,50	1,00	<b>0,75</b>
Vil avløyse det interkommunale samarbeidet som er krevjande å drive	0,75	0,75	<b>0,75</b>
Det lokalpolitiske engasjementet vil auke	0,50	0,75	<b>0,63</b>
Ein vil unngå gratispassasjerproblemet	0,50	0,33	<b>0,43</b>
<b>Argument mot ei samanslåing</b>			
Samanslåing vil føre til auka sentralisering	2,25	0,67	<b>1,57</b>
Identitet og tilhøyre i dei to kommunane er forskjellig	2,25	0,33	<b>1,42</b>
Det er betre å utvikle det interkommunale samarbeidet mellom kommunane i staden for å slå dei saman	2,25	0,25	<b>1,25</b>
Lokalpolitisk engasjement vil bli mindre, det blir større avstand mellom dei folkevalte og innbygarane.	2,00	0,25	<b>1,13</b>
Tenestetilbodet vil bli dårlegare i ein skilde delar av kommunen	1,75	0,25	<b>1,00</b>
Ein vil kunne få bygdestridigheit i tida framover	1,00	0,50	<b>0,75</b>
Dei tilsette i kommunane vil kome i ein vanskeleg situasjon på grunn av endra arbeidsvilkår	1,50	0,00	<b>0,75</b>
Det er naudsynt å oppretthalde to kommunar for å utvikle dei ein skilde lokalsamfunna	1,00	0,25	<b>0,63</b>
Ein større kommune vil bli meir tungrodd å drive	0,50	0,00	<b>0,25</b>

## 10.2 Noko å tenkje på??

Kommunesamanslåing er eit spørsmål om framtida til dei kommunane som vurderer det. Viss det blir samanslåing har dette konsekvensar for folk og lokalsamfunn. På den andre sida har det og konsekvensar viss kommunane ikkje slår seg saman. Uavhengig av kva som blir resultatet av ei folkerøysting på Bokn og i Tysvær vil dette legge band på kommunestrukturen i mange år framover. Følgjeleg er det viktig å sjå framover, og det er fleire spørsmål som melder seg i samband med dette:

- Er Tysvær og Bokn eit godt partnerskap?
- Korleis vil inntektssystemet for kommunane bli i framtida. Kan ein risikere at små kommunar vil kome under auka økonomisk press? (jfr Borge-utvalet)
- Kva med oppgåvefordelinga, dei nye regionane og kommunanes rolle?
- Vil det vere greitt å vere liten kommune i framtida, og er det rett tidspunkt å slå kommunane saman på?

For Bokn kommune bør Tysvær vere ein god kommune å slå seg saman med. Tysvær har god økonomi, ein har fått i stand ei intensjonsavtale som sikrar tenestetilbodet på Bokn og kommunen har eit desentralisert tenestetilbod. Alternativet med ein storkommune på Haugalandet vil truleg føre til at Bokn lettare ville bli gløymt enn det lokalsamfunnet Bokn blir i ein ny Tysvær kommune.

Slik som drøfta i kapitel 7 vil ei ny regionreform som skal avløyse fylkeskommunen truleg føre til at kommunane i større grad enn i dag vert utfordra til proaktivt arbeid overfor regionnivået. For å vere ein interessant partner i slikt arbeid er det viktig å ha ei viss tyngde, både økonomisk og med omsyn til kompetanse. Dette har Tysvær og kommunen vil truleg vere ein interessant partner for ein ny Vestlandsregion mellom anna på grunn av at kommunen er lokaliseringsstad for den gassbaserte industrien på Haugalandet. Bokn kommune aleine vil ha mindre å spele på i ein slik samanheng, mellom anna og fordi partnerskap med det regionale nivået vil krevje at kommunen har ressursar, både kompetanse og økonomi, til å gjennomføre slike avtalar.

Bokn kommune greier seg godt sjølv vert det hevda. I dag er dette rett, men kva om vi ser framover? Slik som vist i utgreiinga er kommunen sårbar med omsyn til utviklinga i folketal og arbeidsplassar. Arbeidsløysa er høg og utdanningsnivået til dei busette på Bokn er lågt. Viss dei negative utviklingstrekk vert forsterka i åra frametter vil kommunen få problem med å oppretthalde dei tenestene dei har i dag mellom anna på grunn av reduserte skatteinntekter.

Slik som vist i denne utgreiinga, vil ei samanslåing med Tysvær ha både fordelar og ulemper. Det boknarane må gjere seg opp ei meining om ved ei folkerøysting er ikkje berre situasjonen i dag, men kva som blir utfordringane mange år fram i tida.

## LITTERATUR

- Bolkesjø, Torjus og Bent Aslak Brandtzæg (2005). Den vanskelige dialogen. Om innbyggerhøring og evaluering av forsøket på kommunesammenslutning i Valdres. Rapport nr 224 fra Telemarksforsking-Bø.
- Brandtzæg, Bent (2001): *Folks syn på kommunepolitikk og forvaltning før sammenslutningen av Våle og Ramnes kommuner*. Arbeidsrapport nr 10/2004 fra TF-Bø
- Brandtzæg, Bent og Geir Møller (2004): *Forbrukerrådets rolle i forhold til brukerperspektivet i offentlig forvaltning*. Arbeidsrapport nr 16/2004 fra TF-Bø
- Brandtzæg, Bent, Kjetil Lie og Asplan Viak (2006): *Å bygge en ny kommune! Erfaringer fra gjennomføring av fire kommunesammenslutninger 2004-6*. Under arbeid
- Frisvoll, Svein og Reidar Almås (2004): *Kommunestruktur mellom fornuft og følelser. Betydningen av tilhørighet og identitet i spørsmål om kommunesammenslutning*. KS og Norsk Senter for bygdeforskning.
- Klausen, Jan Erling (2004b): *Bindende lokale folkeavstemninger med folkelig initiativrett*. NIBR-rapport 2004:17
- Ot.prp.nr.41 (2000-2001): *Om lov om fastsetjing og endring av kommune og fylkesgrenser (inndelingslova)*.
- Startori, G. (1987): *The Theory of Democracy Revisited*. Chatman House Publishers.